

## Eitt steg fram og two tilbake

Av Lars Bjane Marøy

Magne Aksnes skreiv i Språklig Samling nr. 1.1992 m.a.: «Ei reell fri språkleg utvikling burde tilsi at språkradikale skribentar innafor begge språkleiarar blir oppmuntra til å drive aktiv eksperimentverksemd med siktet på å tøye rettskrivingsnormalane mot ein framtidig syntese - og det utan å verte hindra av konservative krefter i samfunnet. At ein slik syntese er mulig, viser ikkje minst framvoksteren av blandingsdialektar i byar og tettstader.»

Eg bit meg merke i ordleggjungi «framvoksteren av blandingsdialektar i byar og tettstader.» Det hev vorte til ein heller ålmenn synsmåte at lausrivingi frå nynorsknormalen hev gjeve seg uttrykk i eit blandingsmål. Blandingsmål vert assosiera med den sterke stellingi som dialektarne hev fenge her til lands, og då radt serleg dei bydialektarne som ligg nær upp til ei eller anna målform som folk i Språkleg samling kunde koma til å få interessa for. Leidande målfolk, til og med høgnorskfolk, hev til ein viss grad studt upp um påstanden om at dei norske målemni i bymåli hev vorte styrkte. Samnorsktilhengjarane vil vel i tillegg peika på at dialektarne i bygderne hev vorte likare dei radikale målformerne. I denne samanhengen vil eg tru det kann vera skilnader millom landslutarne. Det kann soleis vera grunnlag for ei meiningsutveksling millom folk frå ymse dialektumråde. Like fullt trur eg at den språklege utviklingi fylgjer visse sams vegar. Eg skal freista gje ra greida for den målutviklingi som ligg nærest på hjarta.

### Uppkløyning og perspektivløysa

Når ein snakkar um blandingsmål i dag, hev ein vel helst blandingi millom dei two skriftmåli i tankarne. Ei slik avgrensing umfattar ikkje det noriske daningsidealalet. Dei som snakkar mest um blandings-talemål, let ikkje til å vyrda noko større på det noriske daningsidealalet. Dei er glade til kvar gong dei trur det vert færre innanfor noriske målhopehav med noriske daningsidealalet. Dei reknar visst dialektbruken som det beste uttrykk for «folkemålet».

Talet på dei som soknar til det noriske målhopehavet ser like fullt ut til å vera tolleg stabilt. Medlemerne markerar ein elite, men det gjer deim ikkje naudsynlegvis til det Magne Aksnes kallar «konservative krefter i samfunnet». At avisor og blad er varsame med å lata dei radikale formerne i det noriske målet få koma fram, er vel m.a. fordi dei ynskjer å halda uppe eit upphøgd talemål - eit daningsidealalet. Lesararne vurderar skriftnormi utifrå estetiske oppfatningar av eit normaltalemål, og det same gjer dei som skriv. Dersom ein skal endra skriftmålet i avisor og blad, må ein også endra den måluppfatningi som lesararne

hev av å sjå former som ligg deira eige talemål nær. Sjølv meiner eg at Aksnes og mange andre hev feil innfallsvinkel. Det nyttar ikkje å gyva laus på det noriske målhopehavet med kvasse skuldingar um myrkeblå rangvilje. Det er avvulgærising og styrkjing av vanlege folks talemål som må vera eit siktemål for alle medvitne folkemålsvenner. Skal ein vinna fram i tevlingi med noriske, må ein lyfta fram klare tankar og fyrestellingar um kva som er eit godt norsk talemål, og kva som ikkje er det. Dersom eg tykkjer det er naturleg for meg å segja *høy* og *lav* i staden for *høg* og *låg*, so må eg ha ein studnad for det i det norske målet. Eg må få greida på kva som er god norsk. På same måte som ein som skriv noriske, og er i tvil um han kann skriva *tjukk* og *breid*, før rettleidning i det upphøgde noriske talemålet, må det norske daningsidealalet gjeva rettleidning. Det upphøgde noriske talemålet vil støyta ut *tjukk* og *breid*, sameleis som den høgnorske daningi vil støyta ut *høy* og *lav*. I byråkratisk og i framandgjort nynorsk mål vil me kunna finna døme av same slag som *høy* og *lav* som snik seg inn i det norske målet, samstundes med at samnorsktilhengjarar vil ha dei motsatte formerne av typen *høg/låg* inn i noriske. Det er upplagt at det norske målet manglar eit daningsidealalet. I dag er det noriske målet i uturvande grad ei skriftmålsnormering av bygdemål med mange og vilkårlege innflot frå noriske. Det er dét eg meiner med eit framandgjort nynorsk mål. Det stend ikkje for talemålskontinuitet, men for talemålsuppkloyming og perspektivløysa.

### Høgnorsk daningshorisont i byen

Eg meiner at Magne Aksnes gjer ein grunnleggjande feil når han seger det hev vakse fram eit blandingsmål i byar og tettstader. Feilen er at han godtek ein teori/idé um at det noriske talemålet i seg sjølv er eit uttrykk for norske dialektar. Eg hev all respekt for talemålsbruken til det noriske målhopehavet, men det upphøgde noriske talemålet var i utgangspunktet - og er vel enno i dag - i stor mun norsk uttale av dansk. Eg vil hevda at det noriske daningsidealalet ikkje hev nokon rett til å få styra over ei målutvikling som vil heita seg å vera reell og fri. Det noriske målet er eit mål for seg sjølv og vil vera det i all tenkjeleg framtid. Dei innfloti eller etterfari som det noriske målet set og kan koma til å setja i dei breide bytalemåli, vil soleis i mange og kanskje dei aller fleste tilfelli vera kunstige. Dei breide bymåli bør ideelt sett styrast av ei anna måldanning. Eg meiner at det høgnorske målet er det einaste målet som kann endra den estetiske daningshorisonten til byfolk.

### Utan høgnorsk daningsidealalet opnar me for riksmałsknot

Upphavet til at det høgnorske målet hev gjort krav på å representera nasjonen Noreg, er ikkje at målet kann brukast til å konstruera norske skriftmålsvariantar etter kvar einskild godtykkje. Sume samnorsktilhengjarar let like fullt til å tru at alle norske talemåls- og skriftmålsideal som ikkje er høgnorske, er meir naturlege, moderne og frigjorde enn høgnorsken. Ei grunngjeving for slike synsmåtar er at høgnorsken er gamaldags, unaturleg og underkuande. Det er upplagt at det er det høgnorske daningsidealalet samnorsktilhengjarane gjeng til å tak på, for dei segjer noko slikt som «det gjeng ikkje an å snakka slik». Når dei hev stigmatisera det høgnorske daningsidealalet, gjeng dei laus på skriftmålet.

Det som vert ein tankekross ved framgangsmåten til samnorskfolket, er at når dei riv vekk det høgnorske daningsidealalet, so riv dei samstundes vekk utgangspunktet for samnorskpolitikken. Dei let det noriske målhopehavet få ráda áleine. Det høgnorske målhopehavet, i den mun det finst noko slikt, hev vorte gjort til lått og løgje. Me kjänner vel alle til hådlege um enn humørfylte frasor som «steikje bokji» og «kvirsleis gjeng det». Me veit også at høgnorske folkemålsord som var dømde burt og vekk for mange år sidan, hev yverlevd. Framleis kann frigjorde dialektbrukarar nyitta moderne og naturlege folkemålsord, som so for så, *nott* for natt, *tonn* for tann, *trapp* for trapp, *gjeng* for går, *stend* for står, *fær* for får og meir slikt. Det er vanskeleg å forstå korleis høgnorske ord i dialektarne kann verta lovpriste som naturlege, moderne og frigjorde medan dei same ordi vert avviste som gamaldagse i nynorsk tale- og skriftmållssamanhang.

Eg trur slike paradoxar hev utgangsstoda si i at yme talemålsvariantar på Austlandet hev vorte rekna for å liggja innanfor den rette talemålsnormi for resten av landet. Difor hev sume austlendingar berre vilja akseptera den luten av høgnorsken som samhøver med deira riksdekkjande måluppfatning (som i røyndi kann vera nokso lokal). Det er talemålet *deira* som skal avgjera korleis det norske målet skal sjå ut, meiner dei. Det dei ikkje tykkjer å tenkja like mykje på, er korleis den dialektale daningsuppfatningi kann vera i andre lutar av landet. Når dialektarne på Vestlandet er lausrivne frå den nynorske målformi, tek dei inn målformer frå det noriske riksmalet - som *høy* og *lav*. Ein vestlending kann segja *slippa*, medan austlendingen kann segja *sleppe*. Når me tek vekk det høgnorske daningsidealalet som normdanar for skrift og tale, opnar me for miskyndt (ueinsarta) dialektalt riksmałsknot.

Frå s. 10

**Eit bymål kann tolkast ulikt**

Eg nemnde i innleidingi at samnorskfolk vil hevda at den málutviklingi me hev havt i nyare tid, lat meg segja etter 1970, hev førd til at målformi hev vorte meir samnorsknaer på bygderne. Eg skulde ha peika på tilhøve som syner at eit slikt synspunkt er rangt for Vestlandet sin part. Korleis det er på Austlandet og elles i landet, er eit interessant spørsmål, men det skal eg ikkje taka fyre meg her. Eg skal heller koma inn på utviklingi i bymåli.

I Bergens bymål av eldre dato (fyre 1970) finn me eit tydeleg innslag av høgnorske målformer som samsvarar med radikal norskdansk. Det heiter *sjuk, tjukk, laus, golv* og liknande. I vår tids bergensk heiter det fylgjestrengt *syk, tykk, løs* medan golv og gulv vert nytta um kvarandre. Dei norskdanske målformene hev vorte skubba fram under merke av å vera estetiske. Det hev bore til ei estetisk yverføring frå det norskdanske målhopehavet og til det breide bymålet. Det er grunn til å leggja merke til at det breide bymålet er eit talemål som dei bymållsnakkande hev eit suverent herredøme yver. Det finst knapt nokon som hadde lagt um frå breide bymålsformer til «dana» former på friviljut grunnlag. Det norskdanske målhopehavet hev dessutan aldri hatt lågare prestisje som normdanar i kultur- og nasjonsberande funksjonar enn i dei siste tjuge åri. Like fullt hev det skjedd ei estetisk yverføring frå det norskdanske målhopehavet til det breide bytalemålet! No er sjølvsgaht målsituasjonen i Hordaland sermerkt, av di dei som kjem til Bergen frå resten av Hordaland og Vestlandet ikkje so lett glid inn i dialekten. Det er stor skilnad på bymann og stril.

Eg trur like fullt at ålement er det gale å snakka um dei breide by- og tettstadmåli som blandingsmål. Det er vel heller snakk um ei tilmåting av dei breide talemåli etter den estetiske normi til det norskdanske målhopehavet. Det er nett det norskdanske målhopehavet og det målestetiske romfanget (kapasiteten) det sit inne med, som hev forma dei breide talemåli. So lenge skriftmålet i stor mun samsvarar med talemålet til ei gruppa menneske, vil born med foreldre som kjem frå landet/bygderne trenga undan folkemålsformer frå meir upphavlege dialektvariantar av dei breide by- og tettstadmåli. Nokre vil kannhenda undra seg når eg skriv at born med foreldre tilflytta frå landsbygdi vil trenga undar upphavlege dialektvariantar av bymålet. Det er sjølvgeve at eg ikkje kann prova dette. Det er ein påstand. Eg meiner at born med foreldre som kjem frå landet, hev ring kunnskap um korleis bytalemålet hev vorte snakka til no. Dei nye bymållsnakkande er

Meld deg inn i

**Ivar Aasen-sambandet**

*Ivar Aasen-sambandet er ein landssamskipnad som hev til fyremål å berga og dyrka det norske målet på heimleg norsk og norrøn grunn i samhøve med verket åt Ivar Aasen, varna det mot uppblanding, uppløysing og avgloyming, og trottugt arbeida for at det til kvar tid og på alle umkverve kann vera ein fullgod ordleidings-reidskap for nordmenn.*

Sambandet er ope for lag og einskildmedlemer.

Lagsfolk kann gjerne vera med i andre mållag.

**Lagsskatt for einskildmedlemer 1993 kr. 50,-.**

**Postgiro 0814 20 27 209**

Innmelding til kassastryren:

**Ivar Aasen-sambandet**  
v/Torolv Hustad  
Elvenesvegen 10 C  
5050 Nesttun

Tlf. 05-10 15 32

det truleg som syter for dei estetiske justeringane av det breide bytalemålet. So framt det norskdanske talemålet hadde vore eit daudt mål, vilde det ha vore uråd å gjera ei estetisk yverføring. Men i og med at det norskdanske målhopehavet er representera i alle byar og tettstader, vil dei som hev bygdemålsbakgrunn verta farga av denne daningsuppfatningi. Det er so å segja rom for å tolka eit bymål på mange ulike måtar.

**Brytingsmål**

No er det dessutan snakk um ei anna form for estetisk yverføring. Visse former av det breide bymålet vert forsterka av at det kjem til fleire bymållsnakkande med foreldre som talar eller hev tala eit bygdemål. I bergensk hev eg-ikkje-mål fenge høgare status. Problemet med ei slik forsterkande estetisk yverføring er berre det at so lenge ho fell saman med ei estetisk yverføring som gjeng i leid av det norskdanske målhopehavet, so vil ho aldri skapa eit samlande mål. Skal ein skapa grunnlag for eintydelege estetiske yverføringar frå norsk til norskdansk, må ein takla utgangspunkt i det høgnorske daningsideallet og det høgnorske målet. Bymåli og tettstadmåli er ikkje som Magne Asknes hevdar blandingsmål. Dei er å rekna for brytingsmål. Dei bryst millom ulike estetiske måluppfatningar.

**Islandsk bondeferd til Voss, Hardanger og Sogn**

Ei stor ferd av islandingar hadde ei fire dagars vitjing på Voss og i Hardanger i kvitsunnehelgi. Det var ei bondeferd, og godt og vel 100 islandingar var med. Dei reiste med eit Loftleidir-fly grytidleg fredag fyre kvitsunn og kom til Flesland kl. 8<sup>30</sup> morgen. Etter nokre timars upphald i Bergen førde two store bussar islandingane til Voss der dei budde på two yvernattingsstader. 3. pinsedag, tysdag, gjekk ferdi attende til Bergen med bussar, og etter nokre timer der bar det til Flesland der flyet venta.

Det var sers stor tilslutnad til denne Noregsferdi, og dei som var med, fekk i fyrste rekkja møta Vossabygdi, ei bygd som hev god klang på Island, ikkje minst av di so mange unge islandingar gjekk på Voss folkehøgskule i tidlegare år.

I programmet for upphaldet i Noreg var utferder i bussar. Ein dag gjekk ferdi til Ulvik i Hardanger, ein annan dag fekk islandingane møta Stalheim, Gudvangen og andre kjende stader i Nærøyfjorden i Sogn. Dei var òg innum bondegardar på Voss.

L.J.

## Då Norsk språknemnd vart inntvinga

*Utpeikingsmåte som likna NS-utpeiking under krigen*

**Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag**

Etter krigen var målarbeidet i Hordaland i ein uppbyggjingsfase. Sentrale målmenn både i uppbyggjingsarbeidet og i det målpolitiske ordskiftet var folk som Severin Eskeland, Ludvig Jerald, Sigurd Sandvik, Sigurd Eskeland og i serleg mun Hallvard Framnes. Framnes vart kalla for i-målgeneralen. Fyrre gjeng inn på dei ulike ordskifti, høver det med nokre biografiske upplysningar um Hallvard Framnes.

### Hallvard Framnes

I-målgeneralen Hallvard Framnes, fødd i 1888, døydde 25.10.1954 i ei sykkellulukka. Upplysingane um han er henta frå eit minneord av Ludvig Jerald i *Dagen* 27.10.1954. Framnes gjekk underoffiserskulen 1907-1910, tok studenteksamen i 1914, og vart verjepliktig offiser i 1914. Same året tok han lærarprøva, og i 1924 tok han språkleg-historisk embetsekksamen. Han gjorde fleire studieferder i utlandet, m. a. i England og Frankrike. Framnes vart adjunkt på Voss off. Landsgymnas i 1920, og lektor same stad frå 1925. Han tok avskil frå dette arbeidet 65 år gammal i 1953. Tidi etterpå skulde han etter segjande nyta til målarbeid. Han var styrar for den skriftnemndi som etter burtfallet gav ut soga um *Vestlandske Mållag 1904-1954*. Dei andre i nemndi som fullførde arbeidet med boki, var Severin Eskeland og Ludvig Jerald. Framnes kom med i styret i Vestlandske



Mållag i 1946, og vart formann i laget i 1948. Han kom med i styret i Noregs Mållag 1951. Framnes markera seg som ein onnug og sers velskula debattant både munnleg og skriftleg.

### Hjelpebøker med tradisjonelle former

Vestlandske Mållag tok opp det arbeidet som Gustav Indrebø hadde drive, med å få gjeve ut rettleidingsskrifter med tradisjonelle norskmalesformer. Jostein Krokvik skriv i *Mål og vanmåle* (1992): "Arbeidet med å få godkjend ei norsk bok med tradisjonelle former for skulen, ei parallel i-målsbok, vart teke opp på ny etter krigen. Frå Vestlandske Mållag drog

Hallvard Framnes saman med andre til statsråd Lars Moen. Men det vart nyt avslag." s. 103.

I *Bergens Arbeiderblad* for mandag 8. januar 1951 les me:

"Departementet har nekta løyve til å gje ut Gerhard Håland si lærebok i norsk med sideformer (i-forma). Skulestyrar h.v. (hev vore, L.B.M.) Severin Eskeland kom med harde hogg mot departementet og statsråd Lars Moen for dette. Denne nektinga er eit brot på føresetnad og lovnad, og vi burde gjera vedtak om eit ålvorsord, heldt Eskeland fram, og han hadde god von om det ville hjelpa."

Inger Indrebø Eidissen skriv i *Gustav Indrebø. Ei livsskildring* (1993), s. 235:

"Men Aschehoug og Co, forlaget som gav ut Norsk Grammatikk for Folkeskulen i 1940, den vesle boki som Indrebø streva so mykje med å få godkjend, kom med andre og tridje utgåva ubrigda i 1943 og 1947. I 1957 vilde dei på nyo ha ut boki, med same målsyn, men elles umarbeidd for ein ny pedagogikk: arbeidsskulen. Lærar Rolv Skre i Fana, som kjende Indrebø og hadde samarbeidd med honom, vilde våla um boki "i professor Indrebøs ånd" (brev 2/5-1957 til I.I.E.)

Men Indrebø-skriften vart seinka av arbeidet med ny rettskriving. I 1960 drog Helge Sivertsen di meir attende Hjelmtveit-rundskrivet frå 1939, som

Til s. 18

### Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein ring av korresponderande lagslemer som ynskjer å styrkja det nynorske skriftmålet i sitt "beste lag" (Aasen). I sjølve høgnorsknamnet ligg eit program. Ringen er med i Ivar Aasen-sambandet. Årspengar kr 50,-.

Skriv til: Høgnorskringen  
v/Vestmannen  
6143 Fiskåbygd

Postgiro 0803 4591343

**DAG OG TID**

Pilestredet 8  
0180 OSLO  
Tlf. 22 33 00 97  
Faks 22 41 42 10  
E-post: dagogtid@sn.no

**Verdas einaste  
riksavis på  
nynorsk**

Fra s. 17

hadde gjeve rom for i-målet i sume lærebøker - fritt etter Inger Indrebø Eidissen.

### Ordskifte um Språknemndi

Jostein Krokvik nemner i *Mål og vanmæle* at Ingeborg Hoff var til stades og tala på årsmøtet i Vestlandske Mållag i 1949. Han nemner og eit "vedtak" som årsmøtet gjorde på grunnlag av talen. Her skal me gjeva att heile den fråsegni som Vestlandske Mållag vedtok:

"Vestlandske Mållag vedtok på årsmøtet i Bergen laurdag 10. des. 1949 å senda denne fyreteljingi til Det kgl. kyrkje- og undervisningsdepartementet:

Årsmøtet i Vestlandske Mållag vil so sterkt det kan mæla imot at det vert skipa ei språknemnd etter framlegget frå fleirtalet i den fyrebuande nemndi.

Me meiner at framlegget til fyremålsparagraf, og likeeins til paragraf 4 og 7 er eit avgjort brot på vanlege demokratiske prinsipp. Det vert kravt at nemndmennene på fyrehand skal ha eit godkjent syn på "samarbeidet" millom dei to måli. Ei slik einsretting kan på ingen måte sameinast med den fridomen som vitksapsmenn og andre sakkunnige må ha.

Uppnemningi vert òg udemokratisk når departementet skal kunna velja og vraka nemndmenn.

Ordelaget "norsk folkemåls grunn" er uklårt og vert ulikt tolka. Det nynorske skriftmålet har alt frå fyrste stund vore tufta på folkemålsgrunnen, og må ikkje rivast burt frå dette grunnlaget sitt."

Brevet er underskrive av Hallvard Framnes og Ingvald Ryste.

12. desember 1949 hev *Bergens Arbeiderblad* (frå no BA) eit upprit frå årsmøtet i Vestlandske Mållag. Her fær me mange smakebitar frå den talen Ingeborg Hoff heldt i Vestlandske Mållag i 1949. Det var denne talen som var grunnlaget for fråsegni ovanfor. Hoff hadde vore med i ei fyrebuingsnemnd til Norsk språknemnd. Ho hadde sagt seg usamd i dei paragrafane som er refererte ovanfor m.m. Hoff trudde ikkje at språkvoksteren er so fri som mange vilde ha det til. Alt i folkeskulen møter borna tvang i og med at dei må læra å skriva eit mål som ikkje er likt talemålet. Hoff meinte at det må vera høvelegt å skipa til målakademi, eitt for kvart mål. Akademii må vera med å fremja måldyrking slik at både måli vert best mogleg. Dei må setjast saman av dei beste menn og kvinner - dei som kann målet best. Ho hadde ikkje tru

på at språknemndi vilde roma dei mest kunnige målmennene.

I uppsettet til den fyrebuande nemndi heitte det av kvar samskipnad eller institusjon skulde gjera framlegg um dubbelt so mange målsmenn som dei skal ha i nemndi, og so skulde departementet velja millom deim. Dette siste hadde Hoff svært mykje imot. Uppnorskingi må byggja nynorsken. Med dei retningslinone som fyrebuingsnemndi legg upp til, vil nynorsken tapa, meinte Hoff.

BA skriv at det er ein gamal regel at dersom ein hev rett på t. d. two målsmenn i ei departemeental nemnd, skal ein gjera framlegg um minst fire. Men det var det ingen kom inn på på dette årsmøtet. Dei trudde visst dette var eit nytt påfunn, skriv BA.

Trass i desse hoverande merknadene frå BA, kann me slå fast at Vestlandske Mållag ikkje var åleine um å kritisera uppnevningsmåten. Einar Haugen refererar i *Riksspråk og folkemål* s. 155 frå ei utsegn som Universitetet i Oslo kom med: "Det ble kritisert at departementet skulle ha rett til å peke ut medlemmer istedenfor institusjoner som ikke selv benyttet sin oppnevningsrett, og til å velge ut medlemmer og varamenn blant de utnevnte." Universitetet i Oslo var elles sers kritisk til tilnærningsformuleringane. Haugen viser til at liknande kritikk kom frå universitetet i Bergen og frå lærarhøgskulen. Ingeborg Hoff og Vestlandske Mållag stod ikkje åleine.

Når det gjeld tilnærningsparagrafen i retningslinone er det verdt å bita seg merkje i kva Kjell Venås skriv um den i Vestmannen nr. 9/1993: "Det er velkjent at programmet "tilnærming mellom dei to måla på norsk folkemålsgrunn" vart ein snåvestein for mange einskilde, for samskipnader og språkorgan og jamvel departement og regjering."

### Likskap med NS-styret

Hallvard Framnes samanlikna den uppnevningsmåten som fyrebuingsnemndi la upp til med nazistyret under krigen. Rolv Skre meinte at uppnevningsmåten var i strid med demokratiske prinsipp.

BA inndeiler eit ordskifte med formannen i Vestlandske Mållag. Det fall tydelegvis bladstyret tungt for brystet at Framnes samanlikna retningslinone for språknemndi med nazistyret under krigen. Bladstyret hevdar at det er naturleg at utnevningi til språknemndi skal skje med avgjerande utnevningsrett til departementet. Departementet må kunna

tryggja seg at dei som kjem med i nemndi er lojale til uppdraget dei hev fenge. BA hevdar at fleirtalssynspunkti må vera rådande i målspursmålet som i andre spørsmål, og Vestlandske Mållag brukar å vera flittige til å hevda maktpolitiske påbod, segjer BA vidare.

Framnes hevdar at det finst spørsmål som korkje kann eller skal avgjerast med fleirtalsmakt. Kjernen i demokratiet er vyrnaden for einmennet eller individet, og dimed for mindretalet sin rett, difor toler ikkje demokratiet nokor form for meiningsvang. Alle syn må få gjera seg gjeldande med den indre tyngd dei hev. Argumenti må vegast, ikkje teljast. Når ein politikar hev gjort seg upp ei meinung i ei sak, fell det naturleg for han å velja fagmann utifrå hans eige politiske syn, og ikkje utifrå objektive umsyn. I målspursmål må fagmannen gå fyre politikarane same kor glup politikaren enn måtte vera.

Det er lang tradisjon for å lata dei glupaste måldyrkarane få styra målvoksteren. Å sleppa dei hagaste fram er eit viktig demokratisk prinsipp, hevdar Framnes. Ivar Aasen, Marius Hægstad, Lars Eskeland, Nikolaus Gjelsvik, Gustav Indrebø, Olav Aukrust og Jens Tvedt er døme på dei beste i norsk målreising. Ingen av desse kunde ha late seg binda på ein slik måte som språknemndi legg upp til.

Nazistane einsretta organisasjonar og institusjonar. Dei sette inn folk som hadde det rette synet og vraka alle tillitsvalde. I samband med språknemndi held ein formelt på demokrati. Folket skal ha sine målsmenn, men i realiteten er det berre dei som er samde med topp-politikarane (mitt utrykk, L.B.M.) som fær sleppa fram. Kvar vert det av representasjonsretten til samskipnader og institusjonar når departementet kann yverprøva dei same samskipnade og institusjonane og peika ut andre målsmenn enn deim dei sjølv vil ha? Representasjonsretten er eit sentralt demokratisk prinsipp, hevdar Framnes.

### Avrundingsord

Her hev me berre kunna koma inn på nokre av dei mest umdiskuterte spørsmåli knytte til skipingi av Norsk språknemnd, og til det arbeidet Vestlandske Mållag gjorde med å gjeva ut hjelpebøker med tradisjonelle former.

Or Tuftekallen 19/3-1997:

## Noregs Mållag og Vestmannasynet

Av Lars Bjarne Marøy

Tuftekallen hev fylgt Noregs Mållag med interessa. Mållaget hev arbeidt med og arbeider med å forma ut nyt prinsipp-program. Drystingsemni i mållaget er kor stor vekt ein skal leggja på dialekt kontra normaltalemål, um ein skal arbeida for nynorsk til einaste riksmål og kva andre saker enn dei reint målpolitiske mållaget skal engasjera seg i.

Tuftekallen reknar normaltalemålsspursmålet for eit ovviktigt prinsipielt punkt. Utan evna og vilje til å normera talemålet sitt endar altfor mange målbrukarar med å verta utsette for eit dialektrov. Bokmålet fær kjøreretten, medan nynorsken må retta seg etter vikepliki.

I prinsipp-programmet til Vestmannalaget heiter det: "Me meiner det er rett mot oss sjølve og mot alle å gjera det som gjerast kann til å berga norskdomen, og me trur at alle nordmenn hev same skyldnaden til å vera med på det. Norskdomen er uløysande knytt til det norske målet. Difor må nordmennene ikkje for nokon pris sleppa dette målet ned."

Det vert vist til idealet frå dei norrøne māli når standarden for det norske målet vert sett. Det er målrøktarsynet som er vestmannasynet. Det er normaltalemålet som skal til.

Vestmannalaget vil dessutan streka under den nasjonale reisingi som ligg i målreisingi. Norskdomen i vestmannasynet er knytt til at me er norske i kraft av det norske målet. Øyder me norskdomen gjenom å øyda målet vårt, vert me mindre medvitne andsynes oss sjølve, men òg andsynes andre.

Vestmannalaget arbeidde heilhuga imot samnorskideologien. Samnorskideologien sette statsteknokratismen yver den vitskaplege fridomen til å forska i samsvar med si eigi yvertedyng. Vestmannalaget trengst til å fremja fridom og toleranse. Når ein kar i Språkleg Samling kunde segja at han ikkje hev noko imot i-målet, berre imot dei som brukar det, då trengst det eit Vestmannalag som ser meir romsleg på nynorske målbrukarar. Når ein målmann talar um landsdelssvik i målvegen når nokon nyttar høgnorskformer, då treng me Vestmannalaget til å legitimera desse formene i bøker og blad. Når ein annan målmann siterar Bjørnson som sa at "Dannelsen udgår fra Vestmannalaget" for deretter å segja at sidan hev daningi gjenge ut av Vestmannalaget, då treng me lysingi for Vestmannen i Dag og Tid, slik at kven som helst kann få sjå at daningi framleis

finst i Vestmannalaget.

Når folk hev spått at Vestmannalaget skulde koma til å døy i meir enn 40 år av di det berre er gamlingar i laget, då treng me alle dei gamle og nye medlemene som trufast møter upp på møte etter møte, og som etter kvart må vera rusta til tennene med kunnskapar både um høgnorsken og nynorsken, men òg um dei mest mangslungne emne elles.

Me trengst til ei motvekt når kjende målmenn som Gustav Indrebø og Nikolaus Gjelsvik vert sette i breidd med diktatorar som Stalin og Hitler. Dei same som trekker inn diktatorane vil kunna forsvara samnorske yvergrep frå statlege rettskrivningsnemnder, Språknemnd og Språkråd med at dette hev ført til demokrati i målvegen!

Indrebø og Gjelsvik som kjempa for åndsfridom og toleranse hev vorte stempla av målteknokratar og andre for å vera autoritære og reaksjonære. Medan dei statlege målteknokratane hev skapa ei målstoda som hev gjort Noreg til eit fyregangsland, skal det heita seg!

Dialektrovet til den norskanske bokmålsida er derimot eit prov på noko heilt anna. Det er eit prov på at Noreg ikkje hev makta det som m.a. Færøyane, Island, Israel og Finland hev greidt, nemleg å reise eit eige nasjonalmål. I Noreg hev innetrengjarspråket dansk vorte tilflikka til eit slag upphøgt normaltalemål for ein elite. Dette er ein raritet. I alle land ein kann tenkja seg, vil innetrengjarspråket normalt vera ståande ubrigda, medan det heimlege språket vert uttrengt. Alternativet er at heimespråket vinn.

Det er ovleg viktig at me legg vinn på å dyrka språket vårt munnleg og skriftleg. På bokmålsida gjer folk dette stødt og jamt. Men so vil kritikarane segja til oss at det er meir enn målet som skal til um me skal vinna fram med målsaki. "De vestmenn er so upphengde i målformer at de gjev blaffen i å驱a praktisk målarbeid", hev sume hevda. Alle som kjenner litt til Vestmannalaget, veit at dette ikkje er sant. Ei onnor sak er det at me berre maktar å gjera mykje mindre enn det me gjerne vil.

Me vestmenn vil yvertedyga folk um at dei kann vera fulltrygge på det norske målet. Når "intellektuelle" nynorskbrukarar byrjar å vakla på det dei meiner er forsvarleg å få gjenomført, då stend Vestmannalaget fast. Me let oss ikkje knebla av det som er politisk korrekt eller av det som er rådande tidsstraumar. Kvar gong nokon vågar å halda på det norske målet i norskanske møtelydar, vinn me ein siger. Kvar gong det norske

målet vert rekna for det vanlege bruksmålet, gjeng me eit steg fram. Kvar gong me gjev det norske målet kjøreretten, er me og målrørla på rett veg. Det norske målet kann ikkje gjerast til ein kasteball innanfor politiske og idehistoriske rørlor. Men både politiske og idehistoriske tilnærmingar kann gjeva den einskilde målmannen kveik til å nyttå målet.

Vestmannalaget trur ikkje det er råd å normera ordtilfang frå statleg hald. Ord må dyrkast. Difor må me halda på med å få fram det norske målet gjenom folkeboksamlingar og bokhandlarar. Me må dyrka talemålet vårt i lag og lyd. Me meiner at mållaget må stella seg avvisande til å lata Språkrådet få tura fram med statsterrorisme og åndstyranni. Det er på tide at folk byrjar å tenkja. Det er når folk skynar at det må drivast målrøkt og setjast målkrov til bokmålspressa, og at feige bladmenn som som ikkje torer å nyttå nynorsk i alt dei skriv, må oppmodast og tilskundast - det er då målsaki gjeng fram. Folk må vera misnøgde med det rådande tilstandet fyrr dei gjer organisert motstand.

Det nynorske normaltalemålet er med på å reisa motstand. Nynorske ord og former reiser motstand. Det var organisert motstand frå nynorskhalde som fekk staten til å slå inn på samnorsklinna. Denne tynningslinna må pressast attende. Målrørla må dyrka målet og aldri lata staten få styra med slike ting. Tuftekallen skulde her ha sagt noko um korleis han ser på ordskiftet i mållaget. Vestmannalaget og Tuftekallen stend fritt, og frie vil me vera. Noregs Mållag er bunde både av tradisjon og av ulike meiningsfraksjonar. Likevel vonar me at mållaget vil føra ein meir norskmaalsvenleg politikk i tidi som kjem.

Lars Eskeland:

### Norsk Formlaera

Den kjende og høgskatta norske grammatikken attkomen i fotografisk utgåva. Fin hjelpebok for dei som vil skriva god norsk. Berre 24 sidor. Lett å lesa, lett å læra. Kr 35,- medrekna porto

Bankgiro 6504.05.10804.

Norrmalaget Bragr

V/Lars Bjarne Marøy

Eliasmarken 14

5034 Ytre Laksevåg

# Samnorskstrev - ord og røynd

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

Her skal me konsentrera oss um korleis samnorskfolk hev sett på målstriden. Vanleg i målsogeframstillingar er å skildra riksmålsreaksjonen, serleg på 1950-talet, utan å dryfta kva som førde til at dei konservative bokmålet vann fram og er dominerande i dag. Ein kjem gjerne med forklaringar av ymse slag, men problematiseringane stend ikkje i samsvar med den sterke reaksjonen frå den norske side. Ein kjem ikkje med nokon plausibel grunn for at bokmålet stod imot eit sterkt statleg press. Ein skuldar på at riksmållsida hadde pengemakt og høve til å få gjeve ut skrifter på si målform, men det hadde riksmållsida lenge fyrr det vart snakk um samnorsk, og trass i dette greidde nynorsken å veksa og ekspandera.

I nynorskklægeret var det vanleg å skulda høgnorskfolk for bokstavpirk. Dei for åt som riksmålsfolki, vart det sagt. Dei var bakstrevarar. Alf Hellevik hev gjort greida for kor han såg på målstoda etter krigen: "Frigjeringsoptimismen og den sterke fellesskapskjensla som krigen og okkupasjonen hadde skapt nordmenn mellom, prega også synet på våre språklege tvistesporstmål. I alle fall var det tilfellet hos oss yngre filologar. Vi vona og trudde at eit tillitsfullt samarbeid skulle jamne eller løye dei språklege overgangsvanskane og på litt lengre sikt fore oss fram til eit samlande norsk mål. Vi hadde ei sterk tru på at samarbeid og felles måldyrking skulle avlyse eldre tiders kraftydande og ufruktbare målstrid - ja faktisk var målstriden slutt."

Me skal her merka oss at Hellevik er interessert i å legitimera arbeidet sitt i språknemndi. Han sat i fylrebuingsnemndi som forma ut mandat og utnemningsmåte for nemndi; han var formann i språknemndi i fire periodar<sup>2</sup>, og dessutan skreiv han soga for språknemndi i ei tid då riksmålsreaksjonen hadde vunne sigrar på alle frontar og hausta vinstar gjennom Vogt-nemndi. Det er naturleg at han freistar å leggja serleg vekt på det som han trudde var ålgjengne synspunkt då han starta arbeidet i språknemndi etter det mandatet han sjølv hadde sett opp. Di meir kritisk ein byrjar å sjå på Helleviks rolla, di meir må det undra at han ikkje ser seg grunn til å koma med mottankar mot den rådande samnorsk-ideologien som han refererer til.

På målsida vart det gong på gong ordskifte um rettskrivingsspurstmål, og tilrådingi frå fylrebuingsnemndi til Norsk språknemnd var sterkt umdryft. I

fylrebuingsnemndi hadde Hellevik med seg fyllfattaren Tarjei Vesaas som på denne tidi var vel femti år. Vesaas var ikkje filolog. Han hadde folkeskule og eit år på folkehøgskule. Eirik Vandvik (1904-53) var filolog med latin til hovudemne, men han var ikkje å rekna for serskilt ung. Ingeborg Hoff (f. 1911) derimot var ung og aktiv motstandar av dei samnorskankane som Hellevik målbart. Hellevik fekk soleis ikkje studnad frå nordisk filologhald millom målsmennene for nynorsk. Utneiningi av Hellevik til målmann for Samlaget til språknemndi, skapa eit mosetnadsfullt ordskifte på two årsmøte i Samlaget i 1952 og i 1953. I Noregs Mållag stod rettskrivingsspurstmål heilt sentralt på mest alle landsmøti frå 1950 til 1957.

Hellevik skildrar tidi i Studentmållaget i Oslo på 1930-talet i eit intervju i bladet Språknytt i 1979: "Studentmållaget var i desse åra ein møtestad for politisk og språkleg radikal og reformvillig ungdom både frå nynorsk-sida og bokmållsida". Hellevik sat i ei nemnd som var samd i grunnanken i rettskrivingsframlegget til rettskrivingsnemndi av 1934.

Hellesvik slår fast: "Her må ein nok dessverre stå fast at utviklinga ikkje har gått slik som vi vona og trudde. Samarbeidsviljen og fellesskapskjensla som vart styrkt i krigs- og okkupasjonstida varte ikkje så langt inn i etterkrigstida - heller ikkje når det galdt våre uløyste målspørstmål. Eg kjenner elles ikkje grunn til å distansera meg frå ungdomstidas språksyn og arbeidsmål.."

Hellevik konstaterar altså i 1979 etter 20 års fartstid i språknemndi og 8 års fartstid i Norsk språkråd at samnorsk-ideologien som han vedkjende og framleis vedkjänner seg til og som dana grunnlaget for all norsk språkplanleggjing fram til Vogt-nemndi, ikkje hadde god nok grorbotn. Likevel heldt Hellevik fram med å fylgja samnorskideologien m.a. gjennom formannsposten i Norsk språknemnd.

Men korleis såg andre Oslo-folk på samnorskideologien?

Edvard Os var i etterkrigstidi målkonsulent i statsadministrasjonen. Han sette um skjema og skulde syta for at jamstellingi millom måli vart fylgd upp i praksis. I samband med dette laut han også koma inn på rettskrivingsspurstmål. Her gjeld det likevel berre prinsipielle rettskrivingsspurstmål. Han hadde lov um målbruk i offentleg tenesta som utgangspunkt, men det viktige

samnorskvedtaket som Stortinget gjorde i 1934 var framleis gjeldande. Vedtaket innebar tilnærming millom målformene. Vedtaket var dessutan styrkt gjennom rettskrivingi av 1938 som opna opp for ei større tilnærming millom målformene enn det som var mogleg i 1934, då det var rettskrivingi av 1917 som var utgangsstad for rettskrivingsval.

I 1947 skulde målkonsulenten Edvard Os leggja fram ei nærmare rettleiding til lov og fylresegner um målbruk i statstenesta. Fyrst han la fram utkastet for kyrkjedepartementet, samrådde han seg med Olav Midttun, Knut Liestøl, Einar Breidsvoll og brørne Johs. og Nils Lid, og visst nok eit par karar til, skriv han. "Serleg hårdfint granska og drøft vart 'ålmenn rettleiting' i rettskriving og målbruk. Det fall oss tungt for brystet å gje desse konsesjonane til bokmålet, for vi hadde då alle i si tid med eld og glød hevdva prinsippet um nynorsk til einaste riksmål i Noreg. Men konsekvent lojalitet mot stortingsvedtaket i 1934, og full rettferd til både sidene, kravde denne ordlyden i ei ålmenn rettleiting om målbruk i statstenesta. Lengre går ikkje desse forskriftene. Det var ei god trygd for statsråden at eg kunne leggja utkastet fram med upplysing om at nett desse karane hadde drøft og godkjent det for sin parti."<sup>3</sup>

I rettleidingi heiter det: "Når det er høve til å velja mellom liketydige og likeverdige ord eller vendingar, bør ein i bokmålet mest mogleg velja ord og vendingar som fell i hop med eller ligg nynorsken nærest, i nynorsk det som fell i hop med eller ligg bokmålet nærest."<sup>4</sup>

Her ser ein klår uvilje mot samråringi. Ho er i strid med tanken um nynorsk til einaste riksmål. Denne tanken let ikkje til å eksistera i Helleviks språklege normsett eller i orienteringskrinsen hans. I motsetnad til Os med felagar hev Hellevik eit einsidig positivt syn på samnorsk-ideologien.

Lars S. Vikør peikar på at innanfor Noregs Mållag var det mange syn på rettskrivingsspurstmål på den smånorske sida. I mållaget kunde ein finna "[...] store miningsskilnader, frå radikale samnorskfolk til konservative målfolk som ville ha slutt på rettskrivingsstriden for å få samla målrørsla, og som derfor godtok 1938-rettskrivinga som eit faktum."<sup>5</sup> Hellevik må her segjast å vera målmann for dei mest samnorsk-huga i mållaget. Han ikkje

Til s. 11

Frå s. 10

berre aksepterte rettskrivingi av 1938. Han vilde fremja endå sterke tilnærming.

I intervjuet i bladet Språknytt i 1979 greider Hellevik ut um hovudskiljet i norsk språkstrid slik han ser det: "Hovudskiljet i språkstriden går no som i trettiåra mellom på den eine sida nynorskbrukarar og på den andre sida dei som held fast på bokmålet. Og på tvers av denne skiljelina går skiljet mellom dei i begge språkleirane som er villige/uwillige til å gi avkall på nokre innarbeidde språkvanar for å oppnå ei gradvis tilnærming mellom måla."

Uteifra Helleviks framstelling kann me dela målfolki i two: dei som er viljuge til å gera målet sitt likare bokmålet, og dei som held seg til tradisjonelle former. I tillegg til desse two gruppene kjem høgnorsktihengjarane som ikkje vil bøygja seg for nye rettskrivingar. Strategien til samnorsktihengjarane vert twoleda. Fyrst fær dei godkjent sideformer som er bokmålsnære. Deretter syter dei for at desse formene vert hovudformer. Då kann dei segja at dette er gjeldande rettskriving, og dei kann kriminalisera dei som held fast på ei tidlegare rettskriving. Dei er gamaldagse. På 1930-talet fanst det fleire samnorskvenlege forfattarar som nyttar former som seinare skulde koma inn i rettskrivingi av 1938. Men på 1950-talet var det munaleg mindre å spora av den slags. Likevel kom det ei drastisk endring ved rettskrivingi av 1959. -lig vart lovleg sideform til -leg, utan at det kann segjast at -lig var i sterk frammarsj. E-infinitiven kom inn som jamstelt form, trass i at a-infinitiven hadde stade sterkt fram til 1959.

Etter dei hovudskilji som Hellevik set upp millom ulike målaktørar, må ein segja at 1959-reformi var langt frå ei gradvis tilnærming millom målli. Ein må kunna segja at samnorskdreiingi på nynorsksida vart mykje for sterke. Alf Hellevik som var andsvarleg talsmann for den nynorske sida, før snøggare fram enn det ein hadde grunnlag for millom målfolk flest, jamvel millom dei som godtok rettskrivingi av 1938. Den svært samnorskvenlege lina til Hellevik kunde utan tvil ha vorte justert i den lange tidi han var ei verksam kraft i Norsk språknemnd.

#### Tilvisingar:

1. Hellevik, Alf og Lundbye, Einar (red.), 1964: Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for Norsk språknemnd 1952-1964.
2. Same stad, s. 48.
3. Os, Edvard, 1961: Bøygen. Utgjeve av Noregs Mållag, Oslo.
4. Same stad, s. 78.
5. Almenningen, Olaf, o.fl., 1981: Måleising i 75 år, s. 213 og 214.

## Dikt av Inge Krokann

Inge Krokann:

DIKT

Ved Ingeborg Donali og Ragna Bjørkum  
Dølaringen Boklag, Lillehammer, 1996

Diktsamlingi til Inge Krokann (1893-1962) kom på Gyldendal i 1947, ei innhaldsrik bok på gode 180 sidor. I 1996 kom diktsamlingi i fotografisk avprint på Dølaringen Boklag på Lillehammer, med eit tillegg på kring 40 sidor einskilddikt som hev vore prenta i blad og i prosabøker. Alt i alt hev det no vorte ei diktsamling på 224 sidor. Ragna Myrstad Bjørkum, som dverre nyleg fall burt, og Ingeborg Donali hev på vellukka måte stelt med utgåva, det var dei two som i 1993 gav ut jubileumsoski "Augo ser så mangt" då det var hundrad år sidan Inge Krokann vart fødd. Dei hev samarbeidt med Solrun Krokann Berg, syster til Inge Krokann.

Krokann, fødd i Oppdal, høyrer til dei store i nynorsk bokheim. Bøkene *I Dovre-sno*, *Gjenom Fonna* og *På Linfeksing* stend på trygg nynorsk klassikarpllass. Boki *Blodrøter* (1936) hev kome i fleire upplag; boki byggjer på den illgjetne Heltne-saki, ei av dei stygge rettsmordsakene som landet dverre kjenner fleire av. I Heltne-saki fekk den dømde eit slag uppreising av Stortinget lenge etter han var komen i gravi!

Diki til Krokann femner vidt i innhald og emne. Det er lett å koma i hug Aukrust-ordi "frå det lokale til det universale" - frå det nære kringværet til allheimen. Som "Songen hinna Magnill" på Oppdals-mål, og "Lyft våre augo" der diktaren kjem inn på Nordahl Grieg, Peter Rokseth og Karel Capek. Det heiter i sluttlinone:

Og lyft  
våre augo til klåringsbrget,  
til medvets oversyn  
du Opphavsånd  
som i skapings morgon  
kløyvde kaos med med himmelsk lyn.

Mange vil ha smak for diki på heimemål. I "Sen vår" møter me våren :

Og så ein dag kom plogen  
med grågjæs over skogen  
fløgja'nd.  
Og sia blå-stri'm over Langvella'ln,  
og synnavi'ndn søgja'nd.

Hjå Krokann møter me ofte naturlyrikk. Men ikkje sjeldan skriv han monumentale dikt til namngjevne personar. I "Seks akrostikon" hev han dikt til m.a. Tore Ørjasæter. Akrostikon er dikt med namn eller setning innlagd i fyresbokstavane i verslinone:

Tyriot i Noregs skaldeskog,  
Opp or aur og skriu-lende skoten,  
Rein og malmen inn i dagen göten  
Etter skiringsgang i beiske høgfellssjog:

Øydde tiders sevjestraum og sol-eld  
Rann i løynde åre-strenger inn  
Jord-gøynd varme ifrå merg til yte  
Alltid gjenomølja grunnen skrinn,  
Skein i døkke natt med stendig skirsla glo,  
Ævetonen jalmia med sin bundne ljod  
Tungt i malnne grjotet innetrengd.  
Etter løysings lange stunding  
Rivna natt for elden innestengd.

Diktmålet til Krokann er ikkje einskapa. Diki på bygdemål hev ein eigen sjarm, og elles finn me både i-former og a-former, mest det siste. Fleirtalsformer av linne hokynsord hev vanleg o (stjernor/stjernone). Ikkje sjeldan finn me dativ, som nok framleis stend sterke i mange bygdemål enn i skriftnynorsk. Den ofselege målblandingsagitasjonen etter krigen verka kanskje inn på jamvel ein stor, sermerkt og sjølvtrygg forfattar som Krokann. Meiningane hans um nynorsken kom fram i ei serfråsegn 23.4.1936 som gjekk gjennom Norsk Måldyrkingslag til Kyrkjedepartementet. Fråsegni er ikkje med i diktboki, men Krokann heldt på i-form til sideform, og vilde ha visor/visone til hovudform, jamstelt med visur/visune. Han vilde ha j etter k og g til eineform (byggja, tykkja); godtok kløyvd infinitiv, men gjekk imot e-infinitiv.

Dølaringen Boklag og dei two redaktørane hev gjort ei god gjerning med å senda ut att diki til Inge Krokann. Den store boki er rimeleg, kr 120,-.

Jostein Krokvik

#### Andre folksrett

Den som best skjønar sitt eige folks nasjonale liv og krav, han vil òg lettast skjøna andre folks rett til å leva sitt liv. Sann nasjonal forståing skapar samkjensle folkia imellom, skapar dessutan nyansar i kulturlivet, fargar over tilværet og rikdom for kvarandre.

Asbjørn Øvrerås i Haalogaland 1950

## Målsak og media

Av Lars Bjarne Marøy

Korleis skal me forstå målsaki i samtid i vår? Me kjem ikkje utanum at målsaki må setjast opp mot ein større bakgrunn. Altfor sjeldan hev målfolk evna til å samla soga um norsk mål i ei manande framstelling. Målpolitiske ordskifte er i mangt i ferd med å koka ned til ei meiningsløysa. Det kann vera mange grunnar til den målpolitiske ørkenvandrangi. Eg vil freista syna nokre samanhengar.

For um lag 150 år sidan var Noreg prega av ættekulturen. Med ættekultur her meiner eg munnleg yverlevering frå far til son og frå mor til dotter. Sambandet millom ættledene var viktigare enn bokleg lærdom. Kulturberarane trong ikkje vera serleg bokkunlige. Det kunde heller vera menneske som hadde stor evna til å hugsa og gjeva att visor og forteljingar og som kunde bera dei vidare. Bodskapane i denne kulturen trong ikkje gjeva seg ut for noko ålement.

Di viktigare den skriftlege kulturen vert, di meir endrar den folkelege meiningskapingi seg. Mot slutten av 1800-talet kjem dei store samskipnadene, og folk frå ulike landsluter byrjar å få trong til å finna samlande identitetsdrag i litteraturen. Aasen, Garborg, Sivle Bjørnson og mange fleire skreiv songar og dikt, og Elias Blix skreiv salmar. Dei var med på å skapa ei ny kulturfrem. Litteraturen kunde spreidast meir og meir etter kvart som dei nye ferdagreidone vann fram (ordet ferdagreidor er nytta av Arne Bergsgård - kommunikasjonsmiddel). Snart kom avisone fram til dei minste og mest avsides-liggjande lutene i landet. Samskipnadene vart verkty for saker med ålment innhald, som kunde få ei endefram tyding. Til dømes kunde kravet um 8-timars arbeidsdag verta målbore med grunngjevingar som ættekulturen aldri kunde ha kome fram til. Det naturlege utifrå samfundsbygnaden i ættesamfundet vilde ha vore å godtaka dei rådande samfundstilhøvi som dei var. Men den nye mediestoda gjorde det gjennomførleg å samla interessene til meir og mindre vanlige folkegrupper.

Målrørsla vokser fram i brytingi millom ei utviklingsleid som kann knytast til den gamle ættekulturen og ei utviklingsleid som kann knytast til det nye samfundet med store nasjonale samskipnader. I den gamle ættekulturen låg det mykje av eit utsilingssystem. Straumdrag utanifrå trong lang tid på å gro inn i ættekulturen. Den boklege litteraturen i Noreg var langt på veg ein samllitteratur med Danmark. Bøkene til "dei fire store" vart prenta i Danmark, og vart lesne i Danmark, utan at dei vart umsette. Etter kvart som litteraturen vart eit viktigare medium, vart det klårt at dansk språk ikkje rømde dei kjenslemerkte verdiane som låg i den folke-

lege ættekulturen. Det førde til at dei som tidlegare kunde ha vorte kulturberarar i ættesamfundet no i staden vart målmenn. Dei lyfta seg fram gjenom det skriftlege mediet. Skriveevna avløyste forteljeevn.

Skriftmediet var utgangspunktet for ei ny meiningskaping. Bøker vart tilgjengelege for ein stor krins lesarar. Litteraturen skapa sakte, men med stor truverigskap ein nasjonal likskap eller identitet. Um folk flest ikkje las so mykje finnlitteratur, so merka dei at språket var i rørsla på mangfaldige vis. Dei kom i tettare hopehav med folk frå andre landsluter som nytta norskrøtt dialekt.

Endå klårare vart stemnelina i språket gjennom eit munnleg medium som radioen. Radioen var med på å skapa ei form for upersonleg talemållsamhandling. To personar kunde snakka saman på radioen nett som folk flest vilde ha gjort det, men samstundes skulde dei ytra seg på vegner av alle i nasjonen. Flosklar som å ytra seg *for kongeriket eller for heile folket eller på vegner av det norske folket* eller liknande, er ikkje tome. Det norske målet konsolidera seg gjennom det normera talemålet i radioen.

Målutviklingi i Noreg førde til at bygdene jamt yver hadde eitt skriftmål og byane eit anna. Det vart skapa eit gap i litteratursoga som den norske sida ikkje kunde finna seg til rettes med. Dersom den norske sida skulde halda opp sambandet med Danmark, vilde målmennene kunna gjera krav på ein norsk tradisjon som ikkje hadde funnest fyrr. Men på same tid var både den høgnorske og den norske litteraturen bundne til den norske samkjensla, endå um litteraturforskaran hev freista å sjå bort frå mykje av hopehavet med Danmark. Litteratur som var skiven av danskar i Danmark var ei næringskjelda for mange forfattarar, og eventyri til H. C. Andersen vart like mykje folkeeiga i Noreg som i Danmark. Dessutan må me heller ikkje gløyma at det danske målet i Noreg var mottakeleg for ord og uttrykksmåtar frå det danske målet i Danmark. Den sameiga som ligg i det, kann me sjå når me samanliknar ordgodset me hev sams med Danmark med ordgodset me hev sams med Sverige. Svenskane hev eit repertoar av ord som er heilt ukjende for både danskar og nordmenn.

Det munnlege talemålsidealet vart ein viktig lekk i nasjonsbyggjingi. Det munnlege skulde formidla det skriftlege som vokser fram. Men den nynorske skriftformi var ikkje fast innarbeidd, og i målrørsla var folk som hadde sers ymsande meininger um den skriftlege utformingi av målet. Det førde til uvissa um talemåls- og skriftmålsuppfatningi. Det var oppfatningi

av kva nynorsken var, som kunde yvertida folk til å velja nynorsk. Det var ikkje det dei sjølve kunde presta av målbruk. Nett oppfatningi av det ålmenne språket var ein del av uppbrotet frå ættesamfundet. Tidlegare hadde det ålmenne språket vore uinteressant, for det var ikkje den viktigast kulturfommidlaren. No hadde det ålmenne språket vorte ein del av av den rolla som den einskilde samfundsaktøren skulde fylla.

I møtet mellom by og bygdekultur fekk den norske målstoda mykje å segja. Byen, som var i sterkt vokster fram til um lag 1970, stod for eit måldanningsideal som var eit kjenneleg brot med ættekulturen og den folkelege yverleveringstradisjonen. Folk av bondeætt kom inn i ein ny måltradisjon når dei vokser upp i byen. Dimed vart det skapa kunstig avstand til det høgnorske målgodset, og ein falsk næreliek til det tradisjonelle norske. Det norske målet kann gjera slutt på den kunstige avstanden ved å representera eit røyndom som byfolk kjenner seg att i. Utan at det norske målet representerar by og land, vert målsaki ståande i stampe. Målrørsla må gjera folk merksame på den nynorske litteraturen og på den meiningskapingi han stend for. Samstundes må det normerte talemålet verta presentert for byfolk. Ein må sameina ættekulturen med det norske målet, og det norske målet må sameinast med bylivet i notidi. Då får nynorsken meining. Då kjem det litterære samlivet med Danmark på eit nytt plan, og me kann verta merksame på dei kulturelle verdiane som den danske luten av samllitteraturen gav oss. Mange av oss treng verta meir kulturmavitne. Me treng å verta meir kritiske til den nasjonsbyggjingsideologien som hev merkt delar av norsk soga.

Sume riksmålsfolk synest stundom tru at me målfolk vil setja skylappar på oss og ikkje bry oss med annan litteratur enn den nynorske. Det er sjølv sagt ikkje rett. Me må velja ut nynorsk litteratur i mange tilfelle, um me skal halda opp evna til å skriva nynorsk. Men det er nok eit mål for mange, i allfall for meg, å lesa so mykje norske litteratur som mogeleg. Dimeir nynorsken greider å taka opp tankestoff frå den norske litteraturen, di høgare vert umdømet og det åndelege verdet til det nynorske målet. Og når ein fyrst hev å hug for noko, spelar målformi ei underordna rolla, difor er det ein rikdom å gjeva ut nynorske bøker som folk på den norske sida får hug til å lesa. Den rikdomen eig norskeken jamt yver so mykje av at den nynorske sida kjem til kort.

# Berre eitt folkemål

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag


Umgrepet folkemål hev vore sterkt umdiskutera i etterkrigstidi. Fyre krigen vart vel *folkemål* stort sett rekna for nokolunde einstyndande med nynorsk hjå svært mange. Me skal ikkje gjeva oss inn på nokon gjenomgang av alle dei uttolkingane som er gjevne av umgrepet. Me skal heller freista å kasta ljós yver kvifor folkemålsumgrepet hev vorte so tilfloka.

I dei fleste delane av landet finst ulike sosiolektar innanfor ein og same dialekt. Mange um ikkje dei fleste bygdemåli hev rett nok ikkje ulike sosiolektiske avbrigde, men dei ligg likevel ofte under for eit press frå nærmaste tettstadmål. Det språklege presset som bymåli og tettstadmåli legg på bygdemåli mange stader, kann vera like vidfemnande som den breide sosiolekten i byane vert utsett for frå den normera sosiolekten.

Målbrytingi millom ymse geolektar og sosiolektar gjer folkemålet til eit samansett og innfløkt umgrep. Det som vert rekna for folkemål skal like fullt helst vera slikt som vik av frå det norske talemålet. Det norske daningsidealet, slik det vert sett opp av leidande krefter i den nynorske ålmenta, vert rekna for ufolkeleg. Alle avvik frå dette idealet med tilknyting til det breide talemålet i kongriket, er soleis folkemålsformer. Dersom ein nordlending, ein trønder eller ein bergensar som snakka dana talemål i formell samanheng, skulde koma til å nyttre folkemålsord som *no*, *då* eller liknande i vanvare, vil det vera eit folkemålsinnslag, for formene er ikkje i samsvar med det uppsette idealet.

I prinsippet vil alle innslag frå folke- målet vera jamlike. Men målnormeringi som skal representera det norske folke- målet, vil i praksis vera ein slags upphøgd dialekt som gjer språkstoff i målkrinsane til underordna sosiolektar. Former som ikkje er tillatne i lærebøkene og som elevane hev i talemålet sitt, vil verta brennemerkte og få lågare status i formell tilknyting. Ord som *millom*, *gjeng*, *fær*, *stend he(v)*. I sume tilfelle pressar verbformer som *tar*, *tatt*, *gir*, *gitt* seg inn, i utettervend tilknyting, i staden for *tek*, *teke*, *gjev*, *gjeve*.

Dagsens offisielle nynorsk hev ikkje noko klårt og eintydig daningsideal, difor vert former som kann stå sterkt i talemålet på den einskilde staden trengde undan av



Lars Bjarne Marøy

den skriftlege normeringi. I norske landsskrift er det umvendt; her hev den landsfemnande talemålnormeringi teke vare på dei klassiske formene. Når ei form i det norske målet hev kome ut or bruk, er det gjerne fordi målbrukarane hev slutta å bruka henne, ikkje fordi læreboknormalen hev vorte endra.

Dersom ein person med ordformer i talemålet som *me*, *hjå*, *so*, *millom* skal tala norsk, kjem han ofte til å nyttre dei nemnde ordformene vanvares. Bråvergangen til ei ny måluppfatning og eit nytt talemål vil verka kunstig. Det minner um eit bokmålmenneske som freistar snakka eit bygdemål eller som freistar å taka opp folkelege former. Det gjeng so lenge ein tek eitt steg i gongen og so lenge ein tek umsyn til dei estetiske motsetnadene som finst millom folkeleg og normalisera talemål. Bokstavrett uttale eller manglande evna til å bruka fonetiske detaljar som rulle-r, tungespiss-r eller skarre-r, kann derimot gjea at heile etterlikningi vert patetisk, og den som skal snakka framandmålet fell attende til sine gamle målvana.

Bygdefolk som er uppvaksne med det norske målet, og som seinare vert heilt eller halvt underlagde den norske måluppfatningi, vil koma i indre strid. Bur dei lenge i byen, kann bygdemålsformer som *me*, *hjå*, *so*, *millom* slipast ned til *vi*, *hos*, *så*, *mellom* i sume tilfelle. Det vil verta ein sosial variasjon millom ulike former. Men bygdemålsformene vil sjeldan eller aldri gå heilt ut av bruk.

Riksmalet hev eit innarbeidt talemålsideal for dei som vil bruka det. Riksmalet hev eit formverk som fær verta nyttre fylgjerett i skriftmålet rett og slett fordi mange nordmenn ser på den norske målet

måluppfatningi som det einaste uttrykket for dei ovringsane som eit nasjonsspråk skal dekka, og fordi dei målpolitiske styremaktene hev gjeve løye til at riksmaletsformene skal kunna nyttast. Det nynorske daningsidealet fær ikkje ovra seg like fritt av di den samnorskpolitiske måltyningi hev gjort ulovleg fleire levande målfører som var og er knytte eit nynorsk talemålsideal.

Kann me atterreisa eit nynorsk måldaningsideal og få nynorske talsmenn til å praktisera eit høgnorsk talemål, då gjev me norske målsformene ei framdrift. Di fleire norske målsformer som vert ståande i målet til innflyttarane frå bygdene, di klårare vert den norske måluppfatningi til byfolk. Når bygdefolk knotar av tilnøydsia eller berre av jáleskap, er det fordi dei ikkje hev ei sterkt nok evna til å hevja den norske kulturen. Kor ofte er det ikkje slik at den og den frasen som du hev hørt i ein norsk song, eit skodespel eller liknande vert so mektig at du ikkje tør nyttre eit anna norsk ordlag i staden. Det skal kraft og utveljingsvilje til for å tildeigna seg det norske måldaningsidealet gjennom kulturlivet.

Skal du læra deg det nynorske målet fullt ut, lyt du først lesa og velja ut det beste frå nynorsk skrifttradisjon. Deretter lyt du lesa og eigna til deg alt det som du hev lyst til å lesa, anten det er på norsk eller nynorsk. Me lyt gjea nett det same på målsida som riksmaismennene hev gjort på si. *Me lyt vaksinera oss mot påverknad frå den andre målformi*. Når samnorskvenene er so rause med riksmaissida at dei gjev riksmaissida rett til å bryta med samnorsken, fær dei finna seg i at målfolket òg byrjar å syna ulydnad andsynes styremaktene. Det er i alle fall ikkje målfolket som hev skuldi for at samnorskpolitikken ikkje vann fram.

Det er ingen grunn til at læreboknormen skal fungera som eit løynt makt-språk som tyner dialektane i kjerneområdi og elles, og som skapar motsetnader millom dialektane der dei skulde stå samla. Det kann berre finnast eitt folkemål, og det må vera ein generalnemnar for dei norske dialektane. So lenge høgnorsken vert bruka, vil denne målformi vera folkemålet. Dei fleste andre former for nynorsk vil berre ha element av folkemålet i seg. Dei vil liggja ein stad millom det høgnorske folkemålet og dialektane.

W 5. 95

# Kan målrørsla uppnå måljamstelling?

Av Lars Bjarne Marøy, formann i Vestlandske Mållag

På komande årsmøte skal Noregs Mållag vedtaka nytt arbeidsprogram. Det nye arbeidsprogrammet vil prioritera jamstelling høgare enn skulemål. Jamstellingsarbeidet skal vera den viktigaste uppgåva framover, slær programframlegget fast. Arbeidsprogrammet sluttar seg til prinsipprogrammet til Noregs Mållag; der heiter det at laget skal: "...arbeide for dialektbruk i alle samanhengar og for at folket samlar seg om og tek i bruk det nynorske skriftmålet".

Etter at Olav Randen, leidaren i Noregs Mållag, la fram programutkastet, hev det gienge eit ordskifte kring prioriteringi mellom skulemålsarbeid og jamstellingsarbeid m.a. i Dag og Tid. I Norsk Tidend nr. 1/95 strekar Olav Randen upp korleis han vil gå fram i jamstellingsarbeidet. Han set opp tri fasar: I den fyrste fasen skal Mållaget samla inn dokumentasjon yver nynorskprosenten innanfor ymse samfundsumråde. Denne informasjonen vil han spreida i flogblad og avisor. I den andre fasen skal målfolket samla seg um å krevja målparagrafar i samskipnder, lag og i andre institusjonar. I den tridje fasen skal jamstellingskravet veksa fram ved at målfolket tvingar igjenom målparagrafar. Det skal føra med seg at staten vert tvinga til å betra jamstellingi m.a. gjennom ei ny mållov.

I ordskiftet i Dag og Tid hev Randen møtt kritikk først og fremst frå Anders M. Andersen. Andersen meiner at skulemålsarbeidet er avgjerande for å få nynorsken inn andre stader. Andersen meiner at målrørsla hev kome på offensiven dei siste 20 åri av di ho hev samla seg um å ha skulemålsarbeidet til yverordna arbeidsuppgåva. Å umprioritera no vil føra til tilbakegang i skulen. Då vil målrørsla vera meir lettsårleg andsynes riksmålsagitasjonen, meiner Andersen.

Andersen peikar dessutan på at skulemålsarbeidet er den viktigaste måten å få brote målstengslone i byane på. Igjenom skulemålsarbeidet i byane kann me snu gamle fordumar um at bymål er norskdansk. Jamstellingskrav vil gjera at Mållaget kjem på offensiven i dette arbeidet.

Andersen meiner vidare at arbeidet for jamstelling vil *veikja* siktet målet um nynorsk til einaste riksmalet. Andersen meiner at Mållaget må krevja meir nynorsk og *berre* meir nynorsk. Fyrst når folk vel nynorsk mange stader i landet, vil staten gjeva oss jamstelling.

Den tidlegare mållagsleidaren Marta Øverås Falch meiner at Mållaget må intensivera skulemålsarbeidet m.a. med å betra uppskuldingi av lærarane og journalistane på journalisthøgskulane.

Mållagsstyret hev vorte kritisera av dei som fryktar at skipnaden med skulemålskrivar vil verda veikt. Mållaget hev òg vorte kritisera fordi jamstellingsarbeidet ikkje hev vorte konkretisera.

Randen hev svara at jamstellingsarbeidet er viktig fordi målrørsla hev ein nederlagsstempel yver seg som gjer at mållaget ikkje får god nok utteljing med skulemålsarbeidet. Randen meiner det finst u-utnytta krefter i målrørsla som kann nyttast på ein betre måte. Jamstellingsarbeidet vil kunna kveikja eit breidare engasjement innanfor målrørsla, og gjera det lettare å føra skulemålsstrid. Randen meiner dessutan at det gode målpolitiske verlaget i dag bør nyttast til å kjempe fram meir nynorsk på ymse samfundsumråde.

Dette er berre ei stutt framstelling av ein sentral del av ordskiftet um utkastet til nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag. Vestlandske Mållag hev fylgt denne delen av ordskiftet.

\*

Andersen M. Andersen hev ein interessant teori um at målrørsla hev kome på offensiven att p.g.a. at skulemålsprosenten hev stabilisera seg og jamvel auka noko. Men eg trur det er umvendt. Då målrørsla kom på offensiven på 70-talet og seinare, vart det råd å gjera noko med skulemålsprosenten. Tiåret 1965-1975 førde med seg ei rad endringar som hev gagna målrørsla. Fleire nynorskbrukarar fekk t.d. tilbod um vidaregåande upplæring innanfor nynorskommunar. Tidlegare måtte mange reisa til ein bokmålskommune for å få eit slikt tilbod. Det kom distriktskular, dei tri fyrste i 1968. Dialektlinja byrja å vinna fram m.a. fordi nynorskbrukarar og andre fekk større sjølvstilling, trass i at dei laut flytta og busetja seg i eit nytt miljø. Dessutan kom Norsk student- og elevmållag, som seinare vart til NMU, tidleg på 1970-talet. Målrørsla fekk høye til å odla fram aktivistar, og den målpolitiske aktivitetten voks. Desse og fleire andre faktorar trur eg hev vore med på å hjelpe fram den stabilisering av skulemålsprosenten som me hev sett dei siste 20 åri.

Skulemålsprosenten er den viktigaste måten å få brote ned målstengslor i byane på. Eg er samd med Andersen i at skulemålsarbeidet i byane er svært viktig. Men me treng å føra ein breidare strid enn berre i skulen. Det Randen legg fram som den andre fasen i NT, er å få alle typar samskipnader til å vedtaka ein målparagraf. Me får ikkje 100 prosent nynorsk yver alt med ein gong. Då må det no vera betre at me freistar å pressa målprosenten so langt upp som me

kann.

Dette fører fram til Andersens argument um at me må ha meir nynorsk fyrr me kann legga press på staten. Her ser Andersen ut til å dela oppfatning med Randen. Men dei vil nyttja ulike strategiar.

Østerås Falch meiner at me må intensivera skulemålsarbeidet gjennom å betra uppskulding/utdaningi av lærarar og journalistar. Det vil ikkje vera dumt å arbeida for at læreplanane ved lærarhøgskulane og journalisthøgskulane skal taka umsyn til nynorsk. Men det er grensor for kva ein kann uppnå gjennom eit slikt arbeid. Nynorsken må vinna fram utanfor skulen òg.

Olav Randen hev argumentera med at Mållaget treng framgang på ein breidare front enn i dag. Han hev truleg eit poeng i at målrørsla hev resurspersonar som kann nyttast i ein strid for måljamstelling innanfor ei rad institusjonar. Men det gjeld meir enn noko anna å motivera folk til å argumentera for jamstelling. Jamstelling er, slik eg ser det, eit rettferdskrav um like tevlingsvilkår for nynorsk og norskdansk. Dessutan eit krav um at samfundsinstitusjonar i prinsippet nyttar like mykje nynorsk som norskdansk. Grunngjevingane for jamstelling er i mange tilfelle dei same som grunngjevingane for nynorsk til einaste riksmalet. Professor Kåre Lilleholt meiner det er fire grunngjevingar for materielle jamstellingskrav som hev gienge att: *sosiale argument, nasjonale argument, identitetsargument og tvokulturargument*.

\*

Det hev synt seg at der både måli er likt representerte, der vert det ofta språkfred, for målbrukskular vert vane til kvarandre og lærer å akseptera kvarandre. Men Randen legg opp til eit mødesamt arbeid, og det spørst um målrørsla hev aktivistar nok til at arbeidet kann lukkast. Studiearbeitet bør truleg aukast munaleg, og ikkje minst må Randen kunna visa at jamstellingsumgrepet kann fyllast med eit innhald som ymse grupper innanfor målrørsla vil gå god for. Vestlandske Mållag vil legga serleg vekt på å fylla jamstellingsumgrepet med nasjonal argumentasjon, og me vil dessutan legga vekt på at nynorsk og norskdansk er likeverdige målformer.

Randen hev vorte kritisera fordi han let til å yvervurdera kva ein kann uppnå av måljamstelling andsynes styremaktene. Og det er eit veikt punkt, men Randen viser til at målrørsla er ei sentral og stor kraft som styremaktene må taka umsyn til. Mykje vil stå på um målfolket sjølv vil slutta upp um Randens politikk.

# Um normering av nynorsk ordtilfang

AV Lars Bjarne Marøy

Helge Sandøy hev ein artikkel i siste nummer av «Språkleg Samling». Sandøy skriv um normeringi av nynorsk ordtilfang. Han tek utgangspunkt i faglege utgreidningar um frekvensen av tradisjonelle nynorskord i nynorske bøker og blad. Den eine utgreidangi gjeld tidbolken frå 1974-1994. Den andre gjeld visst nok innslaget av sume bokmålsord i tekster som vart skrivne etter at bokmålsordi vart godkjende av dei statlege normeringsskipnadene. Sandøy nyttar Magne Rommetveits ordlista til å finna ut kva slags ord som tevar um å verta nytta. Det kann verka som ein freistnad på å demma upp for kritikk frå dei språkradikale målmennene dette. Ei openberr innvending frå dei språkradikale er at Rommetveits ordlista som regel gjev upp langt meir enn berre eitt avløysarord eller ei umskriving. Sandøy fører berre upp eitt tradisjonelt nynorsk ord og eitt nytt bokmålsord. Eit døme er ordet *antyda* der Sandøy fører upp avløysarordet *ynta*, medan Rommetveit hev 15 andre umskrivingar.

Eg skal ikkje kommentera sjølv tekstu, men halda meg til dei innleidande drøftingane og konklusjonen. Sandøy tek upp two argument som vert nytta av dei som er kritiske eller avisande til å føra bokmålsord inn i nynorsk. Er no eigenleg



argumentet um å taka vare på dei norske ordi relevant? Folk nyttar *krets* og *løfte* i hjartespråket sitt, seger Sandøy.

Det andre argumentet gjev Sandøy att som påstanden: Tradisjonelle ord døyr, dersom ein tek upp nye bokmålsord. I avslutningsdelen meiner Sandøy at han hev peika på moment som talar for at dei hevdunne norskmaalsordi stend seg nokso bra. Nynorskbrukarane er stort sett lojale mot den nynorske normeringstradisjonen, meiner Sandøy.

Sandøy argumenterer for å taka upp fleire ord frå bokmålet. Han meiner at

bokmålsordi skapar språkleg variasjon, utan at hevdunne ord gjeng ut av bruk. Det er vel gjerne eit noko trøngsynt synspunkt Sandøy hevdar her. Han hev berre sett opp eitt avløysarord for mange av dei bokmålsordi han hev med på lista. Når det finst 15 avløysarord for eitt ord, som *antyda*, skulde ein ha flust upp å velja imillom. Men dersom ein vil skapa inntrykk av at bokmålsordi er heilt naudsynte i nynorsk, må ein segja at denne framstellingsmåten er beint fram forvitneleg. Utgangspunktet for ein slik modell er truleg Alf Helleviks «fornorskingstillegg». Sandøy kjem med nokre døme på at bokmålsord hev kome inn i framandgiord og friliberal brytingsnynorsk og skapa større tydingsvariasjon. Dersom bokmål berre hadde *antyda* og nynorsk berre hadde *ynta*, var det kannahenda meinig i at både ordi skulde vera med i nynorsk. Men det finst minst 15 avløysarar til.

Sandøy meiner at dersom nynorsken slepper til fleira bokmålsord, vil bokmålet ha lettare for å taka upp i seg språkstoff frå nynorsken. Ei rimeleg tolking av det Sandøy segjer, kann vera at dersom bokmålsord kjem inn i nynorsken, vil bokmålsbrukarane lesa bokmål og nynorsk på same måten. Då vil dei nynorske ordi verta nytta i tilknytingar der dei er mest råkande, og glida inn i bokmålet. Å ettervisa ein slik tendens i språkutviklingi kunde gjerne verta emne for ein ny artikkel frå Sandøy? Men det vil vel vera naturleg å rekna med at det finst meir enn eitt nynorsk avløysaralternativ til kvart bokmålsord. Dei mest medvitne målbrukskarane hev truleg gjort god bruk av meir enn eitt avløysaralternativ når dei hev ført nynorsk og bokmål saman på konservativ norskdansk målgrunn. Den kulturinnsatsen som motmennene våre hev utretta, hev gjort sprangen frå norskdansk til moderne høgnorsk mykje mindre.

Det skal takast umsyn til folket um målsaki skal vinna fram, vil mange meina. Dei språkradikale er ikkje noko undantak i so måte. Avslagsmannen Sandøy hev peika på målbruken i bøker og blad i artikkelen, men i den avsluttande konklusjonsdelen nemner han den «folkelege tradisjonen». Korleis han kunde tenkja seg å definera denne tradisjonen, er uvisst. Det er nok ein skilnad millom målbruken til skuleelevar i skulesituasjonen og i private samanhengar, og samanhengen millom

**mållog makt**

- \* Mål og Makt er tidsskriftet åt Studentmållaget i Oslo
- \* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
- \* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1995
- \* Nr 4/94 har kome:

## Språk, identitet, nasjonalitet og EU.

Harald Berntsen, Thomas Hylland Eriksen, Kåre Lunden, og Øyvind Østerud om **nasjonal og europeisk identitet**.  
Gunvor Lande, Olav Randen og Kjell Venås om **språk og EU**.

- 
- Send meg M&M nr. 1-2/94 A.O. Vinje 176 år, 40,-
  - Send meg M&M nr. 3/94 Terminologi, Talemålsutvikling, Trøndsk målreising, 25,-
  - Send meg M&M nr. 4/94 Språk, identitet, nasjonalitet og EU, 25,-
  - Eg tingar 1995-årgangen for 90 kr.

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

Send åt: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 Oslo  
Tlf: 22 36 40 43 Faks: 22 36 40 68

Dag og Tid

Frå s. 12

den nynorsken som folk ser på prent og den dei sjølve skriv, kann variera sterkt. Nokon samla og eintydeleg tradisjon finst ikkje. Alle slags bokmålsord kann ha vore nytt, og hev truleg vore nytt. Den einaste normeringskjelda og det einaste vernet for dei nynorske ordi, hev vore nynorsken i bøker og blad, og taalemåltradisjonen på den einskilde staden.

Sandøy meiner at ei opning for bokmålsord vil gje det lettare for nynorsken å koma politisk på offensiven. Med ein meir konsekvent folkemålpolitikk vil ein gjeva språkbrukarane sterkare tillit til sitt eige språkgrunnlag. I kjerneumrådi hev det vel knapt vore vanskeleg å vinna fram med nynorsken trass i purismen. Det var først på 60-talet at sume skulefolk byrja å verta redd for den nynorske purismen. Ein kann no forresten verta livredd for framtid til nynorsken når ein les fornorskingstillegget til Alf Hellevik. Skal det vera um å gjera å pugga nynorske glosor eitt ord um gongen, er det grunn til å gløyma alt det friviljuge tilnærningsarbeidet som den norske sida hev ytt. Å arbeida med avløysarord må innebrara å utvida det språklege ordtilfanget, ikkje å snøra det inn til eit minstemål. Høgnorsken hev språklege rikdomskjeldor fordi språket inneheld heimleg språkstoff som aldri tryt, med mindre ein byrjar å verta redd for å nytt det.

Det er no elles rare at all slags diskriminering av nynorskbrukarar som fører til at skrivande målmenn kjem til å taka i miss, eller kjem i beit for norskrotte avløysarord, skal premierast av Språkrådet. Var det ikkje betre um Språkrådet og dei statlege styremennene gjorde meir til å fremja jamstellingi millom målformene enn å tapa seg heilt vekk i purismespursmålet? Det verkar som vonløssa og avmaki i målreisingsarbeidet er stor millom leidande målfolk i det nynorske ålmenne romet. Det kann synast rimeleg når me tenkjer på alle hindringane som denne gruppa av nynorskbrukarar møter. Men det er liten grunn til åtru at fleire vil velja nynorsk dersom det nynorske ordtilfanget i bøker og blad brigdar seg.

Den sokalla dialektreisingi hev ført til at mange nynorskbrukarar skriv ei slags samanfloking av eigne dialektformer og tvangsformer frå ordlistenormalen - eller bokmålsord som aldri hev vore med i nokon offisiell nynorsk. Dei let vera å nytt nynorskord av di dei er redd for at dei skal verta mistydde eller brennemerkte som Aasen-romantikarar eller liknande. Dialektreisingi hev ikkje ført til at nynorskbrukarar hev fenge hug til å taka upp nynorskformer frå dialekten sin. Snarare tvert um. Målreisingi byggjer

Olav Lavik:

*SERENADE I SEPTEMBER**Forum Forlag, Bergen, 1994*

Askøy-skalden Olav Lavik sende til siste jol ut ei ny diktsamling. Han kallar boki *Serenade i september*, og undertittelen er *Skisser og strofer frå Ask*. Dette er tridje året på rad det kjem diktsamling frå Olav Lavik, den mangslungne skalden, ålvorsmannen som også kan leika seg lentugt og med fin humor når han - som han stundom hev gjort i Bergens Tidende - kallar seg Malvin Multemyrmoen. Og denne Malvin er so vidt med i denne nye samlingi. I diktet *Når det doggast* er Olav Lavik saman med denne namnebroren sin. I siste verset heiter det:

*Eg og gamle Malvin Moen,  
me hev sett so mang ei natt!  
Og då tek me oss ein go' ein -  
før me gjeng og legg oss att ...*

Denne september-serenaden er elles stort set merkt av undring yver livsens gåtor og av filosofiske spørsmål, og ikkje minst av gode minne. Han leikar seg lett i versekunsti, Olav Lavik, han minnest, og han undrar seg. Ja, han fær oss til å undrast og tenkja når me les.

Dette er bok nr. 15 frå Lavik. Dei fleste er diktboeker. Lat meg nemna nokre titlar frå den nye bok: *I natt eg drøymde, Eg hadde ei rolle, I Myrkdalen, Ved Olav H. Hauges død*. Og so *Tonen*, eit stemningsdikt fylt av ljose minne. Her kjem dei two siste versi frå det diktet:

*Denne tonen, dette lende,  
denne blonde, svale ro -  
og den gleda som eg kjende,  
ter seg for mitt minne no.*

*Men eg grundar med' eg grånar:  
Kva er sant? At alt forgår -  
Eller finst bak bleike blånar  
tonen frå min tapte vår -*

Og til døme på korleis Lavik kan hylla ein kvardagens slitar tek eg med eit vers frå eit minnedikt han skreiv i 1956:

*Han var ein tagal, trugen træl,  
var merkt av småbruks-slite -  
som krøkjer både kropp og sjel,  
når det gjev att so lite  
at folk lyt stødt i åket gå -  
um ikkje naud skal banka på  
når markene ligg kvite.*

Ludv. Jerdal

rettesnor for det målet dei les. Då vil nye unormerte former dukka opp. Det spelar ikkje nokor yverordna rolla um det gjeng snøgt eller sakte. Hovudsaki er at det skjer, og det giv grunnen endå meir vekk under måljamstellingi. Og måljamstellingi er so undergravi at det er gale nok frå fyrr.

**DAG OG TID**  
Filestredet 8  
0180 Oslo

Telefon: 22 33 00 97  
Telefaks: 22 41 42 10

**Verdas einaste riksavis på nynorsk!**  
Partipolitisk ubunden vekeavis med brei kultur-dekking og fingeren i jorda.

# Betre med nynorsk. Men kva so?

Av Lars Bjarne Marøy

Studentar som brukar nynorsk til juridisk embeteksamen skriv gjenomgåande betre enn dei som brukar bokmål. Det sa Johan Giertsen til Bergens Tidende i sumar. Giertsen er fyrsteamanuensis og hev vore sensor både ved universitetet i Bergen og ved universitetet i Oslo.

I samband med utspelet presisera Giertsen at det først og fremst er den språklege framstellingi som nynorskelevar meistrar betre enn bokmålselevar. Ein nynorskelev som hev like gode kunnskapar som ein bokmålselev, vil få best karakter i dei fleste tilfelli. Det er sjeldsynt at det er umvendt. Men ein bokmålselev som hev betre kunnskapar enn ein nynorskelev, vil sjølvsgå få betre utteljing. Nynorskstudentar set fleire punktum, brukar færre innskotne tilleggssetningar og rasjonerar meir med uturvande ord enn bokmåsstudentar. Framstellingi vert meir aktiv og tydelegare. Det fører til at nynorskuppgåvone vert betre. Giertsen rår bokmåsstudentar til å skifta hovudmål.

Ein leidarartikel i BT fylgjer opp med å spryja um det kann tenkjast at nynorsken framleis er meir fyndig og fargerik og frodigare og meir klisjefri enn det utvatna bokmålet. Er det ikkje slik at dei beste juristane i samfundet hev nynorskbakgrunn? Undrar leidaren seg.

Økonomistudentane kann òg ha gagn av å høyra på Giertsen, meiner avisas Skriftspråket til studentane på NHH hev vore fatigsleg, og språket til næringslivsleidaran hev heller ikkje vore noko å skryta av, slår avisas fast.

Tidleg i haust kunde BT mælda um nynorskvinnd ved den kristelige privatskulen Danielsen. Skulen hev havt tilbod um nynorskundervisning i ein tiårsbolk frå 1982 for elevar som hev havt nynorsk hovudmål i grunnskulen. Nynorskundervisningi hev vorte gjevi i ei serskild klassa, og uppslutnaden um henne hev vore skiftande. I år hev det vore ein stor auke i uppslutnaden um klassa. Fleire bergenselevar hev meldt seg, og det er i alt 33 elevar som ynskjer nynorskundervisning.

Nynorskklassa ved Laksevåg gymnas hev vorte eit referansepunkt for sume etter det store medieuppstusset som dette tiltaket fekk. Fyre skulestart vart det snakka um å skipa til ei ny nynorskklassa ved Laksevåg gymnas, men pressa hev ikkje meldt noko meir um denne saki.

## Frå heimssoga:

*Her kjem andre bolken um Balkan-folki or verdssoga åt Steinar Schjøtt, 1883.  
Tirettelagd for Vestmannen av Gudmund Harildstad.*

## Folki på Balkanhavøy II

Av Steinar Schjøtt

Tallause flokkar av ville folk hadde under folkevandringarne herjet Balkan-havøy: avarar, gothar, hunnar og vandalar, og truleg hev leivningar av desse blandat seg med dei folk, som budde der fyrr. Umkring år 630 kalla den greske kjeisaren slaviske folk til hjelp mot avararne, og dei busette seg i den nordvestre enden av havøyen, Serbia, Kroatia, Bosnia, Herzegovina, Montenegro og Dalmatia. Slaviske folk hadde busett seg i Bulgaria òg, fyrr bulgararne vandrad inn, og laut gjeva seg under dei, men slavarne heldt på målet sitt, og bulgararne tok etter målet deira og talar no slavisk.

Slavarne breidde seg ut sunnanfyrr Balkan og radt ned i Grekenland og trengde fyr ei stund grekararne undan, men etterkvart laut dei gjeva seg under det greske kjeisardømet og taka den gresk-katolske trui, og mot slutten av det 9de århundradet hadde gresk mål og kultur vunnet på slavarne sunnanfyrr Balkan.

Serbia kom òg under det greske kjeisardømet, men gjorde sg fritt i 1043, og sidan vart Serbia eit megtigt rike, og hadde i midten av det 14de århundradet lagt under seg Makedonia, Albania, Thessalia, Nord-Grekenland og Bulgaria. Sidan kom riket i forfall, og i 1459 tok tyrkarne landet og drog 200 000 menneske med seg og gjorde dei til trælar. Ifyrstningi av dette århundradet reiste endeleg serbarne seg under szerni Georg og fekk seg ei sjølvstendig styring med ein fyrste, som dei valde sjølve, og eit Storting. Liksom Moldau og Vallakiet laut Serbia betala skatt til tyrken og hjelpa med soldatar.

Montenegro var ei fjellbygd med djupe skard, tronge dalar og høge fjell, innpå 8000 fot høge. Detta landet høyrdet fyrst til Serbia, men sidan vart det eit tilhelde fyr serbar og andre kristne, som laut røma for tyrken; her kunde aldri tyrkarne vinna med dei, og Montenegro heldt seg heile tidi fritt, so lite det var (umkring 100 000 menneske). Jamvæl kvinnurne var med og slost mot tykarne, og ein montenegrinar vart vond når nokon sagde til han: «Skyldfolket ditt hev døytt i engsi si».

Albanararne er ættad frå dei gamle illyriske og epirotiske folk, som budde der i dei eldste tiderne. Dei er nærskyldde med grekararne og budde umkring i Makedonia og Thessalia og Albania. Helvti av dei var muhamedanarar; hine var gresk-katolske elder romersk-katolske. Dei var våpendjerve karar; forfedrarne deira hadde i forntidi slepest under kong Pyrros og voret fárlege motstandarar mot romararne.

Då tykarne lagde det greske kjeisardømet under seg, slost albanararne under Skanderberg i mange år mot den tyrkiske yvermagti. Då den tyrkiske sultanen bad han yvergjeva sverdet sitt, svarad han, at då laut han vel senda armen sin òg, som bar det. Endå liver hans namn i folkevisurne, og det stod slik age av han, at janitsjararne bar beinflukar av han, då dei trudde dei skulde få siger av det. Albanararne er no ikkje stort onnorleids, enn dei var i millomalderen, og mange av dei er røvarar. Umkring året 1820 hadde ein albanar, Ali Pasja, sett seg opp mot tykarne og heldt lenge ut imot alle dei tyrkiske herarne, som sultanen sende imot han.

Or «Fraa 1815 til 1830. Eit stykke av heimssoga», s. 73-75. Kristiania 1883.

Etter Steinar Schjøtt ved  
Gudmund Harildstad

Dei pedagogiske og praktiske fyremunane hev stade i framgrunnen for dei utsprælt som hev kome til no. Og det er sjølvsgå di betre, di meir yvertydande og openljose fyremunane syner seg. Men den ideologiske oppfylgjungi hev me sétt lite til. Utan at slike grunnar vert dregne fram, kann det synast lite meiningsfullt å jubla yver framgang for målsaki. Det er karakteristisk for stoda på målsida at det er talsmenn frå den norske sida som er frontfigurar for målsaki. Me vestmenn vil hevja fram dei sosiale og dei nasjonale gunnane for eit målskifte. Me meiner at høgnorsken bør få rett og rang for seg att. Då vil det norske fleirtalet i landet få betre innsyn i det høgnorske folkemålet og brytingsmåli i kongeriket. Det fær våga seg at det er tungt å skulla arbeida for ei røynleg målreising. Den kulturelle vinsten med å reisa eit folkeleg tildriv for målsaki, er so stor at det er verdt bryt. Den norske sida hev berre godt av å måtta rettferdigjera sitt syn på språk og kultur.

NASJ.BIBL.AVD.  
I RANA, PLIKTLEV.  
BOKS 278  
8601 MO

M. 10. 94.

ISSN 0800-8647

## Målkonsulent mismæter eigi norm

Målstudentar provosera av synsmåtane

*Helge Sandøy, nynorskonsulent i NRK og med i Norsk språkråd, heldt nyleg ei utgreiding i Foreiningi til fremjing av vitskap ved Universitetet i Bjørgvin. Emnet for møtet var målnormering. Sandøy slo fast at målinteressa millom nordmenn er stor, og han sør mange brev og telefonar. Klagone frå nynorskfolk kan samlast i tri hovudgrupper: at uppesalar nyttar ord som ikkje finst i ordlista, at dei nyttar er-endingar for arendingar i hankynsord, at dei ikkje nyttar namnet Noreg.*

Sandøy peika på at det ikkje alltid er lett å normera mål. Me hev alle språklege kjephestar, og me hev gjerne uttaleformer som andre reagerar på og reknar for «feil». Målet og målnormeringi kann vera med på å skapa ein monolittisk kultur. Av og til er alle aktørar i norsk målstrid upptekne av at me skal likna andre kulturnasjonar i målvegen; dei gløymer at norsk målstoda er unik og vanskeleg let seg samanlikna med ein normaltilstand i andre land.

I mange tilfelle er det skeiv rekruttering til leidande samfunnsskipnader som styrer målnormeringi, som NRK og det statlege byråkratiet. Det fører til ei usynleg målstyring. Men ofte upplever me ei meir synleg målstyring, t.d.gjennom forlag og andre private skipnader. Sandøy hadde kome under ver med at dei som tekstar nynorske program på fjerrsjået, er redde for å nyttar sernorske ord som *eignaluter* fordi det kjem lesarbrev i Aftenposten um det!

I dei siste åri hev det vorte meir vanleg å høyra unormera dialektbruk på NRK. Sandøy fortalte at BBC òg hev byrja å tilsetja folk som talar dialekt. Stundom vert det snakka um det sermerkte journalistiske brytingsmålet til NRK-journalistar. Sandøy mente dialektformer må brukast medvite og fylgjerett. Han peika på at journalistar frå Stavanger kunde nyttar former som *boken* og *natten* i same setning som dei sa *me* og *fyste*. Dette er ikkje naturleg dialektbruk. I Stavanger nyttar folk ordformer som *nottå* og *bokå*.

I oppsummering sa Sandøy at det er lettast å brigda på ordlagring i NRK.

RETURTILSKRIFT:  
Vestmannen  
6143 Fiskåbygd

God og rimeleg mat  
får du på

## Kaffistova til Ervingen

Torggården, Strandkaien 2  
5000 Bergen

### Sluttordet:

Det er få av oss som kjem til å gjera dei store gjerningane. Vil me ikkje gjera dei små, so kjem me slett ingenting til å gjera.

Kristen Kold (1816-1870)

## Lån og innskot?

### SPØR OSS!

Kreditkassen gir deg ein total gjennomgang av din økonomi. Lån og innskot er viktige delar av familieøkonomien.

Våre løysingar er tilpassa din familiesituasjon.

**KREDITKASSEN**

Distriktsbank Hordaland  
Allehelgens gt. 2, 5016 Bergen - Telefon 55 21 86 00

M 5. 94.

# Det er berre ei målrørsla

Av Lars Bjarne Marøy

(Litt nedstytta.)

I seinare tid hev det vorte snakka um å skapa eit sams målpolitisk forum på høgnorskvengen. Det hev kome fleire unge medlemer i styri i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag. I boki «Vestmannalaget 110 år» er det skrive utførleg um den målpolitiske soga som er knytt til Vestmannalaget. Det er òg skrive ein heil del um dei tvo nemnde samskipnadene. Soga um Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag er merkt av at ho er nær knytt til den tidi då ho vart skrivi. Forfattarane reknar med at lesarane hev ei rad attåtupplysingar som me unge høgnorskfolk i dag vantar.

Formannsvalet i Noregs Mållag i 1956 hev vorte sett på som eit vasskilje i nyare norsk målreisingssoga. Det er no smånortalsmennene byrja vinna noko fram i samskipnaden. Etter landsmøtet var det slutt på at mållaget gjekk hardt ut mot den statlege målpolitikken. Det vilde likevel vera å gå for langt å hevda at høgnorskfolket vart ståande utan innverknad i samskipnaden. Mange høgnorskvene hadde von um at det skulde koma eit målpolitisk umslag, og mange vona at leidingi i mållaget skulde snu um frå samnorskina og venda attende til den radikale målreisingstanken. Det høgnorske målsynet stod langt sterkare på den tidi enn me unge kann tenkja oss. Serleg sterkt stod høgnorskynet i kjernestroki på Vestlandet.

Målflokken på høgnorskvengen var naturleg nok utolsam etter å vinna statleg og

formell godkjenning for jamstellingstanken (i-mål / a-mål) og for høgnorskynet i det heila. Etter at Vestmannalaget hadde gjenge ut or Noregs Mållag (1962), byrja det å veksa fram ein tanke um ein ny alternativ samskipnad som kunde arbeida for dei synsmåtane som det ikkje var råd å vinna fram med i Noregs Mållag nett då. Ivar Aasen-sambandet vart skipa i 1965 og var ei landssamanslutning med tyngdepunkt på Vestlandet.

Etter kvart byrja det å ytra seg smånortsktendensar i Vestlandske Mållag. Det vert ein langvarande konfrontasjon millom nokre av lokallagi og styret i Vestlandske Mållag. Til slutt oppdagar leidingi i Vestlandske Mållag at det vert drive fraksjonsverksemrd mot leidingi. Striden millom Vestlandske Mållag og sentralleidingi i Noregs Mållag toppar seg opp samstundes med den indre striden i Vestlandske Mållag. Striden i Noregs Mållag let me ligga her. Striden i Vestlandske derimot kulminar på eit årsmøte der smánorskfolket hev mobilisera tilhengjarar for fullt. *Like fullt taper dei i freistnaden på å taka kontroll over Vestlandske Mållag*, og dei forlet årsmøtet. Utbrytarane skipar den nye fylkessamskipnaden *Hordaland Mållag* (1970), og ein stor part av lokallagi i Vestlandske Mållag melder seg ut av laget og inn i Hordaland Mållag.

Eit avgjerande spørsmål i definere samanhengen er: Kvifor bryt lokallagi ut av Vestlandske Mållag når dei ikkje studde upp um utbrytarane på årsmøtet i laget? Eit anna sentralt spørsmål er: Kvifor vart ikkje den målpolitiske usemjá i Vestlandske Mållag større enn ho var lenge tidlegare?

## Rollar og sosiale system

Det kann vera ulike tilnærningsmåtar til spørsmåli som er reiste. Min hypotese er at lokallagi gjeng ut av Vestlandske Mållag fordi dei sosiale systemi i kjernestroki, for det meste vert underlagt den nye rettskrivingi ved tvang. Det er lett å tenkja seg at høgnorskfolk som vert pressa til å nyttja den nye rettskrivingi fordi dei er del i eit system, byrjar å missa trui på høgnorsk. Me må hugsa at smánortalsmenn agitera hardt for at det var ei ny og banebrytande rettskriving som vart innført i 1938. Med sosiale system tenker eg meg rollesystem.

Rolleinnhavarane hev visse rettar og plikter, og det er ei klar arbeids- og autoritets-deling millom dei som hev rollone (kven som skal gjera kva, kven som hev rett til å fastsetja kva og for kven): Slike system

kann ein finna i avisor, bokforlag, kyrkja, skulestellet, kringkastingi, lagstivet, og liknande.

Dei sosiale systemi er dei fremste normleverandørane for den målpolitiske åferdi. I dei sosiale systemi finn me menneske som gjer krav på å fullfylla nasjonsberande og kulturerande oppgavor. Dei som hev underordna positar i eit sosialt system, eller som berre er tilskodarar til den målpolitiske åferdi innanfor systemet, vil naturleg nok reagera på det dei observerer. Men i dei fleste tilfelle hev dei sosiale systemi fastlagde reglar for slik som målbruk. Det fører til at den målpolitiske åferdi innanfor eit sosialt system vert noko einskapt. Innanfor kyrkja var Indrebebibelen langt på veg mynsterdanande til den nye bibelen kom i 1978. Medan det høgnorsknaære målet stod sterkt i kyrkja, var det vel godt som umyndet i skulen. I skulen tok det ikkje stort meir enn eit år å innføre den nye rettskrivingi. Alf Hellevik fortel i et intervju i Bergens Tidende 23. august 1993 at den første utgåva av nynorskordlista (sammorskvarianten) kom i 1938. Birar Breidsvoll og Knut Liestøl var andsværefor for den utgåva. Det kunde soleis komma ut ulike målpolitiske signal fra dei sosiale systemi.

Den språksosialiseringi som ber til i skulen, er med på å leggja grunnvollen for målbruken i dei andre sosiale systemi. I lengdi er det vanskeleg å halde i eit rettskrivingsbrigde som vert gjennomført i skulen, fordi den rettskrivingi som vert innført vil følgje elevane gjennom dekket med avgjerande språkleringar i livet. Skulen er den kläraeste normgjevaren i samfunnet og han er nøydd til å vera det. Det som setta til fullt er grunn til å understreka det er at det er rom for valfridom og romsleie umsyn. I 1938 kunde høgnorskflokken si heile for deira målform til å vinna opprettinga til Bergen heldt store avisor som Bergens Tidende og Dagen fast på heimoriken. Det var like fullt kamp um dei sosiale systemi. Smánorsktilhengjarane var nærlause i mange tilfelle. Det gav kraftig politisk konsesjonar til høgnorsk dei sosiale systemi som dei teknisk og administrativt. Smánortalsmenn vart ført i den politiske framgangsmåten til mållagen og rettskrivingen. Vestlandske Mållag er ein del av denne regi som er knytt til den smánortalsmenns rettskrivingspolitikken.

**Smánorskideologi og radikalt bokmål**  
Smánorskideologien kann forstås attende til

Frå s. 9

*til mori si. Mori leita etter honom og ropa: «Guten min, kvar er du? Guten min, kvar er du?» Og han høyrd ho, men han gav ikkje ljod frå seg. Til sist tok det til å myrkna, og då vart guten redd (eig. «då fekk han otte»), og då han ikkje visste korleis han skulle finna vegen heim att, sette han i å gråta: «Eg vil heim! Eg vil heim til mamma. Eg er redd!» Som vel var høyrd mori honom (då ho var mykje glad i honom og ikkje heldt upp å leita etter honom), og ho sprang dit ho høyrd guten, og ho fann honom. Og guten sa til mor si at han aldri skulle gjera det meir, det å ganga heimanfrå utan at mori visste det.*

Den som vil læra seg meir katalansk, kan til ei byrjing skaffa seg gjennom bokhandlaren Alan Yates: *Teach yourself Catalan (University of Sheffield)*.

Sverre Wetteland

rd s. 10

rettskrivningsbrigdet i 1917. Skrivebrigdet då gav styten til at det sokalla radikale bokmålet vann fram i delar av landet. Dei ulike målflokkane tolka framgang for det radikale bokmålet ulikt. Smånorsk-tilhengjarane heldt det for eit teikn på at det høgnorske målet var uhøveleg for dei som valde radikalt riksmaål. Høgnorsktilhengjarane heldt derimot framvokster for radikale bokmålsformer for ei ufullstendig løysing. Høgnorskfolk rekna attendegangen for dei radikale bokmålsformene for ein reaksjon frå dei som hadde valt desse formene. Smånorsk-tilhengjarane trudde at ei ny målumbot vilde føra til varig framgang for dei radikale bokmålsformene.

Etter kvart som smånorsktaalmenn byrja vinna fram i målrørla, vann dei tilsvarande kontroll med dei ymse sosiale systemi. Dei meinte at målrørla laut syna seg måtehaldi, og ho måtte freista å vinna nye tilhengjarar gjennom å gjera nynorsken mest mogeleg lik ei radikal utgåva av norskdansken.

#### Folkeflyttingi

Tidi frå um lag 1950 og fram til um lag 1970 er prega av ei umfattande folkeflytting frå bygdene til byane. Høgnorskfolk og smånorskfolk er samstemde um at folkeflyttingi var i ferd med å tunna ut grunnlaget for nynorsken. Eit sentralt argument frå styret i det nye fylkesmållaget, Hordaland Mållag, var at no var det ikkje tid til å kjempa for å jamstella høgnorsken og iendingane. No var det ikkje snakk um å berga i-målet, det var snakk um å berga nynorsken i det heila. Det ser ut til å vera eit argument som hev råka mange av dei lokallagi som studde upp um leidning i Vestlandske Mållag, men som seinare melde seg inn i Hordaland Mållag. Det er no likevel ein tankekross at den store flyten frå bygdene tok slutt so å segja på same tid, og då utan at mållaget kann ha gjort noko, korkje til eller frå. Det før ikkje hjelpa um levande bygdesamfunn vart eit faneord. Det var heilt andre krefter som gav nedgang i utflyttingi frå bygdene.

Dersom ein meiner at det var livsavgjeraande for målrørla å halda uppe levande bygdesamfunn, kann me vanskeleg sjå at kampen for å jamstella i-målet kunde meinka målarbeidet. Jamstellingskravet kunde tvert imot vera med å halda liv i bygdesamfunni på lik lina med anna målarbeid, kanskje betre. I alle høve trur eg me lyt innsjå at målrørla ikkje vilde tena på å leggja ned kravet um jamstelt i-mål.

Når sume målfolk like fullt må ha kjent det slik, og når mange lag melde seg ut or Vestlandske Mållag, so hev det bakgrunn i den sterke smånorskagitasjonen og i at høgnorskørsla var i ferd med å tapa, eller hadde tapt, kontrollen med ei rad sosiale system som kunde ha legitimera

høgnorsksynet. Dessutan hadde ikkje høgnorsstridsmennene vunne fram andsynes styremaktene, fordi mållagsleidangi hadde bøygð seg for det nye statlege yvergrepet som rettskrivingi av 1959 må kallast. Sume som hadde trudd på høgnorsksynet, gav upp under parolen «me må fylgja ungdomen».

#### Skuldingar

Det kom opp skuldingar um at styret i Vestlandske Mållag var for autoritært. Styret vart skulda for å vilja gjera laget til eit lag for sermeiningar, heller enn å nyttja samskipnaden til ein reidskap i den



målpolitiske striden. Det er rett at høgnorsktaalmennene var upptekne av at det skulde vera jamstelling millom i-mål og a-mål og meir slikt, men det vilde vera å gå for langt å segja at dei berre var interesserte i rettskrivingsspursmål. Det vart heller ikkje gjort noko som kann tyda på at Vestlandske Mållag hindra målpolitiske tildriv frå lokallag.

Mange av dei lokallagi som melde seg ut or Vestlandske Mållag, må ha havt tillit til Vestlandske Mållag. Me veit ikkje um at det var noko større strid i Vestlandske Mållag fyrr etter 1965. Det tyder på at høgnorsktilhengjarane må ha arbeidd med ein sterk indre disiplin og med yvertydande styrke. Me kann ikkje sjå burt ifrå at den nye rettskrivingi i 1959 kann ha vore til hjelpe for høgnorskfolk. Slik den rettskrivingi var, stod ho fram som eit nidingsverk mot største luten av alt norsk mål. Det er nokso utruleg å høyra at målfolk frå umråde med a-infinitiv og upplegg til i-former jamt får høyra at nynorsknormalen er so talmålsnær når skulenynorsk hev e-infinitiv og a-former! Når rettskrivingsspursmålet kom upp, var det helst i dilettantisk form. Sume medlemer vilde ikkje ha høgnorskrettskrivingi i årsmeldingane!

Det hev vorte tenkt i nyare tid at endå um, det høgnorske/høgnorskvenlege styret ikkje hindra målpolitiske utspel, so fremja

det deim ikkje. Det let seg ikkje segja noko bastant. Heilt klårt er det at Vestmannalaget stod fremst millom dei som vilde verna bygdetradisjonar. Medlemene i Vestmannalaget var også leidande innanfor Vestlandske Mållag. Ein leidande målmann for høgnorskvengen var Halldor O. Opedal. Med folkelivsgranskingsverket «Makter og menneske» som hev kome i nærare 20 band, hev han gjort eit storverk både for nynorsken/høgnorsken og til å verna gamal bygdetradisjon. Han hev også skapt grunnlaget for ei rikshistorisk interessa for alle deim som les bøkene hans. Felespeltradisjonen hev lange røter i Vestmannalaget. Vestmannalaget hev dessutan greidd å halda uppe eit levande minne um ei rad nynorske forfattarar og um ei rad nynorske salmediktarar og songdiktarar som andre lag knapt hev ansa på. Det må leggjast til at laget kunde vore hagare til å halda uppe eit levande medvit andsynes nynorsk samtidslitteratur som ligg utanfor den høgnorsknære måltradisjonen. Blæst um samtidsforfattarar for innhaldet i bøkene deira, kunde kanskje ha påverka rettskrivingsynet til forfattarane.

Ingen kann hevda at Vestlandske Mållag ikkje arbeidde godt med aktivitetar knytte til tradisjonelt bygdeliv, men til vanleg vert målarbeidet gjerne knytt noko vidare - til ålmment politisk liv, til meir riksfernande institusjonar, til endringane i næringslivet og dei sterke internasjonale endringskraftene som er bundne til internasjonal forsking og utvikling av teknologi. Dessutan hev målarbeidet vorte meir knytt til studentmiljøet. Høgnorskørsla vart stående som observatørar til den utviklingi. På 50-talet hadde målmenn som vart buande i byane gjenge med i mållags- og norskdomsaktivitetar, av di dei heldt dette for ein måte å uttrykkja identiteten sin på. I 70-åri var det vel meir av di folk vilde vinna godkjenning for retten til å vera seg sjølv.

#### Venta endring til det betre

På 60-talet og 70-talet kom det sterke taalmenn for ei radikal norskdansk normering. Dei var knytte til Språkleg Samling. Rørla kann knytast til at det hadde vorte lite forska kring dei austlandske, trøndiske og nordlandske målføri. Det vil segja at det var lite med forsking som slo fast at desse målføri høyrdie til innanfor høgnorskssystemet. Dei som forska på desse målføri hadde stort sett vore knytte til den norskdanske skulerettingi. Det var dei som hadde klekt ut samnorskideologien. Det hjelpte ikkje at dugande forskarar som Ivar Aasen, Sigurd Kolsrud, Ingeborg Hoff, Olai Skulerud o.a. hadde gjort mykje til å granska dei austlandske målføri. Dei vart yverrende eller tilmåta etter rådande fordomar. Det nye med dei som forska på målføri no, var at

Til. s. 12

## Ei (inter)nasjonal reising

Av Lars Bjarne Marøy

Vestmannalaget ynskjer å fremja ei nasjonal målreising, men korleis skal me leggja ut nasjonumsgrepet i målpolitisk samanheng. Det er mange måtar å tolka nasjonumsgrepet på, difor kann ein verta uviss på kva ein skal leggja i det. Eg skal gjera greida for korleis eg ser på nasjonumsgrepet i målpolitisk hopeheng.

Mennesket møter sin menneskelegdom gjennom ålmenne og universelle kulturmanifestasjoner. Ideelt sett hev alle nasjonar rådvelde yver ei rad åndelege og kulturelle kvalitetar som dei kann utveksla med andre nasjonar. Det som hemmar kulturutvekslingi er ofta at ein manglar evna til språkleg samhandling.

Nå me høyrer at innbyggjarane i ein framand nasjon syng kjende barnesongar, salmar eller liknande, uppdagar me at det finst ålmennmenneskelege verdiar som er knytte til visse former for kultur.

Den mest høgverdige kulturen er den som kann yverleva gjennom fleire generasjonar. Ytringar som fleire aldersgrupper kann slutta upp um, er positive. Men kulturen femner også um nye ytringar og nye universelle tilskundingar (impulsar). Det er eit mål for nasjonen å forma samfundsmenneske som lever i fred og ro med kvarandre, og som er i stand til å taka vare på og utvikla kulturen.

Familieliv, organiserte aktivitetar og skulegang m.m.m. fostrar eller sosialisarar einskildmenneske til ei rad aktivitetar. Den ålmenne sosialiseringi femner også um evna til språkleg vokster. Når eit barn lærer å lesa og skriva er det ein personlegdomsrevolusjon. Ingi moderne kommunikasjonsform kann koma i staden for skriftmålet og det munnlege daningsidelet som det byggjer på. Eit nasjonalt målideal er ei sameiga for heile nasjonen. Det stend i mange tilfelle for ei tilnærming til det universelle kulturgrunnlaget som lærer oss meir um menneskeleg identitet.

Å læra å bruka eit upphøgt talemål, er noko tilsvarande det å læra å lesa og skriva. Å læra lesa og skriva eit nasjonalmål, er å læra eit system som upphøgjer eins eige talemål til eit sams nasjonalmål. Hev ein lært å lesa og skriva innanfor systemet til nasjonalmålet, kann ein òg greida å snakka det.

Når folk i dei fleste europeiske nasjonane lærer seg eit standardmål, hev det truleg lite å gjera med at normaltalemål i nokon mun er eit læremne i skule. Det er



Lars Bjarne Marøy

vel heller slik at det måldaningsidelet som høyrer til skriftmålet, hev ein hopehavsfunksjon. Måldaningsidelet stend for verdiar som utan vidare vert godtekne.

I Noreg hev målstriden ført til at dei fleste nordmenn hev avvist det måldaningsidelet som gjer sterkest krav på å vera det nasjonsberande. Det norske talemålet hev ikkje den same hopehavsfunksjonen som t.d. svensk og dansk og fleire andre europeiske mål.

Det norske talemålet hev i dag langt på veg vorte segmenter til radio og fjerrsjå. I eit moderne mediesamfund som Noreg hev vore i um lag 30 års tid, kjem mange av dei kulturytringane som vert målborne gjennom det norske målidelet i motstrid med folkeleg kommunikasjon. Når nordmenn snakkar saman, hev dei ein klår vilje til å opponera mot det norske daningsidelet. Når bydialektane ikkje vert normera burt, er det fordi det ligg målestetiske føringer i den folkeleg bykulturen. Gruppekjensla som er knytt til det breide bymålet, hev mykje å segja. Barn som hev lært og lært språket ute i gata, upplever at det er sterke normsendarar som gjer upptak til leiken og som styrer leikeaktivitetane. Dei normsendarane nyttar eit breidt bymål. Då vert det gjævt å nyttja det breide bymålet. Det vert um å gjera at ein ikkje skil seg ut ifrå dei hine i gata.

Dei einaste føringerane som gjer det breide bymålet til eit mål for gatelek, må mykje tufta seg på yverleveringar. Songar og forteljingar på breidt bymål må ha havt ein sereigen og sambindande funksjon.

Det hev visstnok funnest ikkje so reint lite av reglor og rim på bergensdialekt; mangt av det må vel segjast å ha døydd ut, men enno finst det etterstør. Det som er heilt klårt er at yverleveringar på breidt bymål hev hatt umåteleg mykje å segja for statusen til dette målet. Det skulde no elles ha vore interessant å få sjå granskingar av slike yverleveringar.

Innflytting frå landsbygdi hev nok vore med på å styrkja breide bymålsformer. Brytingi millom bygdemåli og bymåli er merkande i estetiske vurderingar av ordformer. I bygdemåli hev opposisjonen mot det norske måldaningsidelet vore endå sterkare.

Den opposisjonen som vert målboren andsynes det norske måldaningsidelet, set skarpe skil millom ekte folkekultur og den kulturen som vert skapt av forfattarar og andre kulturpersonar innanfor det norske målhopehavet. Det vil sjølv sagt ikkje segja at kulturytringar som skjer gjennom det norske målidelet vert avviste. Det norske målidelet stend seg godt i kulturlivet og elles i samfunnslivet. Det hev like fullt ikkje nokon nasjonal eller kulturell hopehavsfunksjon. Det vert eit rollespråk: eit språk for serskilde høve og for serskilde situasjonar. Ein fær ikkje utan vidare kvar nordmann til å snakka norskansk som sitt personlege talemål. Det er berre gjennom skriftmålet at dei fleste nordmenn underordnar seg det norske målidelet. Det norske måldaningsidelet er soleis uttrykt i skriftmålet.

Dei som skal gå frå det breide bymålet eller frå eit folkeleg talemål som er underordna det norske måldaningsidelet, må til vanleg gå gjennom ei lang bokleg sosialisering. Det kann vera naturleg å knyta den sosialiseringi til skriving. Den som skriv mykje, får trening i å utøva det det norske målidelet, og etter kvart glid det skriftelege inn i det munnlege. Det er ei yverdingssak som rører ved kjenslevare verdiar hjå svært mange nordmenn, og det er ikkje alle som kann forlikja seg med å snakka *dana*.

Eit nasjonalt måldaningsideal skal fylla ein hopehavsfunksjon. Det skal vera noko som tek vare på og fremjar kulturen. I Noreg vil den høgnorske målformi og måluppfatningi kunna reisa seg opp til eit målideal som kunde fylla ein slik hopehavsfunksjon for det norske folket.

Til s. 12

Frå s. 10

Det høgnorske daningsidelet kunde ha vorte ei nytinærming til det universelle kulturgrunnlaget som lærer oss meir um den menneskelege identiteten.

I dag er det slik at den norske måluppfatningi stend for ei tilnærming til det universelle kulturgrunnlaget. Det er norske nasjonen som vert rekna for det nasjonale språket i møte med utanlandske mål. Sume riksmåltsalmenn likar å plassera nynorsken i visse luter av landet, og samstundes slå fast at norsk råder yver dialektane i resten av landet. Men kva provar dei med ei slik understrekning? Dei provar at dei hev eit kompleks andsyns sernorsk målgods. Dei provar at dei hev ein trond til å avvisa at høgnorsken hev den same kulturberande og nasjonsberande funksjonen som deira eige mål. Men sétt no at dei hadde rett, at det me kallar sernorsk målgods berre var uviktige avvik frå norrøndansken. Sétt at nynorsken var eit landsdelsmål. Då hadde dei inkje å frykta.

Riksmåltsalmenn hev ein svært priviliera posisjon i kongeriket. Det er deira mål som er modellen når dei dialektsnakkande brukarane av norske skriv. Det målet som ein stor part av den norske almen er tvinga til å skriva, det er eit mål som han nyttar i ein formell monolog med leseren. For storparten av innbyggjarane i Noreg er det eit språk som dei vil verja seg sterkt imot å

nytta i normera form munnleg. Norsk er målet til dei som hev skyna prestisjeverdien i å snakka og skriva likt. Den hopehavsfunksjonen som norske hev, er avgrensa til ein minoritet. Denne minoriteten kann råda og rikja yver korleis folk flest skal normera det peronlege målet sitt gjennom skriftmålet. Folk flest hev ingenting dei skulde ha sagt, for det norske målidelet fyller ingen hopehavsfunksjon for deim. Det norske daningsidelet lever i sinnslivet og tankane deira, men det kjem ikkje til spontant uttrykk. Det vert oppfatta som falskt og for tvangsfint av svært mange nordmenn.

Nynorsken knyter seg til ættesamband og til folkeleg samhald i det heila. I historisk og litterær samanheng vert det gong på gong understreka at folk tenkte innanfor sitt eige språk, og at dei hevda sitt eige norske målgods når dei kom i samband med det danske målet. Eit døme er stortingsbøndene på 1800-talet. Dansk kunde ikkje underminera at det fanst meir eller mindre klare tankar um ei høgnorsk måluppfatning. På 1900-talet var det den høgnorske måluppfatningi og målrørsla som kjempa fram grunnilaget for den sterke stoda som dialektane hev fenge i Noreg. Dialektane heldt fram med å utvikla seg på norsk grunn i dasketidi. Fyr det norske måldaningsidelet manifestera seg mot slutten av 1800-talet,

hadde folkekulturen halde uppe ei høgnorsk måluppfatning som var sterk og sjølvstendug.

Det er eit viktig sermerke hjå svært mange europeiske nasjonar at dei hev eit upphøgt talemål som vert snakka av so å segja alle innbyggjarane i nasjonen når det er trond for talemålsnormalisering. Hopehavsfunksjonen som det gjev, kann ikkje burtpratast. Dei skriftlege sjangertypane kann sume tider koma tydeleg fram gjennom normaltalemålet, medan dialektane kjem til kort. Når alle i ein nasjon hev eit språk saman, so hev det innverknad på korleis folk ter seg i språkbrukssamanheng. Slik som det er i Noreg, vert folk flest ståande med eit personleg målføre som i dei fleste tilfelle stadfester den høgnorske måluppfatningi, medan dei sokjer seg mot det dansknorske måldaningsidelet og den norske måluppfatningi som samnorskstrevarane hev læst seg fast i. Det er det norske målhopehavet som før vera burtimot alleina um å signalisera ei tilnærming til det universelle kulturgrunnlaget i Noreg. Det er det norske målhopehavet som kann taka opp i seg tilskuddingar frå den internasjonale litteraturen og dei internasjonale straumdragene i det heila. Gjennom skriftspråksdanningi si kann dei visa seg som dei kunnskapsrike og dominerande i samfundet. Dei som snakkar dialekt og høyrer til på grassrot hev ofta ei stor avstandskjensla andsyns dei som høyrer til det norske målhopehavet. Den språklege avstandskjensla verkar på mange måtar i nasjonale samanhengar. Det viktige for oss i målrørsla er å syna samanhengen millom dei breide bymåli og bygdemåli gjennom eit høgnorskt måldaningsideal. Det er då me kann halda fast ved og styrkja den internasjonale tilnærmingi gjennom talemålet. Me kann visa at målrørsla ikkje er nokor heimefødingsrørsla, men ei rørsla som gjer krav på å gjeva det målet me meiner er det norske den same statusen som engelsk mål hev i England, tysk i Tyskland, italiensk i Italia og so burtetter. Det er då me reiser den upphavlege målreisingstanken, utan at me med det same vil gå til uforsonleg strid med motmennene våre. Me vil heller vera med på å fremja det språklege medvitjet og den språklege og kulturelle eigenarti i det norske folket.

- Mål og Makt er tidsskriftet til Studentmållaget i Oslo
- Mål og Makt er det leiane målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
- Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1994
- Mål og Makt nr. 4/1993 har kome. Der finn du:

**Det Norske Samlaget og norsk språkhistorie** av Kjell Venås  
**Sigmund Skard: Amerikanist på nynorsk** av Øyvind Gulliksen  
 Bokmelding  
 Heidrun

- 
- Send meg M&M nr. 1/92 **Bymål. Norsk kulturpolitikk**, 25
  - Send meg M&M nr. 2/92 **Talemål**, 25,-
  - Send meg M&M nr. 3/92 **Språk på Nordkalotten**, 25,- kr
  - Send meg M&M nr. 4/92 **Nynorsk vøling eller nynorsk bøling?**, 25,- kr
  - Send meg M&M nr. 1-2/93 **Ei nynorsk framtid for Europa?**, 40,-
  - Send meg M&M nr. 3/93 **Reform 94, Aasen om nordisk**, 25,- kr
  - Eg tingar M&M i 1994 for 90,- kr. og får 4/93 på kjøpet.

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

Send til: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo

# Myten um dei språkmedvitne nordmennene

Av Lars Bjarne Marøy

Sume samnorskfolk og andre vil hevda at den norske målstriden hev ført med seg at nordmenn hev vorte meir språkleg medvitne og tolerante. Noko rett er det kanskje i dette, men når me høyrer grunngjevingane for påstanden, kann ein sume tider koma i stuss. Det vert t.d. argumentera med at den store valfridomen innanfor både målformer er til framhjelp. Eg synest det er grunn til å spryja um kva det er i den norske målstoda som kann føre til språkleg medvit og språkleg toleranse.


Dersom me skal skaffa oss eit godt yversyn yver målstoda og dei aktørane som hev vore med å forma henne, er det essensielt at me hev evna til å oppfatta målformene so godt at me kann lesa, skriva og snakka deim. Kvifor meiner eg det? Jau, skal me skaffa oss eit godt yversyn, må me kunna gjera oss kjende med og prøva ut dei ulike ideologiske tilnærmingane. Det er ikkje godt nok å berre kunna forma ut nynorsken etter den norske måluppfatningi. Det er den høgnorske/nynorske synsmåten som oftast vert forsømt i norsk målordskifte.

## Norskdansk uttalenorm stengjer for målføret

Det norskdanske målet, dvs. det norskdanske daningsidealalet, fungerar både som skriftmålsideal og som talemålsideal. Både skriftmåls- og talemålsidealet er internalisera til typar av språkrollor. Skriftmålsidealet er nok det som er mest internalisera. Avvik i bruken av skriftmålsformer er til vanleg små.

Imitasjonar av språklege rollor og upplesing av tekst er med på å slå fast at det finst eit talemålsideal. Det er utøving av språkleg kompetanse som vert fastslegi gjennom å løysa ut talemålsidealet. Når til dømes skulen som institusjon skal få stadfest at elevane er i stand til å lesa skriftmålet, må skulen samstundes slå fast at det finst eit språkleg daningsideal, eit talemålsideal som elevane skal lesa etter. Radio og fjerrsjå slår fast det norskdanske daningsidealalet/talemålsidealet; det same gjer talemålsbruken til representantar for det norskdanske målhopehavet.

Når det norskdanske daningsidealalet vert fastslege til talemålsnorm/uttalenorm, so vert det kunngjort at dette talemålet stend yver regionale dialektksilnader. Det er denne normi som bymåli og dei målpolitisk framandgjorde bygdemåli skal retta seg etter. Fleirtalet av nordmenn fær



Lars Bjarne Marøy

inntrykk av at talemåli kring i landet er tolleg bokmålsnære.

Uttalenormi er viktig, fordi uttalenormi vert rekna for det same som tonegangen i ein dialekt. Eit døme på at det er rangt, finn me t.d. hjå biskop Per Lønning. Han snakkar nynorsk og norskdansk utifra same tonegang.

Ein slik talemålspraksis er gjerne provoserande.

Eg hev sjølv terga ei rad bergensarar, av di eg hev snakka nynorsk utifra bergensk tonegang. Dei insisterar på at eg snakkar strilamål, men eg nekta.

Tonegangen i dialektane kann nyttast til å dekkja dialektmerke i talemålet. Tonegangen i ein dialekt vert fyrt og fremst assosiera med det språklege daningsidealalet og lesemålet, og ikkje med det breide bymålet. Ei slik dialektforståing minimaliserar kjenslemerkte bindingar til det breide bymålet. Med ei slik dialektforståing vert slike kjenslemerkte bindingar avviste som lokale serdrag som skal underordnast det norskdanske riksmalet. Mange som kjenner seg knytte til til det breide bymålet, er tilvande å lesa norskdansk etter tonegangen i det lokale bymålet. Dei legg ikkje alltid merke til at lesemålet deira vanskeleg kann sameinast med den prestisjen som dialekten deira hev.

## Samnorskdogmet kjøver målreisingstanken

Talemålsnormalisering av norskdansk må ha temmeleg gjenomførde brot med vanleg normpraksis fyrr det vert registrera. I slike tilfelle vil normi verta stempla som dialektisk.

Mange samnorsktilhengjarar ser ut til å vilja avløysa det norskdanske daningsidealalet med ei sundrivi norskdansk norm. Problemet for deim vert å få folk til å lesa skriftmålet etter ei sundrinvande norm, og få deim til å skriva etter ei sundrivi skriftnorm. So framt dei hadde greidd å gjera til inkjes heile prestisjen til det norskdanske daningsidealalet, vilde det ha vorte uråd å driva språkstyring i det heila. Me hadde fenge eit endalaust normeringskaos. Det er nynorsken som må bera kostnaden for normeringsexperimenti til dei velutdana samnorsktilhengjarane, og til den defensive, nederlagsfylte og sutrande majoritetan på smánorskvengen. Dei målpolitiske aktørane som eg hev nemnt her, gjev blaffen i kor stor uppslutnad nynorsken hev. Dei vurderar språket utifra samnorskdogmet.

Samnorskpolitikken hev alltid vore rett, hevdar samnorskdogmatikarane. Endå um mangt talar imot samnorskpolitikken, til og med for dei mest dogmatiske, so ser dei ingen grunn til å endra på dogmet. Dei meiner at *utviklingi* like fullt må føra målformene våre saman. Det vert burtimot ugjerleg å føra ein diskusjon på slike premissar. Målfolket vert trengt på defensiven same kva tiltak dei freistar seg med. Det ligg ei søkjande og god haldning i mangt av det som hev vorte skrive um den norske målsaki i dei siste tjue åri, men slike søkjande impulsar vert kjøvdé av det allmektige samnorskdogmet. Det er fåtalsgrupper som vaktar um samnorskdogmet. Desse fåtalsgruppene råder eine og åleine grunnen fordi det er svært vanskeleg å reisa ein ideologisk opposisjon mot deim.

Det er den norskdanske måluppfatningi som fører til slike fastlæste standpunkt som samnorsktilhengjarane hevdar. Det ovrar seg lika toske som når ein bergensar meinat alle austlendingar snakkar konservativt norskdansk. Eller når austlendingen meinat alle bergensarar snakkar konservativ norskdansk. Dei høyrer mest berre normera dialekttalemål, og dei let seg lura av at tonegangen er lik for alle dialektvariantar. Dei legg ikkje retteleg merke til dei avvikande formene i dei breide bymåli, for dei hev ikkje noko grunnlag for å avsløra dei avvikande formene. Dei manglar språkleg medvit.

Til s. 11

Frå s. 10

### Sammorsktilhengjarane utan klår målform

Den norskdanske måluppfatningi fær mange byfolk til å tru at bygdemåli stort sett berre er ein annan måte å snakka norskdansk på. Dei ser ingen likskap millom sitt eige taalemål og taalemålet på bygdene.

So framt fleire byfolk hadde uppdaga at den høgnorske og høgnorsknære tradisjonen kann vera ein normdanar for dialektane på same måte som norskdansen, so kunde me ha fenge auka det språklege medvitet i kongeriket. Det finst rett nok byfolk som hev uppdaga den taalemålsnormerande funksjonen i eit nokolunde visshøvt høgnorsk/hynorsk mål, men dei er fåe.

I fleire av kjernestroki rakk nynorsken å få ein normdanande funksjon yver taalemålet. Det er vissa um at nynorsken hev ein taalemålsnormerande funksjon, som millom anna hev fenge folk i kjernestroki til å slutta upp um nynorsken.

Sammorskpolitikken hev derimot bygd på at den sundrivne normi/folkemålet/vikamålet anten skulde normerast etter dana daglegtala eller at dana daglegtale skulde normerast etter den sundrivne normi/folkemålet/vikamålet.

Det ein ignorerer når ein lét dei breide bymåli få normstatus, er den norskdanske måluppfatningi, variasjonen millom utprega sosiolekt og eit mål som freistar halda seg nær tonegangen til det regionale høgprestisjemuålet. Og ein ignorerer gradvise taalemålsendingar i antisammorsk og norskdansk leid.

Det er eit viktig poeng at sammorsktilhengjarar aldri hev greidd å byggja upp nokor klår målform. Dei hev ikkje klårgjort korleis dei vil tryggja at målet deira skal få tradisjon og korleis ei sammorsk målform skulde koma til å festna seg i folks medvit.

Sammorsk er knytt til dei aggressive formene, hev ein sammorskemann sagt. Men han kann då ikkje meina at alle som vil snakka sammorsk, må vera aggressive. Dei kann då ikkje gjera heile målstriden til eit spørsmål um sinnstørsla.

### Høgnorsk målideal er løysingi

Det må no heller vera slik at den nynorske måltradisjonen må gjera folk merksame på korleis taalemålet i byane kann knytast til eit anna målideal. Det er fyrst når folk uppdagar at taalemålet deira er under påverknad av det norskdanske daningsidealet, at dei kann sjå at dei norske formene vert fortrengde. Når du får høgnorsken/nynorsken til rettesnor,

endrar du oppfatning um kva som er stygt og fint i taalemålet.

Den som styd seg til den norske målestetikken, vert mindre bunden av kjenslelægje og sosiale situasjoner. I Bjørgvin kann det t.d. heita frå ein som er sint: *Vil du se te å pelle deg hem!* Ein skulelev som hev hug til til å lura seg heim fyrr skuletidi er slutt og spør læraren um det, vil truleg vera meir agefylt og audmuk: *kan eg få lov til å gå hjem?* Folks målbruk vil variera utifrå psykologiske mekanismar. Når den norskdanske måluppfatningi fær styra, vil det verka inn på den måten språket vert nyttå på, og det vil slå fast kva som vert rekna for fint og stygt i dei breide bytalemåli.

Dersom me derimot lét den høgnorske måluppfatningi få styra, vil dei norske målelementi verta styrkte. Byfolk vil finna norske former i høgnorsken som utan vidare vil lata seg måta inn i bydialekten, fordi mange av deim hev vore i bydialekten tidlegare.

Dei høgnorske typeformene speglar av mangfeldet i dei norske dialektane, og gjev eit klårt daningsideal som den smånorske målformi slær vrak på. Smånorsken lét ikkje det norske målet få fred. Han skal alltid definera nynorsken på premissane til norskdansen. Det var ikkje Ivar Aasens tanke. Nynorsken skulde derimot setjast saman på grunnlag av gamalnorsken og på grunnlag av dei norske taalemålsprinsippi og dei sernorske målelementi. Når skulelevar i dag må sitja med ordlista og plukka ut sernorske ord og sernorske former her og der, og soleis definera nynorsken negativt utifrå norskdansen, er det langt ifrå grunntankane bak nynorsken. Men slik stoda er i dag, er det ugjerleg å uttala seg normalt um læreboknynorsken. Kvar og korleis ein so freistar å styra læreboknormalen, so kjem ein skeivt ut, for ein byggjer meir på danske enn på norske målprinsipp.

### Språkleg medvit må aukast

Eg kann ikkje sjå at den rådande målstoda er skikka til å auka det språklege medvitet og den språklege toleransen for den norske eigenarti i målet. Fleirtalet av nordmenn lever i fåkunna um viktige serdrag i norsk mål og norske målføre. Dei er knapt merksame på korleis dei norske målmerki vert underordna norskdansen. Det måldaningsidealet som vert styrt gjenom lesemål, gjennom nasjons- og kulturberande språkrollor utøvde millom anna i kringkastingi og av talsmenn for det norskdanske målhopehavet, er eit måldaningsideal som fortel usanningar um

dei breide bymåli og um den sterke stoda som dialektane hev i Noreg.

I fall nordmennene skal verta språkleg medvitne og tolerante, er det heilt grunnleggjande at dei vert merksame på at det norskdanske måldaningsidealet og det høgnorske måldaningsidealet stend for ulike tilnærmingar til språklege, kulturelle og nasjonale verdiar. Å gjera folk medvitne um at det høgnorske daningsidealet kann nyttast til å symbolisera nasjonal eigenart, tykkjest vera ei svært maktpåliggjande uppgåva i dag. Mange vil leggja ei nasjonsberande og kulturberande rolla til dialektane, men dialektane er, som eg hev freista peika på, underordna det norskdanske målhopehavet gjennom psykologiske mekanismar. Den høgnorske måluppfatningi avslører at dialektane er underordna eit språk som er halvt dansk.

Det må vera ei viktig uppgåva å gjera folk medvitne um tilhøvet millom målformene. Det er fyrst då dei for åvor kann taka standpunkt i målspursmålet. Fyr det skjer, bør lause påstandar um at språkstriden hev gjort nordmenn meir språkmedvitne og språkleg tolerante, modererast nokso sterkt.

## Nordnorsk og nynorsk i 90 år!

Nils-Aksel Mjøs minner oss um at tidsskriftet *Håløyminne* fyller 90 år i år, med pensjonert folkehøgskolestyrar Asbjørn Eidnes til redaktør. Frå og med nr. 4/1993 kom det med nytt og friskt utstyr.

Til nyår gav Asbjørn Eidnes ut boki «Trondenes kjerke» på 170 sidor, med rik kjeldeumtale, millom anna frå «Ferd til Finnmarki og Nordland» av Kristofer Janson, prenta i «Fraa By og Bygd» i 1874. Biletilfanget i denne boki er framifrå godt.

I «Harstad årbok» 1993 hev same forfattaren på lag helvti av innhaldet, alt på nynorsk. Ein forfattar til brukar nynorsk, N. A. M. Brox. Bror til Asbjørn Eidnes, Vidkun Eidnes, styrer no Trondenes folkehøgskule.

«Håløyminne» kjem med 4 nummer årleg, og kostar kr. 75,-. Det siktar på å prenta lokalhistorie for heile Nord-Noreg, og i 1993 handlar 3 av 4 nr. um eit slikt sams emne: *Hanseat-handelen og Nord-Noreg*.

Tilskrifti til «Håløyminne» er Kanebogen, 9401 Harstad.

# Me gjev oss ikkje

Av Lars Bjarne Marøy

«Dei vil alltid klaga og kyta», sa Ivar Aasen. Ein mann som hev synt seg før til å klaga og syta er Kjell Venås. Han likar ikkje at det hev kome upp mange saklege grunnar for å tenkja nytt um målsaki, og han er mildt avvisande andsynes målfolk som vil arbeida for høgnorskfolken og i-målet. Venås skreiv artikkelen «Kven eig nynorsken» for ei god stund sidan, men han skreiv so prinsipielt at det kann vera grunn til å gå han nærmare etter i saumane både ein og fleire gonger.

Venås meiner at me høgnorskfolk kjänner oss nærmare sjølve livsgrunnen for målet enn andre målfolk. Det kann han kanskje ha noko rett i. Ja, me kjänner oss nærmare livsgrunnen enn samnorskfolki og dei målpolitisk framandgjorde. Vestmenn var leidande krefter i å byggja opp målrørsla. Det var livsfjerne sytarar som øydelagde. Det nynorske skriftmålet var ikkje godt nok for deim, klaga dei. Og dei same var det som klaga og sytte då nynorsken gjekk attende. Endåtil då var nynorsken for høgnorsknaer. Sidan vart nynorsken eit utprega bokspråk, og målfolki vart framandgjorde og er det enno. Endåtil no klagar livsfjerne sutrarar som ikkje hev tenkt mange kreative tankar um stoda for ei norsk målreising i dag. Dei tviheld berre på at alt som hev vorte gjort med og kring målet sidan 30-åri hev vore rett.

Venås hevdar at me gjer krav på å ha ein åndeleg rett til nynorsken. Korleis du skal kunna kreyja å få innlyst ein åndeleg rett hjå Norsk språkråd, hev eg tenkt noko på. Eg trur ikkje det let seg gjera. Det er elles lite interessant, for me vestmenn gjer ikkje krav på å ha monopol på den åndelege retten til nynorsken. Me trur

Frå s. 12

På 1700-talet kom sjørøvarar til Træna. På den tid var der skjenkestader som so mange andre stader på kysten, og sjørøvarane toga inn der straks. Ein av trænværingane hadde vore til sjøs og skyna målet deira, og han høyrde dei segja at i dag skal me drikka vin, men i morgen skal me drikka blod. Han rådde då til at dei vart skjenkte dauddrukne, og so førde dei sjørøvarane ut til skipet sitt, slo hol i botnen og skalka lukone so sjørøvarane drukna. Vraket er seinare funne.

Norskekysten var ein ynda plass for sjørøvarar etter Svartedauden. Me kjänner forteljingar frå Karmøy og nordetter. Og i 1429 kom dei tyske sjørøvarane

derimot at den beste måten å få fram praktiske målfolk på, er gjenom å fremja ein regelfast og fylgjerett nynorsk/høgnorsk.

Venås og Språkrådet vil skifta ut nynorsken til dei som skriv norsk dansk. Eg hugsar enno kor lite festlegt det var å sitja og slå upp i ordlista kvar gong me skulde skriva nynorsk stil på gymnaset. Nynorsken i bøker og blad var langt ifrå å vera nokor god rettesnor. Eg trudde at nynorsken skulde marknadsførast millom dei umlag 90% bokmålseleva rundt um på gymnas og høgskular. I staden vil Venås at nynorsken skal konstruerast opp av bokmålsbrukarar.

## Uppnorsking fremja nynorsken

Venås meiner vel det alt i alt var best at den offentlege nynorsken vart amputera i 1938. Venås hev skyn for at sume tykte det var betre å riva nynorsken frå den høgnorske roti enn å seigpina yvergangen frå høgnorsk til smånorsk.

Det fanst knapt grunnlag til å brigda nynorsken i 1938, dersom me reknar utifrå vanleg målbruk i kjernestroki. Når nynorsken skulde brigdast, var det ikkje fordi nynorske målbrukarar ynskte eit målbrigde, snarare tvert um, men fordi sume målagitatorar trudde det var den einaste måten å vinna fram på utanfor kjernestroki. I kjernestroki stod nynorsken so sterkt at han vilde verta ståande same korleis målet kom til å sjå ut. Målbrigdemenn visste at nynorsken stod sterkt i kjernestroki, difor kunde dei tvinga igjenom ein nynorsk som bygde på fordomar andsynes den høgnorske måluppfatningi.

Nynorsken hadde lenge vore eit

eksperimentspråk i den høgre skulen, og nynorsknormi hadde vorte kritisera av folk som hadde fenge det for seg at ho var for gamaldags eller for vestlandsk eller dilikt, og det må vera lov å segja at den målpolitiske åfjerdi til slike målpolitiske aktørar var beint ut til skade for ei naturleg målutvikling. Når vestlendingar fekk høve til å dyrka fram sernorske ord og uttrykk, var det fordi dei var fyrst ute med å gjera det. Det var òg fordi sosiale reisingsmenn og samfunnssytter i lokalsamfund i vart hefta av norsk dansk agitasjon.

Rolf Nygård hermer i boki «Fra dansknorsk til norsk riksmål» (1907, sjå s. 35) ei utsegn av D. F. Knudsen. Han fortel at han var ein slags målmann i studentdagane: «Men det varte ikke lenge. Jeg og flere med mig, alle østlendingar, følte at landsmålet stod oss for fjernt til at det kunde bli vårt eget sprog. Det som

Til s. 14

**DAG OG TID**

Grundige og viktige  
artiklar -  
slik dei står skrevne  
i Dag og Tid -  
vert lesne og verdsette.  
Folk skumles ikkje  
Dag og Tid.  
Dei les henne.  
Dei har tillit  
til henne.  
Dei handlar.  
Er det ikkje ei slik  
avis du òg vil lesa?

**DAG OG TID A.S.**  
Karl Johansgt. 13  
0154 Oslo  
Tlf. 22 11 14 55  
Faks: 22 41 42 10

JÅ, eg ynskjer å tinga Dag og Tid:

1/1 årstinging kr. 420,-  
 1/2 årstinging kr. 225,-

Namn: \_\_\_\_\_

Adr.: \_\_\_\_\_

Postnr.: \_\_\_\_\_ Posstad: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

Ubunden vekeavis

nr 1. 94

V E S T M A N N E N

Frå s. 13

tiltalte oss i landsmålet, var at det var helt norsk, hvad vårt ikke var; vårt skriftspråk, vesentlig dansk, bar på et provinsmerke; men dette merke, mente vi, måtte og burde fjernes.»

Lat oss jamføra slike haldningar med nokre utsegner ifrå Knud Knudsen i 1886 (sjå same bok og same sida). Knud Knudsen segjer at motstandarar ikkje kann slå seg til ro med at det ikkje er nokon fåre: «Nu får de enten gi sig på nåde og unåde eller samle seg til alvorlig motstand». Det einaste som nyttar er å gjeva nynorsken ein medteilar ved å ta seg av det norske målstrevet. Landsmålet var ikkje godt nok. Dei kjende seg berre so plåga av at norske morskanden hadde eit provinsmerke ved seg.

I Nord-Noreg og Trøndelag valde dei truleg nynorsk m. a fordi dei såg at norske morskanden kom til å verta *uppnorsk*. Då dei sidan såg at norske morskanden ikkje vart meir *uppnorsk*, skifte dei um att. Det var stuttstynte interesser som dreiv mykje av målframgangen kring 1938. Det målarbeidet som hadde vore drive fyre målbrigdet, gav resultat. Sjølvé målformi var mindre avgjerande. Mykje av det som vart obligatorisk no, hadde meir eller mindre vore tillate tidlegare.

#### I-målet stod seg godt

Dersom i-formi og -or, one-formi hadde fenge vera jamstelte former, hadde det truleg styrkt det nynorske grunnlaget. Det hadde i sin tur styrkt samhaldet og gjeve

nynorsken retrettvegar. Det kann vanskeleg segjast at det offentlege målet hadde vorte veikt um målfolk som var vane med ei rettskriving, fekk halsa fram med å nyta henne. Når målfolk rundt ikking i krinsane hadde gjort vedtak um målform i krinsen, var det eit stridsteikn. Målbrigdefolket kann ikkje ha havt serleg stor grasrotkontakt, for dei slo ned all motstand med målbrigdet. Det fall deim aldri inn at mål og skriftformer rører ved folks personlegdom og eigenart. Nei, dei skulde riva med rot og soleis med Knud Knudsens ord ta seg av det norske målstrevet.

Ei løysing med jamstelling hadde ført til ei seigpinning av høgnorsktradisjonen, meiner Venås. Me fær aldri prova kva som kunde ha hendt, men tenk um det hadde vore stikk motsett; at det var a-målet som hadde vorte seigpint. Folk rundt i landet kunde ha fenge lov til å velja nynorsk fordi dei *vilde* ha nynorsk, ikkje av di nynorsk hadde måltifang som norske manskje kunde koma til å taka opp og som kanskje kunde koma inn i ein framtidsnorsk. Dei som valde nynorsk med i-mål kunde ha teke vare på og vyrdsla mykje folkelegt målgods, og dei kunde havt a-målet sitt i dialekten sin for det. Når me upplever at folk utanfor dei nynorske kjerneområdi snakkar eit mål som langt på veg stadfester den høgnorske måluppfatningi, kann me ikkje anna enntru at i-målet hadde stade seg godt. Høgnorsk med i-endingsar hev langt fleire

a-endingar enn den norske manskden som råder grunnen i skulen i dag. Og dei høgnorske a-formene er obligatoriske.

#### Menneskevenleg

Venås hev skyn for at høgnorsktradisjonen vart riven med rot, men han hev dessutan noko skyn for protestar mot at i-målet vart forbode. Ein kann trygt segja at Kjell Venås er ein mann som hev skyn for det mesta. Men so tek han etterhald, for kanskje hadde ei løysing med jamstelt i-mål vore for lite røyndomsnær og eit for humanitært syn.

Eg tykkjer det er grunn til å minna um at ordet humanitært tyder menneskevenleg og til vanleg vert nyttat um hjelp til menneske som hev vore ute for krig og hungersnau.

Det er nok ikkje for hardt iteke å snakka um eit for menneskevenlegt syn. Det var sume som meinte at høgnorsken var reint utarma og laut førast til si siste kvila i 30-åri. Det er grunn til å tru at dei knapt hadde menneskevenlege tankar um dei som brukte høgnorsk med i-mål, og at ei løysing med jamstelt i-mål knapt hadde late seg gjennomføra når slikt folk skulde råda og rikja. Kjell Venås hev alle tenkjelege høve til å syna seg meir menneskevenleg.

Dei som vil ha høgnorsk og i-mål bygger berre på idealisme og retrueneskap; dei er ikkje praktiske målfolk, meiner Vesås. Vel, eg kann berre svara for meg sjølv. Eg skriv høgnorsk fordi eg nyt det språkrette og tradisjonsrette målet. Eg er ikkje so idealistisk og retruen at eg vil skriva ein smånsk med a-mål. Det målet råder eg ikkje med. Då skriv eg heller norske riksmalet.

Venås derimot tykkjer det er betre å skriva ein nynorsk som ikkje er fullgod enn å skriva norske manskden som etter hans segjande aldri kann verta fullgodt. Eg trudde det var noko som heitte å ha respekt for både målformer.

Skriv me verkeleg god læreboknynorsk, kann sume koma til å taka etter, meiner Venås. Kva so med deim som ikkje er slike idealistiske nynorskjåvinistar? Kva med deim som ikkje idest fylgja Kjell Venås og dei elitistiske smånskfrendane hans? Det er langt ifrå alle som kann sitja og studera nynorsktradisjonen og som kann konstruera seg fram til eit høgnorsknaert mål, slik professor Venås kann.

Kvifor skriv eg so dette? Jau, fordi me skal minnast korleis Venås analyserar den nynorske målstoda fram til neste gong Språkrådet måtte finna det for godt å vurdera rettskrivingsframleggi våre på ny.

Lars Bjarne Marøy

# HIV UT BOKMÅLET!

**Det er kva Norsk Målungdom (NMU) meiner me skal gjera i dette landet.**

Korleis me skal gjera dette kan **DU** lesa om i meldingsbladet åt NMU - EG.

EG kjem ut med seks nummer i året, og det kostar berre 120 kroner for ei årstinging. (*Medlemmer i NMU får bladet gratis*)

**TING EG OG LES UM:** grunnlaget for målreisingi, organisasjonsstoff, nasjonale spørsmål i andre land, målbruk og normattalemål, friske ordskifte, og mykje meir for målinteresserte!

**JA, eg vil tinga EG**

Namn:

Adresse:

Poststad:

Send åt: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, tlf: 22 36 40 43, Faks: 22 36 40 68

# Massekulturen på godt og vondt

Av Lars Bjarne Marøy

Det hev vore hevd at den internasjonale massekulturen øydelagde og øydelegg for norskmaalsframgang. Det er serleg sannorsktihengjarar eller småorskfolk som meinat det. Sjølv det å definera umgrepet massekultur er ikkje so beinkløvvt. Sume tider kann det verka som um alt som kann segjast å motverka målsaki er massekultur, medan alt som arbeidar for ikkje er det. Massekultur kann vera framstelt som det som er einfaldigt og trivielt eller det som er stort av marknadskrefstene.

Sigmund Skard freistar i Målstrid og massekultur (sida 25 og ut kapittelet) å ettervisa at massekulturen bryt ned folkelege målemne. Han viser til at reklame-folk, revyteater, bokforlag og avisor driv klappjakt på samnorske/nynorske ord og former. Dei driv også med å håna nynorsken og målsaki. Massekulturen fører soleis til at mange fær eit passivt og likesælt tilhøve til nynorsken og språklege tilhøve i det heila.

Skard tek det nær sagt som ei sjølvfylgja at folk flest skulde stydja samnorskpolitikken. Alt som gjeng imot nynorsken og samnorskpolitikken er stort av massekulturen som er det fremste våpenet for det norskanske målhope-havet. At måldaningsidealet kann spesgla av målestetiske verdiar, lét det til at Skard ikkje

vil medgjeva.

Skard og hans meiningsfrendar såg seg kalla til å laga seg si eigi nynorske måldaning som vart nytta i ei rad offisielle samanhengar. Ei folkemålsfjern og uppkonstruera måldaning som skulde minna um sume dialektar. Den måldaningi kunde ikkje tena til brukande modell for folk flest. Det vart eit måldaningstomrom på målsida, og motstandarane kunde lyfta fram den norskanske måldaningi med større autoritet enn det hadde vore grunnlag for fyre krigen.

## Sosiale umskifte

Samnorskagitasjonen som fekk gjennomslag for første gong i 1917, hadde hindra at mange dialektumråde valde nynorsk. Dei folkelege målemni hadde yver lengre tid vorte hevja fram i samband med samnorskagitasjonen, men dei hadde berre i liten mun vorte sett inn i ei storre råma. Difor vart det ei *åndenaud* for sam-norskpolitikken når bylagi tok til for fullt. Dialektdyrkning slik ho tedde seg både fyre og etter krigen, kunde ikkje stå fram med eit upphøgt talemål som kunde styrkast og konserverast gjennom litteraturen. Serleg vart dette ei veila for målstriden på Austlandet. Ein trudde at det fanst eit sermål for denne landsluten, eit talemål som kunde taka yver for det norskanske måldaningsidealet. I dag veit

me at dialektkilnaden på Austlandet er minst like store som elles i landet.

I Noreg på 50-talet var det førande krefter som vilde jamna ut sosiale mot-setnader. Den sosiademokratiske vel-ferdspolitikken skulde skapa tryggleik og likskap. Folk hadde etter kvart vorte vande til å bruka dialekt, men det norskanske daningsidealet var framleis ein modell for kommunikasjon i storsamfundet.

Når folk tok til å flytta ut frå landsbygdi, var det storsamfundet som yvertok for det tette sosiale nettverket i heimbygdi. Kontaktar vart knytta på tvert av uppvekststaden. Landsluten kom i vidare hopehav med kvarandre. No vart det meir og meir profesjonar og sam-skipnader heller enn bustad- og heimstad-tilhøyrsla som styrde vanlege folks liv. Dei nye kontaktformene braut ned vilkåri for stadbundi dialektdyrking. Den stadeigne heimekulturen vart gamaldags.

## Samnorsk målideal uhøveleg

Store grupper av folket søkte etter nye og moderne kulturskapande element. Dei vende seg utetter til andre gjennom ålmenne talerør. I den samanhengen vart det samnorske målidealet uhøvelegt. Folk trong noko yverordna. Folk trong til å få samla lokale serdrag under ei nasjonal råma. Samnorskpolitikken var spekulativ. Han studde seg på målrørla og ville skubba seg fram på kostnad av det norskanske måldaningsidealet. Austlend-ingane vart smeikte yver at det var deira målføre som etter segjande skulde tevla ut det norskanske måldaningsidealet, men *dei*, til liks med folk elles i landet, såg nok på det norskanske høgprestisjemålet som det leidande. Det var ikkje nokon grunn til å brigda det upphøgde talemålet. Folkemålet, det breide bymålet, høyrde liksom til i ei anna rømd.

Samnorskagitasjonen og den sjølvlagda smånorske måldaningi førde til at grunnlaget for eit sernorsk talemålsideal kvarv. Det vart etter kvart slege fast at alt som høyrde til i dei dialektumrådi som hadde skrifttypiske former eller som høyrde til i a-målsstroki, var folkemål. Medan det som høyrde til på Vestlandet var gamaldags og avlegg. Det var på Vestlandet at den sernorske måldaningi hadde sett sterkeste fari etter seg. Når dei reiv ned mykje av det måldaningsidealet som hadde fenge ovra seg her, øydelagde dei grunnlaget for ei naturleg nynorsk måldaning.

Det som i røyndi vart målbore gjennom

Til s. 13

**mål og makt**

- \* Mål og Makt er tidsskriftet til Studentmållaget i Oslo
- \* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørla
- \* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1994
- \* Mål og Makt nr. 3/1993 har kome. Der finn du:

**Nynorsken og Reform 94** av Roger Lockertsen  
**Ivar Aasen om norsk i høve til dei andre nordiske språka**  
 av Kjell Venås  
**"Norsk" og "Islandsk" enda ein gong** av Lars S. Vikør  
**Heldrun** 28. november 1900  
**Heldrun** 31. januar 1901

- 
- Send meg M&M nr. 1/92 **Bymål. Norsk kulturpolitikk**, 25,-
  - Send meg M&M nr. 2/92 **Talemål**, 25,-
  - Send meg M&M nr. 3/92 **Språk på Nordkalotten**, 25,- kr
  - Send meg M&M nr. 4/92 **Nynorsk væling eller nynorsk beling?**, 25,- kr
  - Send meg M&M nr. 1-2/93 **Ei nynorsk framtid for Europa?**, 40,- kroner
  - Send meg M&M nr. 3/93 **Reform 94, Aasen om nordisk**, 25,- kr
  - Eg tingar M&M i 1994 for 90,- kr, og får nr. 4/93 gratis.

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

Frå s. 12

samnorskpolitikken, var at dialektane var betre norsk enn det norske måldaningsidealalet. Det norske måldaningsidealalet skulde like fullt vera det førande, for det høyrde storsamfundet til.

#### Tvangsuppnorskning skadde målreisingi

Den klappjakt på samnorske ord og former som Sigmund Skard viser til, kom seg vel millom anna av at samnorske ord og former vart innfiltrert i det norske måldaningsidealalet utan at folket hadde arbeidd deim fram til full rang og rett. Utvallet av tvangsuppnorskningi av det norske måldaningsidealalet, var at dei nynorske ordi og formene fekk lågare prestisje. Dialekt- og nynorskbrukarane kom tapande ut. Målrørsla veikte sin eigen autoritet og kunde mobbast og hånest.

Samnorskpolitikken veikte ned den vidare samanhengen i målreisingarbeidet. I ei tid då det samlande nasjonale felleskapet, det nasjonale samværet og ein gryande internasjonalisme gjorde seg gjeldande, vart det stelt spørsmål ved den lokale stadsidentiteten. Det bata ikkje målsaki.

#### Samnorskstrevet tynte

##### målreisingviljen

Det vart lett å stempla nynorsken som heimstadkultur. Mange riksmålsfolk kunde hevda at målsaki var gamaldags og utan evna til å samla landet attum seg. Folk kjende seg knytte til eit yverordna fellesskap i 50- og 60-åri. Arbeidssamskipnader, bransjesamanslutningar og nye lover og fyrseigner batt folk saman. Det som vart sagt og gjennomført frå leidande medlemer av privat samskipingar og offentlege råd og utval, hadde eit godt nedslagsfelt ute i folket.

Dei som vilde tona fram lokale verdiar som var knytte til by- eller bygdekultur, nådde ikkje fram. Det var tvillaust viktige sosiale og kulturelle brytingar millom ulike sosiale grupper og millom by og land. Store menneskegrupper var på flyttefot og stod i sosiale og kulturelle rollekonfliktar. Dei var uvisse på korleis dei skulde te seg i målbruksamanhang.

Smånskrørsla hadde ikkje noko svar. Halvdan Kohts klasseteori stod avflekt i fortidi. Draumen om det sosialistiske samfundet vart moderera då den kalde krigen tok til. Den gryande internasjonaliseringi tok dessutan knekken på lettverne tankebygnader. Sume hevda at ideologiane var avelidne.

Den passiviteten og likesæla som Skard skildrar og som han freistar å tona noko ned (sjå sida 27), kann koma seg av at det vart trått å samla brennhug bak målarbeidet. Skard og frendane hans vilde at studentar og einskildmenn skulde samla seg um samnorsk, men det stridde imot dei fleste målfolks verdioppfatning. Difor gjekk det

lang tid fyrr Skard vann ein slags aksept for samnorsk i mållaget. Når Skard endeleg hadde vunne fram, gjekk det ikkje lang tid fyrr sume målfolk forma ut den sokalla tvospråkslinia (les reservatlinia).

Mange som høyrer til målrørsla, hev fenge og får presentera uferdige og usamanhangande opplysningar um det som hende i 50- og 60-åri. Det er høgnorskvengen eller massekulturen som øydelagde for målsaki, vil det heita seg.

#### Massekulturen ikkje berre negativ

Når me kjem til 70-åri, kan me høgnorskfolk med full rett segja at i fleire tilfelle spelar høgnorsktradisjonen og massekulturen saman med målrørsla. Utan høgnorsktradisjonen og massekulturen vilde målrørsla truleg ha vore mykje veikare. Kulturstasjonar som kringkastingi, dei nynorske forlagi, nynorskteateret i Oslo og den lokale nynorskpressa, stend alle for massekulturell differensiering som glid inn i storsamfundet. Den dialektvernande tradisjonen som høgnorskrorsla stod for og vidareførde i 50- og 60-åri hev bore frukter. Det kunstige bokspråket som vart innført i 1959 hev møtt motstand. Motstanden hev rett nok ikkje vorte kanalisera beinveges mot den offisielle måltynningi, men like fullt hev han vore merkande. Styremaktene, den norske skulen og samnorskfolket hev vorte uvisse. Dei målpolitiske analysane som dei kjem med, er ikkje lenger eintydelege.

Den pasiviteten og likesæla som kann knytast til at massekulturen veks fram, kann vera etterviseleg nok, men me kann ikkje berre sjå negativt på massekulturen. Målarbeidet i Vestmannalaget skulde prova at målsaki kann stå seg mot massekultur. Mållaget, Vestmannalaget og massekulturen spelar på same lag. Det er på tide at fleire lærer å sanna nett det.

## Nytt um namn

«Nytt om namn» heiter meldingsbladet til Norsk namnelag, og det kom eit nytt nummer no i november/desember. Som vanleg er innhaldet mangsideleg, og ein viss plass tek «Forskriftene om skrivemåte m.m. av stadnamn» - forskriftene hev elles tildeleggitt føresegnene/fyrsegne som visst hev vorte for norsk for dei noverande statsmaktene. Grunn til å merka seg er at sterke hokynsord i hovudregelen skal ha ending -a, men likevel -i der målføret hev ending -i eller -ei. Når serlege grunnar talar for det, kan -na eller -ni nyttast. Bergensk fær -en. Ending -a eller -i skal òg nyttast for bundi fleirtalsform av inkjekynsord. Målføreformer med nært hopeheng til gammelnorsk kann skrivast lid (elles li). I spørsmål um bundi eller ubundi form skal stadnamn skrivast etter målføret.

## Frå Stortinget

Atle Faye i NM fortel at talet på stortingsmenn som vil attgjevest på nynorsk hev stige, fyrebels til 32. Men ikkje alle hev sagt frå um målform enno. På tinget er det to nynorskbrukarar frå Oslo, kanskje for fyrste gong, Arne Hauvik (SP) og Erling Folkvord (RV).

Løyvingi til nynorske lærebøker er påplassa i Tinget, frå 13,8 mill. til heile 23,8 mill. Tilskotet til NM auka frå 500 000 til 700 000. Nynorskheradi får 100 000 og Festspeli 200 000. Frp hev vore imot løyvingar til bate for nynorsk, delvis studde av H.

## Kyrkjemålssiger i Bjelland

Sundag 24. oktober 1993 var det målrøysting um liturgien i Bjelland kyrkja i Marnardal i Vest-Agder. Kyrkja hev tidlegare nynorsk. For 7 år sidan var skulemålsrøysting i krinsen, og då tapte målfolket. I kyrkja gjekk det betre. 26 røysta for nynorsk, 19 for bokmål.

**DAG OG TID**

Grundige og viktige artiklar -  
slik dei står skrevne  
i Dag og Tid -  
vert lesne og verdsette.  
Folk skumles ikkje  
Dag og Tid.  
Dei les henne.  
Dei har tillit  
til henne.  
Dei handlar.  
Er det ikkje ei slik  
avis du òg vil lesa?

**DAG OG TID A.S.**  
Karl Johansgt. 13  
0154 Oslo  
Tlf. 22 11 14 55  
Faks: 22 41 42 10

JA, eg ynskjer å tinga Dag og Tid:

- 1/1 årstinging kr. 420,-  
 1/2 årstinging kr. 225,-

Namn: \_\_\_\_\_

Adr.: \_\_\_\_\_

Postnr.: \_\_\_\_\_ Posstad: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

**Ubunden vekeavis**

# Byidentitet og målsak

Av Lars Bjarne Marøy

Hev me utvikla ein sams byidentitet i Noreg? Me kjenner til at bypatriotismen er levande. Byfolk er byrge av byane sine, og det må dei sjølvsgåt ha lov til å vera. Lat det vera sagt at um eg vel å ha eit målperspektiv på byidentiteten, so meiner eg ikkje å hoggia etter den byidentiteten som er knytt til det norske skriftmålet. Det er ein byidentitet som hører til i ein annan sfære enn den byidentiteten som eg søker etter. Eg trur at både den norske og den norske byidentiteten er røynlege og levande, men den byidentiteten som er knytt til det norske målet, kjem ikkje alltid klårt fram.

Me hev ikkje sterke bytradisjonar i Noreg. Samanlikna med fleire andre land, er me svært lite urbane. Dette tyder at bylivet er mykje knytt til umeidet til byen.


Den første store byekspansjonen i Noreg tok til mot slutten av 1890-åri. Byane hadde til liks med bygdene teke vare på den norske målestokken som vokste fram i millornalderen. Bymålet var like fullt mykje merkt av den norske måldaningi, og sist på 1800-talet byrja den norske måldaningi å verta eit naturleg uttrykksmiddel for byintelligensen. Dessutan vart det åmenne skuletilbodet utvida, og kravet til å te seg innanfor ei språkleg daning auka.

## Folkeflytting frå bygdene

I samanheng med den store byvoksteren forlet mange bygdefolk bygdesamfunni. Dei såg seg betre tente med å arbeida i byane enn på landet. Endå mange fann seg vel til rettes i byane, var det ikkje til å koma ifrå at målidentiteten til sume av dei nye byfolki kom i konflikt med det som var stovereint for det norske målhopehavet. Dei nye byfolki styrkte folkemålsinnslaget i byane, og la press på det norske målhopehavet, som hadde hatt ein makeleg målposisjon fram til hundradårsskiftet. Innyver 1900-talet skulde dette endra seg noko.

Me merkar presset mot det norske målhopehavet gjennom kravet um eit meir folkelegt språk. Den teaterdansen som dei prøvde seg med rundt 1850, før ein lægre og lægre status. Dana daglegtale vert det nye målidealet. Norsk dansen må tola møtet med dei breide bytalemåli, elles vil han tapa i samanstøyten og missa den kultur- og nasjonsberande funksjonen.

Det er kanskje på Austlandet at presset vert tyngst. Nye yverklassebønder kjem i tettare hopehav med yverklassa i byane, og dei merkar presset både ifrå underklassebønder og ifrå arbeidarklassa. Byaristokratiet (yverklassa) er redd for at



som storbøndene hev høgast vyrdnad for. Og det er Oslo som gjer krav på å vera den nøytrale og internasjonale byen til skilnad frå byane i resten av landet. Det er på Austlandet at bøndene hev vore mest underkua og er minst huga på å yppa til strid. Ein vestlandsbonde kunde til tider tora segja kva han meinte um ein talssmann for det norske målhopehavet, for han hev eit individuelt (ikkje eit reinklassemerkt) tilhøve til den det gjeld. Og frendar og bygdefolk vilde meir og mindre stydja han. Ein austlandsbonde kunde derimot risikera sosial utstøytning um han ikkje fylgte det den nasjons- og kulturberande eliten vilde.

Austlendingane vinn auka sosial- og nasjonsberande vilje etter kvart som dei samlar seg i arbeidarorganisasjonar. Dei byrjar reisa seg som einskildmenneske. Utetter 1900-talet vert dei folkelege innslagi i austlandsmål føri meir rådrikne. Det norske målet lyt godtaka visse brigde i 1917. Men tiltaket med jamstelte former i norske landen vert mykje mislukka (sjå Indrebø «Kva er målreising» sida 152 og 153.)

Det er karakteristisk for målinteressa til arbeidarfararane på Austlandet at det først og fremst er norske målet som skal brigdast. Det er klårt at det norske målsidealet stend sterkt yver heile landsluten, i både by og bygd. Bak bokmålet stend resurssterke personar som gjer krav på å representera det einaste naturlege målidealet.

## Vestlendingar held på målet

Stoda på Vestlandet var opnare. Her var bygdemåli so å segja kvar manns eiga. Vestlendingane fekk betre høve til å setja seg inn i målføri elles i landet og kunde gjea meir edruelege og sjølvstenduge vurderingar av vanlege folks talemål. Medan folk i by og bygd i andre landslutar uppdaa at dei kunde snakka fritt utan å vera bundne av det norske talemålsidealet, uppdaa vestlendingane at dersom dei heldt seg til det høgnorske daningsidealet, so samla dei dei norske dialektane i ei norsk folkemålsdaning. Det nyttar ikkje for nokon frå det norske målhopehavet å tvinga ein vestlandsbonde burt ifrå det han såg som det norske målet. Samnorskagitasjonen beit aldri retteleg på vestlendingane, for dei var grunnfeste i eit nasjons- og kulturberande talemålsideal. Sjølve vestlandssamfundet tvinga fram og bar fram det norske målet når det mest galdd um å gjea det, endå um sume riksmafolk freista leggja kjelkar i vegen.

Det er grunn til åtru at byinnflyttarane til

Til s. 9

vestlandsbyane var uviljuge til å leggja um talemålet sitt. Det var jamvel so at sume snakka dialektens sin lika autoritetsfullt i byen som på landet. Difor hev dei vel halde på so mange norske målinnslag i bymåli på Vestlandet. Like fullt kann vel ein og annan tru at at det er fleire bygdemålsinnslag enn det røynleg er, for dert er stor formell skilnad millom norskdansk talemål og vanlege folks talemål i denne landsluten.

#### Austlandsmålet norsk

Den formelle skilnaden millom det norskdanske talemålet og det folkelege talemålet i bygd og by kann verka mindre på Austlandet. Det er likevel grunn til å minnast at både bymåli og bygdemåli hev norske røter som gjeng attende til gamalnorsk og som fylgte med inn i millomnorsk og nynorsk. Dei austlandske målfører hev halde uppe alle vesentlege målmerke som det norske målet byggjer på.

#### Rangdømd målstoda

Den hådlege og fåkunlige umdømmingi av norsk måltifang, hev fenge mange til å døma rangt um den røynlege målstoda. Gjenom undervising og lærebokskriving hev den «norskanske skulen» innprenta i folk at dialektane berre er ein annan måte å uttala det norskanske målet på. Det er sjølv sagt lett å klandra den norskanske skulen for å sjå for perfekt på det norske målet, men det hjelper oss målfolk fint lite å gje det. Det er me sjølv som må kjempa fram endringar i folks måluppfatning. Det er ikkje lenger nokon som steller spørsmål ved um dialektane er norsk folkemål. Det er like fullt mange som undrar seg yver kvifor dei norske dialektane hev fenge eit so stort råderom når dei berre er ein annan måte å uttala det norskanske målet på.

Målet til ein nasjon skal vera samlande og identitetsskapande. I Noreg må skriftmålet kodast um fyrr det kann verta akseptera av dialektane. Skriftmålet samsvarar ikkje med talemålet. Dialektbrukarane vert leide av å sitera frå det norskanske skriftmålet, og dei byrjar taka upp i seg ord og uttrykk ifrå dette målet. Problemet med skriftmålsharmoniseringi vert at dei norske dialektane ikkje hev same ordleidingsmåte og setningsbygnad som norskansken. Det vert soleis jamt sett krav til at det norskanske skriftmålet skal vera naturleg og folkeleg. Det norskanske målhopehavet hev vorte tvinga til å taka umsyn til kravet, men det hev freista å halda det samlande norske målet og serskilt eit norsk målhopehav utanfor.

#### Språkrådet

Offisielt heiter det seg at Norsk språkråd

skal fremja tilnærming millom målformene, men det norske målet hev i mange samanhengar vorte beint vanakta. Dei hev ynskt og ynskjer framleis å halda målstriden mest råd burte ifrå folks kvardagsliv. Noreg skal helst vera eit land utan strid um kva som skal heita norsk mål, meiner dei visst. Gjenom å nøytralisera standpunkt til aktørane i målstriden hev dei trudd at dei skulde sleppa ein ny målekspansjon. Når målfolk og målrørsla vert tappa for visjonar, so fær ein fred, kann sume ha tenkt. Det hev langt på veg synt seg å vera rett.

I dei siste 100 åri hev det likevel synt seg å vera eit problem å definera kva som er fint norsk mål. Den norske nasjonalitetsoppfatningi hev synt seg å vera tufta på ei upphøgjing av lokale skikkar og sedvanar til nasjonale skikkar og sedvanar. Sjølv grunnlaget for det norskanske målhopehavet hev vore å skaffa seg kontroll med dei lokale tradisjonane kring i landet. Største problemet hev dei havt med dei umrådi som hev havt den sterkeste måltradisjonen og den mest innbitne norskdomsviljen. Det er ikkje for inkje at det vert hovora yver husmannskost og husmannstradisjonar når det norskanske målhopehavet kjenner seg audmjuka yver at det ikkje fær definera lokale tradisjonar innanfor sin eigen estetiske målssfære.

Det er teikn på veikt samhald i folket når det i mangt let seg styra av ein framand måltradisjon, og ikkje let dei lokale måltradisjonane i by og bygd få gå opp i ein nasjonal måltradisjon. Folk lyg um sin eigen måltradisjon når dei hoverar yver det norskrøtte målet, samstundes som dei hev større sosial samkjensla med dei som snakkar dialekt enn med dei som snakkar normalisera norskansk. Det er fyrt ved å gå opp i det høgnorske målhopehavet at ein dialektbrukar kann verta sann mot sitt eige talemålsgrunnlag. Fyrst då kann ein læra seg til å forstå og respektera den måltradisjonen som både det norskanske og det norske målet stend for.

Byidentiteten må få utvikla seg både innanfor det norske og det norskanske måldaningsidelet. Byfolk lyt verta medvitne um at dei målmerki som finst i dei breide bymåli er ein lut av det estetiske grunnlaget som bind saman lokale tradisjonar i by og bygd, og at det norskanske målhopehavet hev makt til å definira burt den regionale og nasjonale samanhengen og kontinuiteten i tilhøvet millom bygdemål og bymål. Den likesæle målpolitiske holdningi som Norsk språkråd stend for, er aveldra. Det einaste Språkrådet kann få gjort, er å halda målfolket og målrørsla i sjekk, medan dei gjer knebøyg for det norskanske målhopehavet.

#### Høgnorsk bymålsvokster

Språkrådet hev vore eit kvitvaskingsorgan for dei som vilde tvinga fram eigne målpolitiske standpunkt på kostnad av andre. Det er ikkje rart at smånorsktilhengjarar (mange av deim), samnorskfolk og riksmafsfolk hev kunna vore samde um at høgnorsken og høgnorskfolket skulde haldast utanfor. Det høgnorske målet kunde koma til å avdekka pinsame sanningar um målpolitisk intoleranse. Høgnorsken kunde koma til å opna for ein gamal kultur, ein kultur som lever vidare den dag i dag. Det kulturlivet som kann knytast til det høgnorske målet er eit kulturliv som ikkje 'let seg rikka av bakstrevrar og måltynnar. Til dette kulturlivet høyrer litteratur av høgnorsknaere forfattarar som Uppdal, Vessaas og Duun. Det er ei målform som gjev meinig til målutviklingi i byane og som gjev dei breide bymåli tilgang til det høgnorske estetiske grunnlaget.

Den høgnorske målformi er revolusjonær. Ho lyfter folkemålet fram til den same autoritetshøgdi som det norskanske målidelet. Ingen kann gjea narr av høgnorsken fordi han er fin. Det er snarare tvert um dei som er med i eit komande sterkt høgnorskt målhopehav som kann mobba det norskanske målhopehavet med å fortelja kor fint mål dei hev.

I kampen for det høgnorske folkemålet kann me spryja som me gjorde i innleidingi: Hev me utvikla ein sams byidentitet i Noreg? Det er kring dette spørsmålet me lyt sirkla, um me skal vinna fram andsynes det tilstivna Språkrådet.

## «Attersyn» kjem att

Sjølvbiografien til presten og skalden Anders Hovden (1860-1943), *Attersyn*, kjem ut att i år (i kommisjon hjå Samlaget), etter at boki lenge hev vore utseld. Det er ei fratalande bok, opi og beintfram, med upplevingar og hendingar som må kallast historisk forvitnelege, ikkje minst det som knyter seg til 1800-talet og skildringane av møte med mange namnkjende personar. Anders Hovden var frå Hovdebygda i Ørsta på Sunnmøre, sambygding med Ivar Aasen, som òg hjelpte den unge Anders Hovden i studentdagane i hovudstaden.

Me hev ikkje sett den nye utgåva av Attersyn enno, og me vil tru at mange med oss ser fram imot å få boki i hende.

Den nye utgåva er innbundi, les me, og prisen er 230 kronor.

## Eitt steg fram og two tilbake

Av Lars Bjane Marøy

Magne Aksnes skreiv i Språklig Samling nr. 1.1992 m.a.: «Ei reell fri språkleg utvikling burde tilsi at språkradikale skribentar innanfor begge språkleirar blir oppmuntra til å drive aktiv eksperimentverksemd med siktet på å tøye rettskrivingsnormalane mot ein framtidig syntese - og det utan å verte hindra av konservative krefter i samfunnet. At ein slik syntese er mulig, viser ikkje minst framvoksteren av blandingsdialektar i byar og tettstader.»

Eg bit meg merke i ordleggjungi «framvoksteren av blandingsdialektar i byar og tettstader.» Det hev vorte til ein heller ålmenn synsmåte at lausivingi frå nynorsknormalen hev gjeve seg uttrykk i eit blandingsmål. Blandingsmål vert assosiera med den sterke stellingi som dialektarne hev fenge her til lands, og då radt serleg dei bydialektarne som ligg nær upp til ei eller anna målform som folk i Språkleg samling kunde koma til å få interessa for. Leidande målfolk, til og med høgnorskfolk, hev til ein viss grad studt upp um påstanden um at dei norske målemni i bymåli hev vorte styrkte. Samnorsktilhengjarane vil vel i tillegg peika på at dialektarne i bygderne hev vorte likare dei radikale målformene. I denne samanhengen vil eg tru det kann vera skilnader millom landslutarne. Det kann soleis vera grunnlag for ei meaningsutveksling millom folk frå ymse dialektumråde. Like fullt trur eg at den språklege utviklingi fylgjer visse sams vegar. Eg skal freista gjea greida for den målutviklingi som ligg nærest på hjarta.

### Uppkløyning og perspektivløysa

Når ein snakkar um blandingsmål i dag, hev ein vel helst blandingi millom dei two skriftmåli i tankarne. Ei slik avgrensing umfattar ikkje det norstkanske danings-idealalet. Dei som snakkar mest um blandings-talemål, let ikkje til å vrorda noko større på det norstkanske daningsidealalet. Dei er glade til kvar gong dei trur det vert færre innanfor norstkansk målhopehav med norstkansk daningsideal. Dei reknar visst dialektbruken som det beste uttrykk for «folkemålet».

Talet på dei som soknar til det norstkanske målhopehavet ser like fullt ut til å vera tolleg stabilt. Medlemmerne markerar ein elite, men det gjer deim ikkje naudsynlegvis til det Magne Aksnes kallar «konservative krefter i samfunnet». At avisor og blad er varsame med å lata dei radikale formerne i det norstkanske målet få koma fram, er vel m.a. fordi dei ynskjer å halda uppe eit upphøgd talemål - eit daningsideal. Lesararne vurderar skriftnormi utifrå estetiske oppfatningar av eit normaltalemål, og det same gjer dei som skriv. Dersom ein skal endra skriftmålet i avisor og blad, må ein også endra den måluppfatningi som lesararne

hev av å sjå former som ligg deira eige talemål nær. Sjølv meiner eg at Aksnes og mange andre hev feil innfallsvinkel. Det nyttar ikkje å gyva laus på det norstkanske målhopehavet med kvasse skuldingar um myrkeblå rangvilje. Det er avvulgærising og styrkjing av vanlege folks talemål som må vera eit siktemål for alle medvitne folkemålsvenner. Skal ein vinna fram i tevlingi med norstkansk, må ein lyfta fram klare tankar og fyrestellingar um kva som er eit godt norsk talemål, og kva som ikkje er det. Dersom eg tykkjer det er naturleg for meg å segja *høy* og *lav* i staden for *hog* og *log*, so må eg ha ein studhad for det i det norske målet. Eg må få greida på kva som er god norsk. På same måte som ein som skriv norstkansk og er i tvil um han kann skriva *tjukk* og *breid*, før rettleiding i det upphøgd norstkanske talemålet, må det norske daningsidealalet gjeva rettleiding. Det upphøgd norstkanske talemålet vil støyta ut *tjukk* og *breid*, sameleis som den høgnorske daningi vil støyta ut *høy* og *lav*. I byråkratisk og i framandgjort nynorsk mål vil me kunna finna døme av same slag som *høy* og *lav* som snik seg inn i det norske målet, samstundes med at samnorsktilhengjarar vil ha dei motsatte formerne av typen *hog*/*log* inn i norstkansen. Det er upplagt at det norske målet manglar eit daningsideal. I dag er det norske målet i uturvande grad ei skriftnormering av bygdemål med mange og vilkårlege innflot frå norstkansen. Det er dét eg meiner med eit framandgjort nynorsk mål. Det stend ikkje for talemålskontinuitet, men for talemålsuppkøyning og perspektivløysa.

### Høgnorsk daningshorisont i byen

Eg meiner at Magne Aksnes gjer ein grunnleggjande feil når han seger det hev vakse fram eit blandingsmål i byar og tettstader. Feilen er at han godtek ein teori/idé um at det norstkanske talemålet i seg sjølv er eit uttrykk for norske dialektar. Eg hev all respekt for talemålsbruken til det norstkanske målhopehavet, men det upphøgd norstkanske talemålet var i utgangspunktet - og er vel enno i dag - i stor mun norsk uttale av dansk. Eg vil hevda at det norstkanske daningsidealalet ikkje hev nokon rett til til å få styra over ei målutvikling som vil heita seg å vera reell og fri. Det norstkanske målet er eit mål for seg sjølv og vil vera det i all tenkjeleg framtid. Dei innfloti eller etterfari som det norstkanske målet set og kan koma til å setja i dei breide bytalemåli, vil soleis i mange og kanskje dei aller fleste tilfelli vera kunstige. Dei breide bymåli bør ideelt sett styrast av ei anna måldaning. Eg meiner at det høgnorske målet er det einaste målet som kann endra den estetiske daningshorisonten til byfolk.

### Utan høgnorsk daningsideal opnar me for riksmałsknot

Upphavet til at det høgnorske målet hev gjort krav på å representera nasjonen Noreg, er ikkje at målet kann brukast til å konstruera norske skriftmålsvariantar etter kvar einskilds godtykkje. Sume samnorsktilhengjarar let like fullt til å tru at alle norske talemåls- og skriftmålsideal som ikkje er høgnorske, er meir naturlege, moderne og frigjorde enn høgnorsken. Ei grunngjeving for slike synsmåtar er at høgnorsken er gamaldags, unaturleg og underkuande. Det er upplagt at det er det høgnorske daningsidealalet samnorsktilhengjarane gjeng til å tak på, for dei seger noko slikt som «det gjeng ikkje an å snakka slik». Når dei hev stigmatisera det høgnorske daningsidealalet, gjeng dei laus på skriftmålet.

Det som vert ein tankekross ved framgangsmåten til samnorskfolket, er at når dei riv vekk det høgnorske daningsidealalet, so riv dei samstundes vekk utgangspunktet for samnorskpolitikken. Dei let det norstkanske målhopehavet få råda åleine. Det høgnorske målhopehavet, i den mun det finst noko slikt, hev vorte gjort til lått og løgje. Me kjänner vel alle til hådlege um enn humørfulte frasor som «steikje bokji» og «kvirsleis gjeng det». Me veit også at høgnorske folkemålsord som var dømde burt og vekk for mange år sidan, hev yverlevd. Framleis kann frigjorde dialektbrukarar nyttja moderne og naturlege folkemålsord, som so for så, *nott* for natt, *tonn* for tann, *trapp* for trapp, *gjeng* for går, *stend* for står, *fær* for får og meir slikt. Det er vanskelegt å forstå korleis høgnorske ord i dialektarne kann verta lovpriste som naturlege, moderne og frigjorde medan dei same ordi vert avviste som gamaldagse i nynorsk tale- og skriftmållssamanhang.

Eg trur slike paradox hev utgangsstoda si i at yme talemålsvariantar på Austlandet hev vorte rekna for å liggja innanfor den rette talemålsnormi for resten av landet. Difor hev sume austlendingar berre vilja akseptera den luten av høgnorsken som samhøver med deira riksdekkjande måluppfatning (som i røyndi kann vera nokso lokal). Det er talemålet *deira* som skal avgjera korleis det norske målet skal sjå ut, meiner dei. Det dei ikkje tykkjест å tenkja like mykje på, er korleis den dialektale daningsuppfatningi kann vera i andre lutar av landet. Når dialektarne på Vestlandet er lausivne frå den nynorske målformi, tek dei inn målformer frå det norstkanske riksmałet - som *høy* og *lav*. Ein austlending kann segja *slippa*, medan austlendingen kann segja *sleppe*. Når me tek vekk det høgnorske daningsidealalet som normdanar for skrift og tale, opnar me for miskytndt (ueinsarta) dialektalt riksmałsknot.

Til s. 11

Frå s. 10

### Eit bymål kann tolkast ulikt

Eg nemnde i innleidingi at sammorskfolk vil hevda at den målutviklingi me hev havt i nyare tid, lat meg segja etter 1970, hev førd til at målformi hev vorte meir sammorsknaer på bygderne. Eg skulde ha peika på tilhøve som syner at eit slikt synspunkt er rangt for Vestlandet sin part. Korleis det er på Austlandet og elles i landet, er eit interessant spørsmål, men det skal eg ikkje taka fyre meg her. Eg skal heller koma inn på utviklingi i bymåli.

I Bergens bymål av eldre dato (fyre 1970) finn me eit tydeleg innslag av høgnorske målformer som samsvarar med radikal norskansk. Det heiter *sjuk, tjukk, laus, golv* og liknande. I vår tids bergensk heiter det fylgjestrengt *syk, tykk, løs* medan golv og gulv vert nytta um kvarandre. Dei norskanske målformerne hev vorte skubba fram under merke av å vera estetiske. Det hev bore, til ei estetisk yverføring frå det norskanske målhopehavet og til det breide bymålet. Det er grunn til å leggja merke til at det breide bymålet er eit talemål som dei bymållsnakkande hev eit suverent herredøme yver. Det finst knapt nokon som hadde lagt um frå breide bymålsformer til «dana» former på friviljut grunnlag. Det norskanske målhopehavet hev dessutan aldri hatt lågare prestisje som normdanar i kultur- og nasjonsberande funksjonar enn i dei siste tjuge åri. Like fullt hev det skjedd ei estetisk yverføring frå det norskanske målhopehavet til det breide bytalemålet! No er sjølvsgått målsituasjonen i Hordaland sermerkt, av di dei som kjem til Bergen frå resten av Hordaland og Vestlandet ikkje so lett glid inn i dialekten. Det er stor skilnad på bymann og stril.

Eg trur like fullt at ålement er det gale å snakka um dei breide by- og tettstadtmåli som blandingsmål. Det er vel heller snakk um ei tilmåting av dei breide talemåli etter den estetiske normi til det norskanske målhopehavet. Det er nett det norskanske målhopehavet og det målestetiske romfanget (kapasitet) det sit inne med, som hev forma dei breide talemåli. So lenge skriftmålet i stor mun samsvarar med talemålet til ei gruppa menneske, vil born med foreldre som kjem frå landet/bygderne trengja undan folkemålsformer frå meir upphavlege dialektvariantar av dei breide by- og tettstadtmåli. Nokre vil kannhenda undra seg når eg skriv at born med foreldre tilflytta frå landsbygdi vil trengja undar upphavlege dialektvariantar av bymålet. Det er sjølvgjeve at eg ikkje kann prova dette. Det er ein påstand. Eg meiner at born med foreldre som kjem frå landet, hev ring kunnskap um korleis bytalemålet hev vorte snakka til no. Dei nye bymållsnakkande er

Meld deg inn i

## Ivar Aasen-sambandet

*Ivar Aasen-sambandet er ein landssamskipnad som hev til fyremål å berge og dyrka det norske målet på heimleg norsk og norrøn grunn i samhøve med verket åt Ivar Aasen, varna det mot uppblanding, uppløysing og avgloyming, og trottugt arbeida for at det til kvar tid og på alle umkverve kann vera ein fullgod ordleidings-reidskap for nordmenn.*

Sambandet er ope for lag og einskildmedlemer.

Lagsfolk kann gjerne vera med i andre mållag.

Lagsskatt for einskildmedlemer 1993 kr. 50,-.

Postgiro 0814 20 27 209

Innmelding til kassastryaren:

**Ivar Aasen-sambandet**  
v/Torolv Hustad  
Elvenesvegen 10 C  
5050 Nesttun

Tlf. 05-10 15 32

det truleg som syter for dei estetiske justeringane av det breide bytalemålet. So framt det norskanske talemålet hadde vore eit daudt mål, vilde det ha vore uråd å gjera ei estetisk yverføring. Men i og med at det norskanske målhopehavet er representera i alle byar og tettstader, vil dei som hev bygdemålsbakgrunn verta farga av denne daningsuppfatningi. Det er so å segja rom for å tolka eit bymål på mange ulike måtar.

### Brytingsmål

No er det dessutan snakk um ei anna form for estetisk yverføring. Visse former av det breide bymålet vert forsterka av at det kjem til fleire bymållsnakkande med foreldre som talar eller hev tala eit bygdemål. I bergensk hev eg-ikkje-mål fenge høgare status. Problemet med ei slik forsterkande estetisk yverføring er berre det at so lenge ho fell saman med ei estetisk yverføring som gjeng i leid av det norskanske målhopehavet, so vil ho aldri skapa eit samlande mål. Skal ein skapa grunnlag for eintydige estetiske yverføringar frå norsk til norskansk, må ein taka utgangspunkt i det høgnorske daningsidelet og det høgnorske målet. Bymåli og tettstadtmåli er ikkje som Magne Asknes hevda blandingsmål. Dei er å rekna for brytingsmål. Dei brytst millom ulike estetiske måluppfatningar.

## Islandsk bondeferd til Voss, Hardanger og Sogn

Ei stor ferd av islandingar hadde ei fire dagars vitjing på Voss og i Hardanger i kvitsunnehelgi. Det var ei bondeferd, og godt og vel 100 islandingar var med. Dei reiste med eit Loftleidir-fly grytidleg fredag fyre kvitsunn og kom til Flesland kl. 8<sup>30</sup> morgen. Etter nokre timars upphald i Bergen førde two store bussar islandingane til Voss der dei budde på two yvernattingsstader. 3. pinsedag, tysdag, gjekk ferdi attende til Bergen med bussar, og etter nokre timer der bar det til Flesland der flyet venta.

Det var sers stor tilslutnad til denne Noregsferdi, og dei som var med, fekk i fyrste rekkja møta Vossabygdi, ei bygd som hev god klang på Island, ikkje minst av di so mange unge islandingar gjekk på Voss folkehøgskule i tidlegare år.

I programmet for upphaldet i Noreg var utferder i bussar. Ein dag gjekk ferdi til Ulvik i Hardanger, ein annan dag fekk islandingane møta Stalheim, Gudvangen og andre kjende stader i Nærøyfjorden i Sogn. Dei var òg innum bondegardar på Voss.

L.J.

M. S. 93

# Skilnader millom det nasjonale og sosiale?

Av Lars Bjarne Marøy

Språkrådsleidars Geir Wiggen heldt for ei stund sidan ei utgreiding um målstoda og um arbeidet til Språkrådet. Utgreidiingi vart send i radioprogrammet Språkøyra, ein fast programpost som tek upp språkspursmål. Wiggen kom mot slutten av utgreidiingi si inn på nasjonale og sosiale grunngjevingar i målpolitisk samanheng. Eg hev hug til å kommentera noko av det Wiggen kom inn på.

Wiggen definera det sosiale og det nasjonale synet i målstriden. Det nasjonale synet samia han under definisjonen: «Det er rett å snakka eller skriva slik og sånn, fordi det er det beste uttrykket for norsk identitet».

Wiggen definera det sosiale synet slik: «Ingen som høyrer til det norske språksamfundet skal kjenna seg «beklemte». Dei skal ikkje synast at språket er framandt og vanskelegt for deim, medan andre skal få ha det akkurat slik som det passar deim. Språket skal ikkje vera ei kjelda til diskriminering. Å lesa og skriva skal vera like lett for alle. Alle skal kjenna den same egedomsretten til språket».

Seinare i utgreidiingi kom Wiggen noko inn på moderne målideologisk tenkjing. Han viste først til at det sosiale synet og «ei praktisk politisk grunngjeving for våre språkpolitiske handlingar» hev vore rådande dei tjuge siste åri.

Den nasjonalideologiske tradisjonen hev i dag vorte uppteken av dei unge, som vil ha fram det reine, gamle og upphavlege målet, sa Wiggen. Han hadde tidlegare vist til at nasjonalideologien i målpolitisk samanheng vart avveikt under krigen.

Han meiner at dei unge vil knyta seg til ein gammal kultur. Med den nasjonalismen som reiser seg i Europa i dag, er det grunn til å merka seg at ungdomen stend fram med nasjonale språkhaldningar, resonnera Wiggen seg til. Wiggen meiner at dei unge ikkje hev hug til å driva med det målpolitiske kvardagsstrevet, og at dei hev trong til å reisa seg ein høgare himmel yver til været. Me må ikkje gløyma at nasjonalismen er eit barn av romantikken, åtvara Wiggen.

Me fær vera glade for at det enno berre er på den kulturpolitiske og verbale arénaen at nasjonalideologiske haldninga kjem fram, sa Wiggen.

Det skulde vera klårt at Wiggen hev eit haldningsmerkt tilhøve til dei definisjonane han gjev, og til dei

merknaderne han kjem med etterpå. Men vitsen med ein definisjon må vera at han steller visse krav til den som set han upp. Det Wiggen gjorde i utgreidiingi si var å definera det sosiale målsynet slik at det svara til alt han rekna for objektivt og nøytralt. Det nasjonale målsynet definera han derimot so trøngt at me kann få inntrykk av at det stend i motstrid til den objektiviteten og nøytraliteten som det sosiale målsynet vart tillagt. Wiggen konkretisrar ikkje det sosiale målsynet. I staden kjem han med usaklegskap som at dei unge tilhengjarane av nasjonalt målsyn vil knyta seg til ein gammal kultur. Wiggens utgreiding fell endå meir av led når han assosierar tilhengjarar av nasjonalt målsyn med valdeleg bruk av nasjonalideologien.


**Høgnorsk levande part av samtid**  
 Høgnorsken høyrer ikkje berre til ein gammal kultur. Han er òg ein levande part av samtid. Høgnorsken atterspeglar mangfeldet i dei norske dialektarne. Dei som hev hevd eit sokalla sosialt målsyn, hev vore! upptekne av å bryta ned den sørnorske måltradisjonen som er knytt til høgnorsken. Dei hev trudd at me laut gjera det norske målet likare norskdansken, fordi norskdansen styrer målnormeringi og dialektutviklingi på stader der norskøtt mål stend veikt. Det sosiale målsynet hev ynskt å vinna fram med norske sermerke på same tid som det hev avskore seg frå det målet som hev synt seg å taka best vare på dei norske målmerki. Den smårørske måltradisjonen atterspeglar ikkje dei grunnleggjande avbrigdi millom dialektarne. Folk hev ikkje fenge syn for at dialektarne i ymse landsluter er oppbygde etter dei same taalemålsprinsippi, og at desse taalemålsprinsippi kann realiserast innanfor alle norske dialektar. Me høgnorskfolk trur at folks haldningar til det norske målet vil endra seg, dersom det høgnorske målet fær verta nytta av alle deim som ynskjer det. Språkrådet bør etter vår mening jamstella eit formverk som er opnare mot dei sermerkt norske målgrunndragi, men hev mindre valfridom i skrivemåtar for reine ordformer.

Problemet i dag er at dialektarne er underordna det norskdanske målhopehavet (dei som snakkar og skriv norskdansk). Det nyttar difor ikkje å lata det norskdanske målhopehavet få ha einerett på ei opn markera ved skilnad millom a-mål og eit slutta bøygningssystem («fel-

leskjønn»). Det nyttar ikkje å forma ut det norske målet på ein slik måte at det samsvarar mest råd med sume sokalla bokmålsdialektar, samstundes som ein riv normgrunnlaget burt frå norskøtt mål.

Wiggen segjer so fint i definisjonen sin at ingen som høyrer til det norske språksamfundet skal synast at språket er vanskelegt eller framandt for deim, medan andre skal få ha det akkurat slik som det passar deim. For ein bergensar som er oppvachsen med strilemålet som morsmål, verkar Wiggens tenkjemåte banal. Det bergenske bymålet i breid eller normfullenda form og austlandske bymål med skilje millom a-mål, slutta bøygningsverk og sume norske målmerke, fær råda fritt.

Til s. 14



W.G.93

### Framandt og unaturleg mål

Eg hev ofta tykt at språkrådsnorsken er vanskeleg og framand for meg. Då eg gjekk i grunnskulen og på gymnaset, trudde eg at eg kunde få hjelp til å skriva nynorskstilar av mor mi som snakkar eit «nynorskt målføre». Eg veit um fleire andre som hev trudd det same. Svaret er: Nei, det der kann me ikkje hjelpe deg med. Me lærde nynorsk i skulen, men no hev dei laga det so vanskelegt til at no veit me ikkje kva som er lov og kva som ikkje er lov å skriva.

Det er mest ingen som er i stand til å snakka anna enn kunstig nynorsk i radio og på fjerrsjå. Den talemålsnormeringi som fær koma fram i det norske samfundet i dag, gjer det norske målet til eit unaturlegt mål som ikkje samsvarar med det levande talemålet kringum i landet. På toppen av det heila upplever me at austnorske dialektar tykkjест mest norske, fordi dei hev ein meir skriftypisk uttale. Austlandske bymål hev former som *er*, *var*, og *mener/meiner* i presens, medan dialektarne i mykje av landet elles hev presensformerne *e*, *va*, *mene/meine*. Når det austlandske bymålsgrunnlaget fær ha råderetten i normera norskdansk talemålsbruk, innbiller sume seg at den normi, anten ho er samnorsknær eller ikkje, må vera normdanar for dei norske dialektarne. Då gjev folk med nynorsk dialektbakgrunn upp. Dei vert målpolitisk framandgjorde. Det er parodisk åtru at ein

kann få norsk og norskdansk til å glida saman på austlandsk bymålsgrunn. Det er nett måldaningi i byarne som hev hindra ei samanveksing millom by- og bygdemål. Dei breide bymåli hev vorte ståande att som eit formbrytingsmål som treng studnad frå høgnorsken og ikkje frå norskdansken eller læreboknynorsk.

### Få fram det ekte talemålet

Det bør framleis vera valfridom millom a-former og eit slutta bøygningsverk i det norskdanske målet. I-former og a-former bør få vera jamstelte former i det offisielle norske skriftmålet.

Det er ynskjeleg å få fram det ekta og naturlege talemålet. Det er eg og Wiggen samde um, men me må, meiner eg, vera visse på at me fær med oss heila landet. Me kann ikkje lata ein landslut få styra målnormeringi um talemålet i denne landsluten hev halde uppe eldre og meir skriftypiske former som presensformerne *er*, *var*, *meiner/mener* m.m.

### Ein nynorsk for folk flest

Det fremjar ikkje talemålet til lægre samfundssjikt at nynorsken hev mange valfrie former, men det fremjar vyrnaden for vanlege folks talemål at det norske målet held uppe grunnleggjande skilje i bøygningsverket, slike som *funni* og *funne* (av å finna). Det skadar ingen at det fær lov å heita *boki* og *kjenslor* på lik lina med *boka* og *kjensler*. Det som derimot skadar

talemålet til folk flest er at det vert heitande *boka/boken*, *jental/jenten*, *funnet for funni* og *båret for bori* (av å bera). Det gjer at folk kjänner språket som framandt og vanskelegt.

Mi uppmoding til Wiggen er: Lat oss stå saman um å fremja det underkura målet kvar på vårt vis. Me unge hev dei same kjenslorne for folkemålet som du. Me freistar vera so røyndomsnære som me kann. Me vil slett ikkje knyta oss til ein gamal kultur. Me vil tvert um at flest mogelegt skal uppnå sosial og kulturell kompetanse gjennom å tileigna seg det høgnorske målet. Valfridomsmålet aukar ikkje vyrnaden for og samhaldet um det norske folkemålet. Valfridomsmålet fremjar målpolitisk framandgjering, og knapt stort anna. Lat oss motverka det norskdanske talemålsidealet gjennom ein talemålsnær normera nynorsk. I eit slikt mål bør den sørvestlandske j-uttalen få vera med, men målet kann nyttast med grunnlag i alle norske dialektar.

Wiggen synte stor vilje til å læra opp den nynorske programleidaren og andre målfolk til å tenkja målpolitikk. Men burde ikkje Wiggen ogso ha tankar for at det nynorske målet må vera brukande for folk flest?

**makt**

- \* Mål og Makt er tidsskriftet til Studentmållaget i Oslo
- \* Mål og Makt er det leiande målteoretiske tidsskriftet i målrørsla
- \* Mål og Makt kjem med 4 nummer i året og kostar 90,- kr i 1993
- \* Mål og Makt nr. 4/1992 har kome. Der finn du:

Det nynorske huset treng **vøling** av Ola Breivega  
 Om formatering av språk og folk av Olav O. Randen  
**Språkleg tradisjonalisme. Melding av K.E. Steffens: Mønstre i opplosning av Kjell Venås**  
**Mytar og motmytar. Om "norsk" og "islandsk" i sogetida av Lars S. Vikør**

- 
- Send meg M&M nr. 4/91 **Målrørsla: Fell farge til fell tild?**, 20,- kr  
 Send meg M&M nr. 1/92 **Bymål. Norsk kulturpolitikk**, 25,-  
 Send meg M&M nr. 2/92 **Talemål**, 25,-  
 Send meg M&M nr. 3/92 **Språk på Nordkalotten**, 25,- kr  
 Send meg M&M nr. 4/92 **Nynorsk vøling eller nynorsk bøling?**, 25,- kr  
 Eg tingar M&M i 1993 for 90,- kr og får nr 4/92 gratis

NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ STAD: \_\_\_\_\_

Send til: Mål og Makt, Nordahl Bruns gt. 22, 0165 OSLO

### Vladimir til Noreg?

Noregs Mållag hev landsmøte i Ulvik i Hardanger 29.-31. juli, og Gula Tidend hev gjort upptak til ei innsamling som skal dekkja kostnaden med ein Noregs-tur i tilknyting til landsmøtet for vår høgnorskskrivande russiske ven fra Astrakhan, Vladimir L. Puzatov.

Innsamlingi hev møtt velvilje hjå målfolk av alle slag, vestmenn og andre, og me må berre stydja tiltaket. Det er ei kostesam ferd frå Astrakhan til Ulvik, og summen bør vera so stor at Vladimir fær høve til å sjå seg litt ikring i landet.

Tilskot, små eller store, kann sendast til:

«Vladimir til Ulvik», Postboks 250, 5001 Bergen .

postgiro 0826 0119045.

## Riksmål for folket

Av Lars Bjarne Marøy

Heilt frå eg var nokso ung er det eit språklegt problem som hev interessert meg. Det er skilnaden millom mitt eige bergenske talemål, eit sokalla breidt bymål, og det høgstatusmålet som tek utgangspunkt i same dialekt. Dei som hev snakka høgstatusmålet hev på ein undersam måte hatt ei usynleg makt yver meg. Det skil seg ikkje på um dei hadde nett same tankarne som eg, og greidde målbera deim betre enn eg sjølv kunde. Ogso andre enn dei som snakka høgstatusmål kunde greida å gjera sameleis. Nei, det er ein slags arroganse, eit hovmod, ein finleik i framferdi. Det er som dei segjer til meg at dei målmerki som du ber med deg, dei er ikkje fine nok: dei må skiftast ut, so framt du skal få fram den nasjonale serhatten i din personlegdom.

Eg hev mang ein gong gjennomlevd eit slags intimt samband med fleirtalsmålet, det breide bymålet. Det breide bymålet er målet til grasrota, men dette fleirtalsmålet er underlagt skriftmålet til dei høgprestisjesnakkande. Mange tenkjer som so at me skriv slik som høgprestisjefolki snakkar, men det er unormalt å snakka slik. Difor trur dei at talemålet deira er ein annan måte å uttala skriftmålet på. Folk manglar språkleg kompetanse til å lyfta dei norske målmerki sine fram og gjeva deim fulle rettar.

Dei som held på eit norskdanskt høgprestisjemål hev heilt frå 1814 vore ute og forsvara seg, og den norskdanske målvitskapen hev arbeidd med å rettferdigjera stoda til eit norskdanskt høgprestisjemål. Det norskdanske høgprestisjemålet hev fenge ei umfattande estetisk dyrking i blad, bøker, radio og fjerrsjå, og dei som held på eit normalisert høgprestisjemål, hev synt seg å vera motstandsføre mot mangt og mykje. Me på høgnorskvengen derimot hev vorte utstøytte og hædde ikkje berre av mange norskdanske høgprestisjesnakkande, men ogso av menneske som burde ha vyrnad og age for godt norsk folkemål. Jamvel slike som hev freista leggja seg nær upp til vårt mål, hev nekta oss retten til å lyfta fram målet vårt av den eine grunnen at me tykkjer det er vent. Redsla for venleiken i det høgnorske folkemålet skulde berre ha funnest hjå nokre fåe som er redde for sitt eige normaliserte norskdanske talemål. Like fullt hev ho vore um-seg-gripande.

Korleis rettferdigger so kritikarane våre denne redsla. Eg skal taka fyre meg

Meld deg inn i

## Ivar Aasen-sambandet

*Ivar Aasen-sambandet er ein landssamskipnad som hev til fyremål å berga og dyrka det norske målet på heimleg norsk og norrøn grunn i samhøve med verket å Ivar Aasen, varna det mot uppblanding, uppløysing og avgloyming, og trottugt arbeida for at det til kvar tid og på alle umkverve kann vera ein fullgod ordleidings-reidskap for nordmenn.*

Sambandet er ope for lag og einskildmedlemer.  
Lagsfolk kann gjerne vera med i andre mållag.

Lagsskatt for einskildmedlemer 1993 kr. 50,-.

Postgiro 0814 20 27 209

Innmelding til kassastryren:

**Ivar Aasen-sambandet  
v/Torolv Hustad  
Elvenesvegen 10 C  
5050 Nesttun**

Tlf. 05-10 15 32

eit synspunkt som stend samnorsk-, bokmåls- og riksmålsfolk nær.

Me treng ikkje eit normalisert talemål, for alle skynar dei dialektarne dei sjølve ikkje snakkar. Det er sant nok at Noreg skil seg ut frå svært mange andre land som hev umfattande dialektskilnader. Det er like fullt slik at skriftmålet hev vidare funksjonar enn berre den eine at folk skynar eit normalisert skriftmål betre enn dialektarne. Skriftmålet lever i og millom menneske og hev både ein litterær-, ein kulturell- og ein nasjonalverdi. Skriftmålet lever i menneske av di dei les bøker og andre tekster og av di det som stend på prent på eit vis representerer noko upphøgd, og det lever millom menneske av di songar, upplesen litteratur, litterære sitat m.m. vert nytt i nær sagt alle tenkjelege millommenneskjellege tilhøve. Å nytt det norske skriftmålet som ligg lagra i den norske mannahugen på ein slik måte at det speglar av ein samnemmar for dei norske dialektarne, vil vera å hjelpa fram den reint språklege åferdi. Som ligg under den språklege samhandlingi til eit folk i same samfund.

Slik stoda er i dag, er det dei som snakkar det norskdanske høgprestisjetalemålet som hev uppnådd

samsvar millom det me kann kalla det indre sjelespråket og det ytre nasjonsberande talemålet og skriftmålet. Dei som snakkar høgprestisjemålet gjev gjerne slepp på sin eigen dialekt og skifter um til ein ny. Det treng ikkje vera nokon stor skilnad millom å snakka høgprestisjetalemålet i den eine eller den andre byen, so lenge ein hev det yverordna målet for augo at ein skal snakka nasjonsberande. Dei breide bymåli og dei fleste dialektarne på landet manglar den same elastisiteten.

Det stend ikkje til å nekta at det me kann kalla det norskdanske målhopet, markerer språklege verdiar og ein språkleg kompetanse som gjer krav på å vera nasjonsberande. Det norskdanske målhopet er, som ein slutta heiskap, fiendsleg til det høgnorske folkemålet. Endå um nokre innanfor det norskdanske målhopet kann vera øplyndte andsynes målsaki, so er dei fiendslegt stelte mot folkemålet som fylgje av det målhopet dei representerer. Men der som me let mange einskildmenneske innanfor det norskdanske målhopet få sans for folkemålet - og kann me få jamt fleire til å skyna kva for kjenslor folket hev

Til s. 12

Frå s. 11

til talemålet sitt - so kann me bryta ned noko av den arrogansen som ligg til det norskdanske høgprestisjetalemålet.

Det er no elles ikkje slik at me høgnorskfolk er motstandarar av dansk og danskrøtt mål, slik sume hev havt vondhug nok til å hævda. Me er glad til for all respekt og heider me kann vinna, og vinn me heider og respekt hjå deim som lyt vera motmennene våre, er det ingen ting som batar saki vår meir. Ingen som snakkar norskdansk høgprestisjemål skal vera mismæta av vestmennene, men det målhopehavet som dei som snakkar dette høgprestisjemålet stend fyre, det skal me taka brodden av.

Me vestmenn er mest som eit eige målhopehav. Hjå oss er det det norske daningsidelet som råder grunnen. Her vert det snakka normert norsk, her er det norsken som er høgprestisjemålet. Me er beintfram i kappestrid med det norskdanske målhopehavet.

Når det er «selskap» i dei huslydane som vil rekna seg som rike/kondisjonerte, so lyt borni snakka dana her i Bjørgvin. I alle fall hev det vore skikken. Kanskje hev den skikken vore med på å grunnstydja (motivera) dei sokalla bergensmålmennene til å skipa Vestmannalaget. På Austlandet samla dei inn eventyr, og Knud Knudsen vilde lyfta fram noko av folkemålet gjennom norskdansen, men i Bjørgvin teknte dei annleis. Her vilde dei lata det mest hata målet få verta vyrdsla. Strilamålet var det fullnorske som alt by-

folket hadde ank for, for det sagde so mykje um deira eige mål. Vestmannalaget vilde laga eit samband millom bymål og bygdemål, men for at dei som snakka høgprestisjemålet ikkje skulde kjenna seg støyte, laut ein gjera seg like so høglyndte som dei. Ein laut slå seg på å snakka dana.

Dei som segjer at alle skynar dei dialektarne som dei sjølvé ikkje snakkar, vil ikkje innsjå kor stort hovmod som ligg til det norskdanske høgprestisjetalemålet. I sume tilfelle kann framburden/uttalen til folk flest verta so kua av høgprestisjetalemålet, at sjølvé innhaldet i det dei segjer kann koma vekk. Dessutan kann det vera mangt i andre dialektar enn eins eigen som fortener å få koma fram gjennom talemålet, og då er det gagnlegt å tala etter boki.

So lenge ein ikkje greider å reisa eit høgnorsk daningsideal, vil det norsk-danske målhopehavet ha makti yver talemålet til folk flest, og *det* er ute etter å *kua* folkemålet. Ikkje fordi dei er ei yverklassa som ynskjer sosial makt, men fordi dei er ei gruppa som gjer krav på å vera nasjons- og kulturberande. Det er gjennom kravet um å vera nasjons- og kulturberande at det norskdanske målhopehavet utøver sosial makt, og slik kuar det dei norske dialektarne på eit svært lågvore vis. Det kann verta gjort i beste mening, endå um me ikkje skal utelukka ein medviten underkuingsvilje hjå sume i det norskdanske målhopehavet.

Det er berre gjennom eit normalisert høgnorsk talemål at dei norske dialektarne

kann gjera røynlegt krav på å verta forstadne av alle nordmenn. For so lenge dei einskilde dialektarne er underlagde det norskdanske målhopehavet, vil det norskdanske høgprestisjemålet setja det norske målgodset i skamkroken. Det vert so utidigt å skulla tala breidt folkemål til ein som snakkar normalisert norskdansk talemål. Dei norskdanske dialektarne vert vulgærise i slike høve, og det er ikkje berre mykje av venleiken i dialektarne som kjem vekk. Dialektarne vert ogso vanskelegare å forstå, for den som snakkar, snakkar ikkje naturlegt. Han slitst millom ymse måtar å snakka på, og då vert talemålet upphakka og stotrande. Det hev vore sagt og visseleg oftare tenkt at kanskje hev det aldri vore vanskelegare å snakka dialekt enn i dag, for det er so mykje målgods på rek. Dialektarne brotnar opp på både den eine og den andre kanten, og evna til å gjera seg autoritetsfull gjennom talemålet vert jamt mindre. Det hev ogso vore ymta um at den hyllingi av dialektnedboret som Noregs Mållag hev stade for, hev vore til meins for evna til å uttrykkja seg skriftlegt. Kanskje er det på tide å sjå at det hev vore fåfengt å hylla sundkløyvingi av norske dialektar.

Mange hev slutta å læ av sermerkte og skamfarne dialektar. Då skulde det vel ikkje vera for mykje å kreyja fullt råderom for normaliserte dialektar. Det skulde beint ut verta gjort til ei tevling å få so mange som råd er til å snakka normalisert høgnorsk folkemål.

# HIV UT BOKMÅLET!

**Det er kva Norsk Målungdom (NMU) meiner me skal gjera i dette landet.**

Korleis me skal gjera dette kan DU lesa om i meldingsbladet åt NMU - EG.

EG kjem ut med seks nummer i året, og det kostar berre 120 kroner for ei årstinging. (Medlemer i NMU får bladet gratis)

**TING EG OG LES UM:** grunnlaget for målreisingi, organisasjonsstoff, nasjonale spursmål i andre land, målbruk og normaltalemål, friske ordskifte, og mykje meir for målinteresserte!

**JA, eg vil tinga EG**

Namn:

Adresse:

Poststad:

Send åt: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, tlf: 22 36 40 43, Faks: 22 36 40 68

## Helsing frå Astrakhan

Vår russiske ven Vladimir L. Puzatov hev sendt helsing til Vestmannan og takka for sendingane frå Noreg. Han tykkjer målet som m.a. vert bruk i Vestmannen er ein frodig høgnorsk, *klassisk landsmål*. Det er slik ny-norsk han serleg er glad i, og han vil gjera det til rettesnor for norskmålsbruka sin. Det er venleiken i dette målet han set so høgt. Lærebokmålet fær etter hans sans meir svip av «gebrokki bokmål, eit slags blaut valuta på målmarknaden». Han minner um at høgnorsken er nærare nærmøt mål enn læreboknormalen.

«Eg ynskjer deg og Vestmannen stor lukka med den åndeleg striden for heimemålet dykkar», skriv Vladimir, som vonar han fær lov å kalla norske målfolk frendar. Og då er det vår tur å takka!

Den ihuga russiskfødde målmannen som kjenner seg åndeleg norsk og norderlendsk, hev innsyn i andre mål. Han hev sendt oss ein artikkel um målet i Galisia nordvest i Spania, millom Portugal og Biskaiabukti, som me vonar å få prenta.

# Den nasjonsberande rolla til målrørsla

Av Lars Bjarne Marøy

Stødt og stendigt hev det i målideologisk samanheng vorte peika på dei store samfundsendringarne som bar til i dei fyrste etterkrigsåri og i tidi fram til umlag 1970. Det er mange som meiner at dei samfundsendringarne som tok form i 50-åri, hev havt meir å segja for den målpolitiske utviklingi enn sjølve utformingi av målet. Det vert ofte vist til at bylagingi og flukti frå landsbygdi var orsak til målnedbrotet. Ein slik tankegang kann anten føra til bygdeelsk eller til ei lagnadstru på at utviklingi tynnar ut grunnlaget for eit norskt skriftmål og for tankar og fyrestellingar um eit upphøgd normaltalemål.

## Prestisjemål

Det me heller bør freista å setja oss inn i, er kva for ein ålmenn kulturverdi som ligg i det norske målet. Det hev vore slik at dei som hev gjort krav på å vera nasjons- og kulturberande først og fremst hev gjort krav på å vera det gjenom målet. Målet deira var fagert og lerd og bar med seg klare tankar og fyrestellingar um kva som var vænt og kva som var stygt mål, hævdia dei. Det var deira språklege kompetanse som vart mest dyrka. Gjenom bøker og blad vart det slege fast kva som skulde vera umgangstonen millom dei kondisjonerte og dana nordmenn. Hævskapen med den språklege kompetansen til medlemene av det norske hopehavet, vart framført som ein modell for folket. Dei som vilde fremja norskt mål i staden, kunde ikkje gjera seg nøytrale til spursmålet um vänleik. Skulde dei kunna spela ut dei beste korti dei hadde på hand, måtte deira mål gjerast so vænt som råd var. Dei laut satsa på å riva mest mogelegt

av arrogansen og godmæta burt frå det norske hopehavet.

Smånorsktihengjarane ignorerte i altfor stor mun at dei norskøtte innslagi i det danskøtte målet let seg ikkje måta inn i talemålet til dei som høyrde heime i det norske hopehavet. Tankarne og fyrestellingarne um eit upphøgt sammorsk talemål, eit sammorsk daningsideal, vart for uklare. Dialektarne hadde so mange sereigne og sernorske drag at det vart vanskelegt å avgjera kva som vart vulgært



*Lars Bjarne Marøy som hev skrive dette stykket er fødd 17.1.1971 i Bjørgvin. Han er oppvaksen og bur i heimbyen, og han studerar no historie. Han vart med i Vestmannalaget då han kom under vêr med at morfar hans, Olav Lavik frå Hosanger, hadde synt stor ihug for saki; han var godt som alltid på målsamlingar i Bjørgvin um fyresumrane. Som lesarane visseleg hev merka seg, er Lars Bjarne Marøy ein trottig medarbeidar i Vestmannen.*

Frå s. 8

voluntad resoluta de mantener en flur il plaid e la viarva dalla mumma.

## Translaziun/umsetjing:

### Det (rheto-)romanske målet

Det (rheto-)romanske folket bur i dei grischunske dalane (d.e. dalane i Graubünden). Han (d.e. tjoden) er mykje mindre enn den tyske, franske og italienske tjoden. Den (rheto-)romanske tjoden er den minste i Sveits. Alle dei andre tjodane er større. Men det (rheto-)romanske målet er ikkje mindre vent og klangfullt enn målet hjå hine landsmen-

nene hjå oss. Det er like so gamalt som hine, og upphavet åt det er like hævt. Hjå kvart folk er målet deira det kjæraste. Det er ein av deira kostelegaste eignaluter.

(Rheto-)romarane er kringsette av folk som er større og sterke. Fåren for målet vårt er stor, men større lyt viljen vår vera til å berge det. Den største fienden av målet vårt er likesæla. Men det beste og sterkest vernet er kjærleiken og den stålsette viljen vår til å halda i bløming målet og arven frå ho mor.

Sverre Wetteland

og kva som heldt estetisk mål innanfor det norske hopehavet.

I 1920- og 1930-åri hadde det norske hopehavet vorte følt av alle samfundslag, um enn ikkje av alle nordmenn. I høgtidelege situasjonar snakka ein norskdan høgprestisjemål. Denne daningi hev stade seg like fram til i dag i ei etter måten ubrigda form. Målrørsla kjempa imot denne daningi og for ei norsk daning. Grunnlaget for målrørsla var det høgnorske daningsidealet, som tufta seg på dei norske talemålsprinsippip. Det var dei norske talemålsprinsippi som gjorde det høgnorske daningsidealet til eit meir autoritetsfullt daningsideal enn det norske hopehavet. Ein greidde å gjeva eit sannare inntrykk av norsk mål enn dei greidde det innanfor norske hopehavet. Det høgromantiske, uppnorska norske hopehavet vart låttelegt i samanlikning.

Dersom ein skulde ha vunne fram med det norske målet både i by og på land, laut det inntrykket slettast ut at bygdemåli var vulgære og at eit yverordna norske hopehavet skriftmåls- og talemålsideal styrde og rådde med den nasjonale eigenarti. Ein måtte ha gjenge i ein open og fordomslaus dialog med riksmålsfolki. Utrøyttelegt måtte ein ha hamra inn at det er dei norske talemålsprinsippi som er grunnlaget for eit norsk kulturelt og nasjonalt talemålsideal. Me hadde trunge våre beste folk til eit samla folkeopplysningsarbeid. Me hadde trunge tverrpolitisk og full departemental uppslutnad um at det norske målet skulde få dei same tevlingsvilkåri som norske hopehavet. I staden upplevd me at den nynorske målkonsulenten vart sparka til fyremun for ei sammorsk språknemnd.

## Å rida two hestar

Smånorsktihengjarane hev jamt og trutt klaga yver det offentlege byråkratiet. Det offentlege byråkratiet hev vore so rangviljut til å hevda norske mål, hev dei sagt. Men kven var det som gav seg til å snakka um eit sammorsk/smånorsk skriftmål når det mest galdt um å få byråkratiet til å nytta norske mål? Det var sammorsktilhengjarane. Det er ein blank ettergjevnad og ein surmulen ettersleng å snakka um at styremakterne var uviljuge til å hjelpe fram det norske folkemålet. Slik sammorsktilhengjarane til tider hev definert ordet folkemål, og serskilt slik dei definerte det i 50-åri, kann ein knapt gjeva

Til s. 10

Til s. 9

ordet eit kontinuitetspreg som peikar ut yver det kvar einskild er viljig til å leggja i det. Ein kann ikkje klandra det offentlege byråkratiet for at smånorsktihengjarane sala på two hestar og vilde fremla både den smånorske norsken og den uppnorska norskdansken, utan at dei såg seg i stand til å rida med meir enn ein hest. Norsk-dansken fylgde sitt estetiske daningsideal, og slik som folkemålsinnslagi ovra seg i norskdansken kring 1950, var dei meir til skam enn til sjølvbyrgskap for dei som hadde deim i dialekten sin.

Fyrst ein sette i veg med den einsrettande, tankelause og beint fram forhasta samnorskpolitikken, hadde i-målet størst uppslutnad, jamvel på stader der ein skulde tru dialektgrunnlaget for det ikkje fanst. Problemet for målrørsla i 30-åri var ikkje utsjänaden til målet. Det var heller det at so altfor fåe fekk koma i samband med norsken. Utsjänaden til målet vart fyrst eit problem i 50-åri. Når ein norska ned norsken med mynster i det norskanske målet, so miste norsken den sernorske identiteten som målet hadde havt i 30-åri.

#### Koht-målet gav ingen framgang

Folk fekk jamt høyra at samnorsken var det moderne, og det som høyrd framtid til. Velklangen i målet var mindre viktig, heitte det seg. Når det var slikt snakk innanfor målrørsla, vende mange seg vekk. Den opne horisonten mot sofa, og viljen til å byggja og reisa eit norsk daningsideal på estetisk grunn, vart eit privilegium for deim som vilde godtaka dei målpolitiske spelereglarne til den norske målseliten som var dei sjølvutnemnde førarane attum samnorskpolitikken. Under skuldingar um lovlaus og reaksjonær framferd hev smånorsktihengjarane freista forkåra tilbakegangen for det høgnorsknære målet utifrå den tanken at den høgnorske målreisingi, slik ho vart ført fram til 1938 og slik i-målsstyret førde henne vidare fram til 1957, var til fanytties. Det moderne drabantby- og fritidssamfundet hev gjort det estetiske måldaningsidealet og det estetiske målkjensleumgrepet um inkje, hev det vorte sagt. Når smånorsktihengjarane etter 1957 gjorde alt dei kunde til å distansera seg ifrå og avvisa det som hadde vore fleirtalssynspunktet i mållaget, so var det i røyndi å trakka sund tankarne og fyrestellingarne um eit serskilt norsk mål. For endå um dei heldt fram å dra ei nasjonal målreising, so reiste dei eit nyt grunnlag for det norske språket daningsidealet. Dei ættledene som kom til seinare, tapte

kjærleiken til det norske språket målet. Målreisingi lid enno av det. Koht-målet fekk ha all makt i yver 50 år. I den tidi hev målrørsla i det store og heile korkje tapt eller vunne uppslutnad. Argumenti for «Kohts målform» hev ymsa, men målformi hev ikkje ført til framgang.

Nokre vil innvenda at «Kohts målform» førde til framgang for målsaki i tidi kring målbrigdet i 1938, men dei gløymer både kor liten skilnad det var millom smånorskt og høgnorskt mål i den tidi, og at folk var vande til at det skulde vera jamstelling millom i-mål og a-mål. Det gjekk lang tid før det vart slege fast at i-målet skulde støytast ut for godt. Fleirtalet i mållaget var for høgnorsk med i-mål. På den tidi var det beint fram utenkjelegt at eit mindretal i mållaget skulde få statsstudnad til noko fleirtalet var imot. Det er soleis grunn til å slå fast at målformi spela ei mindre rolla i 30-åri enn i 50-åri.

#### Resignert haldning

Det vart ikkje lyft fram noko klårt og ålment estetisk og norsk daningsideal som kunde tena til modell for folk flest i 30-åri. Det var nokre svært fåe målfolk som kunde kveikja tankar og fyrestellingar um eit upphøgd norsk taletmål, men dei var knapt noko kvardagsinnslag i by og bygd.

Spørsmålet laut vera korleis stoda vilde arta seg etter kvart som kommunikasjonsstihiløvi vart betre. Vilde ein få meir norsk på radioen? Vilde ein få betre vilkår for norskmålsbruk i den høgre skulen, i yrkeslivet, i pressa og i samfundet i det heile? Det var i ferd med å leggja seg eit visst grunnlag for målrørsla i 30-åri, men det var for mykje som vilde fram på ein gong. Den resignerte haldningi som kann knytast til at mange med norske taletmålsbakgrunn valde det norskanske taletmålsidealet framfor det norske i tidi rundt inngangen til vårt hundradår, sat sterkt att i den norske skulen i 30-åri. Det var soleis med autoritetskraft at den norske skulen knaka saman med den heimenorske skulen. Smånorsktihengjarane åtte ikkje styrke nok til å ansa den feige taletmålsyvergangen som hadde vorte utbreidd i dei fyrste tiåri fyre og etter hundradårsskiftet.

Mange smånorsktihengjarar og norske mālsbrukarar i det heile hev havt møda nok med å skipa ein ny praksis innanfor dei umværi der dei mest hev vanka. All æra til innsatsen deira. Det er like fullt uheppe at det målet som byggjer på dei norske taletmålsprinsippi hev vorte vanæra av mange av dei same. Det er folket som hev måttå bera kostnaden for det.

Utryggleiken og skorten på sjølvkjensla hev ført mange inn i eit endelaust dialektinrvana. Dei hev ikkje evna å taka opp tevlingi med det norskanske målhopehavet. Dei vert sitjande med ein umyndug målkompetanse, medan dei smånorske målfolki med ein myndug og høgnorsknær målkompetanse, er i ferd med å verta utaldra og gå i gløymeboiki.

#### Lyfta det høgnorske folkemålet

Samnorskpolitikken øydelagde seg styggelegt i 60-, 70-, 80- og til sist no i 90-åri. Sjølve grunnlaget for eit dialektmangfold vart brote ned med samnorskpolitikken. Det vert sagt so fint at her i Noreg kann alle snakka dialekt i nær sagt alle samanhengar. Det er berre det at so lenge den norske målprestisjen held uppe eit samsvar millom taletmål og skriftmål, vil dialektarne vera underordna det målet. Dialektarne vil berre vera *ein annan måte* å uttala det estetiske mynsteret til det norske målet. Dialektarne er soleis eit klassemål.

Det målet som alt i millomalderen uppbeidde seg tankar og fyrestellingar um eit upphøgd norsk taletmål med utgangspunkt i eit estetisk skriftmålsmyster, er no nedstøytt til eit lågprestisjemål som ikkje lenger hev klåre målsetnader um å vera nasjons- og kulturberande. Dialektmangfaldet vert tynt av dei breide bymåli. Det er vår uppgåva å lyfta fram det høgnorske folkemålet og dei norske taletmålsprinsippi. Det er på ein slik grunnvoll me kann reisa eit mål som gjer krav på å vera nasjons- og kulturberande for Noreg.

## Påskyning til målungdomar

Styret i Halldor O. Opedals fond hev påskyna desse aktive målungdomane med ein jamstor sum - nokre m. a. for artikkelskriving i Vestmannen: Lars Bjarne Marøy, Bergen; Roar Madsen, Myrkved; Bård Eskeland, Oslo; Olav Skare, Kvaløysletta; Ingar Arnøy, Nidaros; Olav Helge Øvre, Oslo; Lars Arve Røssland, Bergen; Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Levanger; Halldis Furre, Bergen; Turid Furdal, Stavanger; Per Jordal, Bergen; Steinar Aas, Tromsø.

Elles er det gjeve tilskot til Norsk Bokreidingslag, Vestmannen, Rauland historielag og Rauland Mållag, Kjell Venås, Toralv Bergwitz, Olav Mosdøl.

**Sagt:****Populisme**

Men kva er eigentleg populisme? I fylgje eit anerkjent oppslagsverk er det fylgjande:

«Av latin *populus* - opprinnelag en bondesosialistisk bevegelse i Russland i annan helvdel av 1800-tallet som krevde eiendomsrett og frihet for bøndene. I dag betegnelse på bevegelser som kan oppstre svært ulikt, men som har det til felles at de krever at en bredere gruppe av folket skal få mer direkte makt.»

Ut ifrå denne definisjonen treng ikkje populistiske parti eller organisasjoner å vera noko negativt, kanskje snarare tvert imot. Dei krev meir makt til større delar av folket, noko som burde vera målsettinga i eit demokrati.

*Leidar i Fjordabladet, Nordfjordeid.*

**GATT**

Den internasjonale storkapitalen prøver å tilrane seg alle tilgjengelege verdiar, og eitt av dei viktigaste middel dei nyttar seg av er GATT, den internasjonale frihandelsorganisasjonen.

Derfor er GATT ein fare for mange samfunn, for mange næringer, for den nasjonale og lokale kulturen.

*Anders Melle i Sunnmørsmnytt*

**Pendelen snur**

Det er teikn i tida som tyder på at pendelen held på å slå attende når det gjeld entusiasmen for og den einsidige satsinga på marnadsliberalismen. Det ser ut for at det vil verta USA som vil gå føre i denne utviklinga som så ofte før når det gjeld trendar og utvikling i den demokratiske del av verdssamfunnet. At Reagan/Thatcher-liberalismeøkonomien er på veg ut, er ei erkjenning som stadig fleire i det økonomiske miljøet i USA sluttar opp om.

*Anders Melle i Sunnmørsmnytt*

**Norsk utdaningsminister**

Ingen bør ut av skolen uten å ha hørt om Ibsen, mens Garborg er mer naturlig å trekke inn i en lokal sammenheng.

*Utdaningsminister Hernes etter Gula Tidend med kjelde Stavanger Aftenblad*

**Hjelp oss!**

Me leit på engelskmennene under siste krigen, og me får litra på dei igjen. Hjelp oss mot dei ville nordmennene i Undervisningsdepartementet!

*Trygve Lande i Dag og Tid*

# Noko um haldningar til riksmaalstradisjonen

Av Lars Bjarne Marøy

K. F. Steffens skriv eit innlegg i Vestmannen nr. 1-1993. Eg tykkjer det er eit godt innlegg, men eg meiner at eit par punkt i det kann djupast ut. Eg trur ogso at eg og Steffens tenker noko ulikt um mål og målsak.

Steffens skriv: «Det var det prinzipielt fiendslege synet på riksmaalstradisjonen hjå dei fleste målfolk og trua på at nynorsken både av nasjonale og sosiale grunnar var so å segja determinert til å sigra som fekk altfor mange målfolk til å stydja det komitéarbeidet som førde til 1938-reformen.»

Det kunde vere tenlegt um Steffens hadde presisera kva han meiner med «altfor mange målfolk». Tenkjer han på det mindretalet som røysta for at mållaget skulde gå inn for samnorskpolitikken? Eller tenkjer han på målfolk ålmant sett? Lenger uppe skriv Steffens «dei fleste målfolk», so eg gjeng utifrå at han siktar til målfolk ålmant sett, men med visse undantak. Nett avgrensingi/defineringi og grunnarne for henne er eit sentralt spørsmål. Eit anna interessant spørsmål er kva som fekk alle eller dei fleste målfolk til å stella seg fiendsleg andsynes riksmaalstradisjonen. Steffens skriv berre at målfolki var fiendslege til det norsklandske riksmalet av nasjonale og sosiale grunnar, men det kann då ha vore nyansar innanfor både den sosiale og den nasjonale målflokkene. Kanskje var sume målfolk prega av ein utolmodig intoleranse, andre kunde mangla sosial sjølvkjensla til å ha eit fullt utedruelegt høve til det norsklandske riksmalet, medan sume kunde ha ei manglande skynsemd for at målpolitisk mangfelde er ein verdi i seg sjølv.

Sjølv hev eg ikkje heilt den same trui som Steffens i dette spørsmålet. Eg veit ikkje um det norsklandske riksmalet i seg sjølv kann ha vekt harme i kjernestroki, men eg trur det ikkje. Norsklandsen var det rådande målet i det norske storsamfundet, og det nyttar ikkje å framstella riksmaalstradisjonen som unasioinal. Snarare var norsklandsen eit raffinert kulturmål for mange av dei som budde i kjernestroki. Mange målfolk ynskte å lyfta det norske målet upp på tevlingshøgd med norsklandsen.

Det som eg trur må vega tyngre, er det historiske sambandet millom bygdefolki og dei byfolki som snakkar normert norsklandske riksmalet. Eg vil kalla dei byfolki som snakkar normert norsklands for det norsklandske målhopehavet. Dersom ein skal snakka um at målfolk hev eit fiendslegt syn på riksmaalstradisjonen, må ein knyta det fiendslege synet til den språklege diskrimineringi som det norsklandske målhopehavet hev utøvd andsynes målfolk under dekkje av at det sjølv er nasjons- og kulturberande. Berre i ein slik samanheng

kann ein snakka um røynlegt språkhatt. For oss vestmenn er det um å gjera å bryta ned fordomar innanfor det norsklandske målhopehavet. Me ynskjer at dei som høyrer til i det norsklandske målhopehavet skal få age for målsaki gjennom dei estetiske kvalitetarne og upplevelingarne som me meiner målet vårt lyfter fram på ein rettare måte enn det norsklandske riksmalet. Me vestmenn ynskjer å halda uppe medvitet um eit norsk målhopehav - ei gruppa av menneske som snakkar og skriv høgnorsk folkemål.

Vestmannasynet steller seg ope til den norsklandske målutviklingi. Vestmannasynet inneber at målbrukarane sjølve skal avgjera kva leid målutvikling skal taka. Styremakterne hev inkje grunnlag til å gripa inn i spørsmål som det rår stor strid um blant målbrukarane sjølve. Eg trur det synet hev stade sterkt hjå målfolk flest i samband med 1938-målbrigdet.

Når me høgnorskfolk, som hadde fleirtalsuppslutnад i mållaget fram til 1957, hev vorte skulda for å ha vore med på å gjera samnorsk til eit «skjellsord for folket» (sjå Skards «Målstrid og massekultur» sida 88), so skulde det segja sitt um kva fleirtalet av målfolket stod for.

Det fiendslege synet på riksmaalstradisjonen som sume målfolk hev målbore i nyare tid, er i mange stykke usaklegt og byggjer på den fakunna og den argumentasjonen som den normframtinga smånskena førde med seg i 50-åri. Språkmobbing vart legalisert då. Dei som brukte høgnorsk i strid med «gjeldande rettskriving» vart tvinga til å skriva umbrigda mål i offisielle samanhengar, og dei fekk merka at dei norske målbrigdemennene spelte ungdomen ut mot deim. Den oppveksande ættleden som lærde norsk i skulen, fekk høye frå målbrigdemennene at høgnorskfolki var gamalstavarar og folkemålsfiendar.

Det var åleina målbrigdemennene som hadde noko å vinna på å leggja riksmaalstradisjonen for hat. Når dei skulde fremja synet sitt, bygde dei på å bryta ned alt tradisjonelt mål både på den norske og norsklandske sida. Dei bygde på at klasseideologien skulde avgjera utformingi på dei skriftmåli som skulelevarne skulde læra. Ein skulde gjera folket um til målproletarar utan fri vilje til å velja sjølve um dei vilde skriva tradisjonelt eller proletært. Samvitet til den einskilde målbrukaren var uviktugt, for det var klasseideologien som avgjorde. Eg trur folk flest stygdest ved slike synsmåtar på målsaki, men det var ikkje råd å støgga lågnorsktilhengjarane. Dei var leidande forfattarar og universitetsfolk, og det dei hevda og gjenomførde, talde meir enn det ein

frå s. 4

filolog og den folkelege opposisjonen kunde målbera. Det var ikkje til å hindra at det vart skapt ein falsk og urett legitimitet attum målbrigdet. Mange leidande målfolk skifte frå høgnorsk til lagnorsk utan nokon annan etterviseleg grunn enn det offentlege målbrigdet. Difor vart den folkelege motstandsviljen mindre, men han hadde, som nemnt, fleirtal i mållaget heilt fram til 1957.

Same kva Steffens vil leggja i uttrykket «alfor mange målfolk» og uttrykket «dei fleste målfolk», må eg segja meg usamdi i at målfolk ålm̄ent hadde eit fiendslegt syn på riksmålstradisjonen. Det var den språklege diskrimineringi som vart utøvd ifrå det norske målhopehavet som målfolk ålm̄ent kjende seg fiendslegt stemt til, so framt dei hadde fiendslege kjenslor til noko. Det er kannhenda like rett å segja at dei stelte seg likesæle til det norske målhopehavet. Kva skulde ein no for resten venta av aktiv tolsemrd frå målfolki? Dei var ikkje nett so godt vande med å m̄ota tolsemrd hj̄a medlemene av det norske målhopehavet.

Det er no elles verdt å merka seg det Steffens segjer um kvifor mange målkinsar skifte um frå norsk til norsk dansk ved å gå vegen um «norsk folkemålsgrunn», som det heitte i ei fjerr fyrtid.. Kanskje verdt å merka seg for Kjell Venås som ikkje meiner at hovudmålsbytet i Trøndelag og

Nord-Noreg hev sin grunn i at det norske målet vart vulgærisert av den sokalla samnorsken (sjå artikkelen «Kven eig nynorsk» i EG nr. 4/1991).

Eg merkar meg synsmåtarne til Steffens med gleda, men eg trur at han undervurderer dei folkepsykologiske kjenslorne som det normerte norske talemålet kallar fram. Målet gjer krav på å vera nasjons- og kulturberande, men det er mange dialektsnakkande nordmenn som ikkje vil snakka norsk dansk etter boki. Det kann berre vera ein grunn til at dei ikkje vil snakka etter boki og soleis verta med i det norske målhopehavet: dei tykkjer ikkje at det norske talemålet er nasjons- og kulturberande for alle nordmenn. Det norske talemålet høyrer til ein annan estetisk sfære enn den som medlemene i det norske målhopehavet hev tileigna seg. Den mest verksame måten å arbeida mot det norske målhopehavet på, er soleis å lyfta fram eit upphøgd norsk talemål. Dei som held seg til det høgnorske daningsidelet, arbeider i røyndi for retten til alle dei dialektsnakkande. Dei dialektsnakkande hev rett til eit normalisert norsk mål som høver saman med dei talemålsprinsippi som høyrer norsk talemål til.



### Olav Paulson

I Vestmannen nr. 1/93 vart fortalt um Olav Paulson, sunnmøringen som vart måltreisaar i Bergen. Bjarne Rabben, kjend sogeskrivar frå Moliusrand på Sunnmøre, sambygding av Olav Paulson, er ikkje heilt samd i alt som stod i meldingi. Olav Paulson som upphavleg hadde etternamnet Paulson Molsumyr, hadde teke namnet Olav Paulson i bruk fyrst flyttingi til Bergen. Soleis hadde han skrive under dette namnet i bladet «Postibudet» som kom ut på Eikset i Volda, fortel Bjarne Rabben.

## Minneord Gustav Hantveit

Tidlegare skulesjef Gustav Hantveit, Øvre Ervik i Åsane, er avlidne. Han nådde den høge alderen 96 år.

Gustav Hantveit var sogning. Han var fødd i Gulen 21. oktober 1896, og han tok tidleg sikte på læraryrket. Lærareksamen tok han på Volda lærarskule i 1919. Og han gjekk ut frå Noregs lærarhøgskule i 1924. Han gjekk òg kurs i skulehagestell, i gymnastikk, og i song og teikning.

Fyrste lærarposten sin hadde han i heimbygdi Gulen i 1919-20. So var han på Evanger framhaldsskule i 1920-21, i Søre Land 1921-22, i Ytre Sandsvær 1922-27, i Evanger 1927-46, og i Våle i Vestfold i 1946-48. I 1948 kom han attende til Vestlandet, då vart han skuleinspektør i dåverande Åsane herad, og det var han fram til aldersgrensa i 1966.

Gustav Hantveit var ein dugande lærar. Dertil var han ein god administrator, og han hadde mange interesser, so det vart mange tillitsyrke gjennom åri. Han var losjemann og målmann, og han var poli-

tisk interessert. Han var D.R. i distriktslosje «Fremad» av IOGT, og i Evanger var han formann både i lærarlaget og i skulestyret. Ja, han var tilmed ordførar i Evanger i 1938-40 og i 1945-46. I dei åri møtte han òg i Hordaland fylkesting. Han hadde Noregs lærarlags stipend i 1938, og han hadde gjort studieferder i Sverige og Danmark for å studera arbeidsskule som individuell undervisning. I sine skuleinspektør-år i Åsane bygde han opp skuleadministrasjonen i heradet.

Han var aktiv i losjearbeidet, og i Vestmannalaget var han i mange år ein framifrå god bladstyrar i det handskrivne bladet. Han var òg med i styret for Vestlandske Mållag. I Åsane var han aktiv i studiering og i pensjonistlaget. Han var ein logn og fin talar, og han vart mykje nytta. På talarstolen var han mykje av ein filosof, med ein fin porsjon humor. Ein fin personlegdom er gjengen burt med Gustav Hantveit.

Ludv. Jerdal.

## EG i ny ham

Siste 1992-nummeret til NMU-bladet EG nådde so vidt Vestmannen fyrst jol, eit dubbelnummer på 32 sidor, tilstelt som jolenummer med farge på fyrste og siste sida. Ikke verknadslaust, må eg segja, snarare noko av det fiksaste slik som hev kome derifrå til denne tidi.

EG hev no skifta um frå A5-format til A4-format. Det vil segja at bladet som tidlegare kom i det som frå gammalt hev vore rekna for typisk tidsskriftformat, no kjem i same formatet som Vestmannen. Den som granskar innhald og uppsettjing i det nye EG, uppdagar kvikt at umskiftet er til det betre. Um me ser burt ifrå at sjølvé sideplassen vert større, er det tydeleg lettare å få liv på dei større sidone.

Bladstyrar er Holger Lockertsen som òg tek seg av bladbunad og sats. EG er kalla meldingsblad for Norsk Målungdom, og med det vidlagde innhaldet er bladet på veg til å kunna verta eit friskt ungdomsmålblad med skyldskapsband både til gamle Unglyden og Nynorsk Vekeblad.

Jostein Krokvik

# Vestmannalaget i dag

Av Lars Bjarne Marøy

Eg kjenner meg byrg av at eg hev vorte kjend med Vestmannalaget. Eg kom i laget av di eg vilde verta kjend med eit nynorskt riksmål. Det hev eg til fullars vorte i den tidi som eg hev vore med på lagsmøti, ikkje minst hev eg havt nytte og hugnad av bladet Vestmannen som Vestmannalaget gjev ut. Det eg lenge hev havt vanskar med å skyna, er like fullt at Norsk Målungsdom ikkje hev funne soge- og målpolitisk tilfang til eit målpolitisk program tufta på vestmannalagssoga.

Sjølv trur eg me i Vestmannalaget hev gjort altfor lite når det gjeld å gjera målungdomen merksam på kven som var aktørane i dei målpolitiske motsetnadene i 50-åri, kva for målpolitiske synspunkt dei ymse aktørane hadde, korleis dei grunngav synspunkt sine, og ikkje minst kva for målpolitisk makt dei ymse aktørane hadde. Det er den indre striden i Noregs Mållag eg hev i tankane. Denne striden grip beinveges inn i den målpolitiske nyorienteringi som Norsk Målungsdom stend for i dag.

Det som mest kann meinka eit fruktberande hopehav millom NMU og Vestmannalaget er difor at båe partar gløymer å sjå den målpolitiske fyrtidi i samanheng. Når leidande a-målsmenn hev sagt at motsetnaden millom dei som stod for det lovlege nynorske a-målet og dei som stod for det ulovlege i-målet førde til eit nedbrot for målsaki, so burde det mana til ettertanke. For det er slik at det er a-målet som hev vore einerådande i alt offisielt nynorskt mål etter 1938-rettskrivingi vart sett i verk. Undantaket finn ein hjå det sokalla i-målsstyret i Noregs Mållag som sat til 1957.

## Grunnlaget for den indre striden

Grunnane til den indre striden i Noregs Mållag er mange og botnar til sjuande og sist i at det norske målet fekk ein munaleg for ikkje å segja storfelt framgang i tidsrommet 1907-1944. Etter at Noregs Mållag vart skipa i 1907, kunde det norske målet takast ut frå den verna innhegningi. No kunde folk flest for ålvor verta kjende med målet, av di dei lettare kunde velja det til skulemål, og av di Noregs Mållag kunde nå ut til kvar ei grend som trøg målpolitisk studnad. I 1930-åri vart det for ålvor snakka um at det norske målet kunde verta gjort til einaste riksmål, og mange både på i-målsida og a-målsida vart utolsame. I-målet var fleirtalsmål i kjernestroki for det norske målet, men a-målet rådde grunnen i dialektane i storluten av Nord-Noreg, Austlandet og Trøndelag.

## Vestmannamålet

Skal me skyna målsaki fullt ut, lyt vestmannasynet få langt meir påansing enn det, som det er grunnlag for etter den ålmenne nynorske bokheimen og det ålmenne nynorske skriftmålet, set under eitt. Vestmannamålet hadde og hev ei dialektkonserverande evna. Klassiske norske former som m.a. *um*, *upp* og *buri* hev den fyremunen at dei set klare skilmerke millom dei two målformene våre. Det hev til tider vore reist storm mot slike skrivemåtar - fyrt og fremst av målfolk! Det dei like fullt hev gløymt, er at den klassiske norsken tok vare på dei norske dialektane. Det var i tidi etter at tradisjonen frå den klassiske norsken vart avslipt, at nedbrotet i dialektane tok til. Målumbot i 1959 var eit øydingsverk mot det norske målet. Ifrå 1959 og utetter vart det meir og meir vanskelegt både å snakka og skriva nynorsk. Samsvaret millom talemål og skriftmål vart burte. Dei målfolki som voks upp no, upplevd etter kvart at det danskrotte bokmålet tok til å farga dialektanen deira. Dei fann ikkje seg sjølvle att i det sundbrotne og regellause nynorske målet, og dei tykte at målet laut gjerast likare det danskrotte målet. Vestmannalaget såg fyre seg at det vilde koma eit nedbrot for nynorsken, av den grunn melde laget seg ut or Noregs Mållag i 1962.

At eit norsk skriftmål bør og må taka vare på dialektane, skulde vera sjølv sagt. Den nynorsken som Noregs Mållag stend fyre i dag, tek ikkje vare på dialektane. Skuleelevarane i kjernestroki orkar ikkje å handsama den store valfridomen i nynorsken, og dialektane vert standande att utan skriftmålsstudnad. Dyrkingi og hyllingi av innblandingi frå bokmålet hev vore rein nautenskap. Bygdedialektane vert ikkje meir naturlege eller frigjorde av at dei tek upp i seg *anbhetelse*-ord. Det same gjeld skriftmålet. Skriftmålet lyt fylgja den puristiske og einskaplege tradisjonen som Ivar Aasen bygde på, og dialektane må freista hengja med. Kann ikkje Noregs Mållag greida å taka betre vare på einskapen og purismen i det nynorske målet enn laget gjør no, so kann det like godt gjera seg til underbruk av riksmålsrørsla, noko som laget reint målpolitisk hev vore i fleire år.

## Den ideologiske stemneleidi

Velduge framsyner knyter seg til den ubrotne stridslina som Vestmannalaget

hev ført. Noregs Mållag miste mykje målpolitisk innverknad då laget godtok at staten skulde ha den målpolitiske styringi. All ideologisk tenkjing frå den kanten vil vera forkrypla til laget tek ei uppgjerd med fyrtidi og opnar for full jamstelling millom i-mål og a-mål. Det er soleis ei uppgåva for Vestmannalaget å reisa eit målpolitisk program som kann leida Noregs Mållag inn på rett kurs. I arbeidet med eit slikt program lyt Vestmannalaget og vestmannasynet ha for augo at alle greiner av målrørsla skal ha lerevilkår.

Mange hev kalla Vestmannalaget eit lag for ekstrem målpolitikk. Eg trur, kor som er, at det vil syna seg sterkare og sterkare at dei synspunktet som Vestmannalaget hev stade for, vil gagna målsaki best. Det må vel like fullt vera Norsk Målungsdom som i lengdi vil ha mest praktisk innverknad på målsaki. Me vestmenn kann ikkje anna enn syna fram den ideologiske stemneleidi og den ubrotne stridslina som strekkjer seg frå 1868 då laget vart skipa og fram til i dag. Kanskje er den beste formaningi me vestmenn kann gjeva til både Norsk Målungsdom og Noregs Mållag samla i Aasen-diktet «*Dei vil alltid klaga og kyta*».

*Dei vil alltid klaga og kyta,  
At me ganga so seint og so smått;  
Men eg tenkjer, dei tarv ikkje syta;  
Me skal koma um ikkje so brått.*

*Ja, det skyt ikkje fram, so det dunar --  
Som no ingen kann undrast uppå;  
Men det munar då jamt, ja det munar,  
So det stundom er hugnad å sjå.*

*Lat det ganga fram, lat det siga;  
berre eitt eg ynskjer og bed;  
At me ikkje so høgt måtte stiga,  
At me gløyma vår fedranel.*

*Lat oss ikkje forfederne gløyma  
Under alt som me venda og snu!  
For dei gav oss ein ar til å gøyma,  
Han er større enn mange vil tru.*

*Lat det merkast i meir enn i ordi,  
At me halda den arven i stand,*

nr. 9, 92

# Skiljet millom målformene

Av Lars Bjarne Marøy

Eg viser til Willy Dahls innlegg i Vestmannen nr. 8. Dahl djupar der ut kva han meiner med ei utsegn eg tidlegare hev kommentert. Dahl peikar først på kva han upphavleg la i utsegni, og dinæst attendeviser han den tydingi som eg la i utsegni. Lat meg taka Dahls attendevising først.

Dahl segjer at ein lærar hev ikkje lov til «å bryta ned skiljet mellom målformene», han skal undervisa i kvar målform for seg.

Ein lærar kann sjølv sagt ikkje bryta ned skiljet millom målformene og setja saman eit nytt språk. Det hev eg ikkje meint. Ein lærar kann derimot setja fram ymse avbrigde av dei two målformene, og han kann leggja fram si meinung um det ordvalet og det formvalet som elevane hev gjort i skriftlege sidemålsarbeid. Læraren kann soleis påverka det skriftmålsinntrykket og dei haldningane som elevane fær av og til sidemålet. På den måten kann læraren vera med på å bryta ned skiljet millom målformene gjennom t.d. å oppmoda elevane til å nyitta sokalla sammorskje former. I sume partar av landet vårt hev denne framgangsmåten havt positive og beint fram gagnlege fylgjor. Eg synest det er fint at dei sammorskje formene fær koma til uttrykk i bokmålet, dersom dei vert nyitta fylgjerset.

Det eg like fullt er motstandar av, det er at sjølv det «å bryta ned skiljet mellom målformene» vert eit yverordna mål. Den nynorsk som Vestmannalaget stend for i dag, var *utgangspunktet* for det som i dag er offisiell nynorsk. Dei som var usamde i at Vestmannalaget fremja målarbeidet, freista å gjera nynorsk mål likare det danskrøtte målet og likare dei dialektane som dei trudde kunde vinna fram i målreisingsarbeidet. Dei trudde at den einaste måten å løysa målstriden på var å kutta røtene til nynorsken, og difor sette dei forbod mot det målet som dei sjølv tok utgangspunkt i! Soleis skapte dei eit heilt nytt skriftmålsgrunnlag for nynorsk, og dei skunda på med å jamna nynorsk etter det danskrøtte bokmålet. Mange hev vorte tilvande å sjå på denne framgangsmåten som ei «naturleg utvikling», men i røyndi herska det stor strid um sammorskpolitikken. Eg tykkjer soleis at Dahl gjer seg for lettbeint når han snakkar um å bryta ned skiljet millom målformene som um det skulde vera den beste og mest tenlege framvegen for skulelevar som vil verta betre i norsk. Ein vert heller betre i norsk av å læra ein nynorsk med fåe bokmålsformer og ei fylgjerset rettskriving.

Når eg skriv at den stilistisk beste nynorsk er utilgjengeleg for folk flest, meiner eg ikkje berre at tekster som vert nyitta i

grunnskule og gymnas vert, som Dahl skriv, «tilrettelagt» eller med eit anna ord sammorskmodernisert. Eg meiner også at dei synsmåtan og den vengen av målrørsla som arbeidde for klassisk norsk med i-mål, ikkje fær koma fram i lærebøkene. Den konservative nynorsk vert berre fyrehavd reint perifert og med liti tyngd og utan tilvisingar til litteratur som hævdar høgnorskrysnet. I norskboki til Tove Berg og Reidun Guldal, «Alle tiders norsk», stend det at i-målet fell saman med dei upphavlege formene i eldre nynorske tekster frå den tidi då nynorsk vart kalla landsmål (s. 127). Det norske målet skifte namn frå landsmål til nynorsk i 1929, og klassisk norsk med i-former var i bruk i alle fall fram til 1939. Klassisk norsk hev dessutan vore nyitta i heile etterkrigstidi. Det som stend i læreboki er for det fyrste ikkje rett, og for det andre er det villeidande. At i-målet dessutan var det målet som Noregs Mållag ved det sokalla i-målsstyret gjekk inn for like fram til 1957, fær me heller ikkje vita noko um. Bør ikkje også denne parten av soga få koma fram? Og er ikkje det «å bryta ned skiljet mellom målformene» i fleire tilfelle med på å dylja ned målhistoriske fakta som skuleelevarne hev krav på å få tilgang til?

No hadde eg endå ein ting i tankane då eg skrev at den stilistisk beste nynorsk er utilgjengeleg for folk flest. Eg vilde peika på den vonlause stoda mange skulelevar er i når dei so å segja må konstruera seg fram til ein skriftnormal når dei skriv sidemåsstil, og ikkje minst hadde eg skuleelevarne i kjernestroki i tankane. Mange av skuleelevarne i kjernestroki er totalt målpolitisk framandgjorde, og skifter hovudmål med ein gong dei kjem i samband med storsamfundet. Det er ikkje til å koma ifrå at dersom ein bryt ned skiljet millom bokmål og nynorsk endå meir, so gjeng fleire skulelevar yver frå nynorsk til bokmål. So framt ein gjeng i motsett leid og let heile det nynorske skriftlivet og meiningsattum det få koma til uttrykk, vil elevane få størré rådvelde yver nynorsk og alt norsk mål i det heile. Kor vidt elevane skal eller bör velja den eine eller den andre rettskrivingi er ei friviljug sak. Her hev skulen berre ein rådgjevande funksjon, men alt tilfang til målsoga bör vera tilgjengeleg for den einskilde eleven. Elevane bör soleis, meiner eg, også få høye til å læra klassisk norsk.

Kva Dahl meiner med «ghettoiseringa av nynorsk», er eg uviss på. Når Dahl nemner ein lærar som sette likskapsteikn millom strilamålet og nynorsk, gjev det i seg sjølv grunnlag for ein kommentar. I fall Dahl dessutan ynskjer å markera avstand frå eventuelle verdilada synspunkt i ei



Innføring av 1938-mål

Kjell Venås fortel at 1938-målet vart innført endå meir stegvis enn Indrebø-sitatet attgjeve i Vestmannen nr. 8 på s. 2 tyder på. Etter Einar Hagen «Riksspråk og folkemål» s. 114f skulde 1938-målet med bakgrunn i sentralt påbod takast i bruk i småskulen alt hausten 1938.

samankoppling millom strilamål og nynorsk, vert det ei anna sida av saki, og her tykkjer eg Dahl vert for lite handfast til at eg vil lata meg inn på nokon kommentar til det.

At ein set likskapsteikn millom ymse dialektar og nynorsk er naturleg utifrå den målpolitiske røyndomen: Visse dialektar hev vorte knytt til det nynorske målet, av di innbyggjarane i desse dialektumrådi hev valt nynorsk til hovudmål. Når me derimot gjer sume dialektar til sokalla nynorske dialektar, og segjer at berre folk som snakkar dei og dei dialektane snakkar nynorsk, gjer me ein stor urett mot andre dialektar som kann ha like godt grunnlag for å verta kalla nynorske dialektar. Dessutan gjer me objektivt set eit feilsteg, for me slører til at det nynorske skriftmålet hev vorte nyitta og dyrka av ymse tekstforfattarar yver heile landet.

I fall Dahl meiner at me må bryta ned skiljet millom sokalla nynorske og bokmålske dialektar, er eg med grunnlag i det eg hev skrive ovenfor heilt samd med honom i det. Dahls synsmåte er like fullt lite handfast. Vil Dahl taka utgangspunkt i bygdemål og i nynorsk og visa korleis bydialektane hev vorte farga av nett bygdemål og nynorsk? Eller vil Dahl taka utgangspunkt i bydialektane og peika på korleis dei i seg sjølv samsvarar med nynorsk? Det siste er synonymt med sammorskpolitikken. Det fyrste vil eg kalla høgnorskperspektivet og det er ei målpolitisk nytenkjing! Eg tykte at Dahl blanda desse tilnærmingsmåtan då han på den eine sida snakka um «å bryta ned skiljet mellom målformene» og på den andre sida um «å spela på skilnaden mellom målformene». Dahls utsegner, slik dei er attgjevne i Norsk Tidend, reknar eg som ei avkláring i leid av eit høgnorskperspektiv, og eg held fast ved den konklusjonen eg drog i Vestmannen nr. 6 - at Dahl soleis i målpolitisk samanheng stend for ei kreativ nytenkjing.

NR. 6, 92

# Høgnorsk måldaningideal

Av Lars Bjarne Marøy

I

Tuftekallen hev det med å verta visjonær og radmælt sume tider, og i dag er han nett i eit slikt lune. Det finst visst ikkje grensor for kva slags herkjessnakk og sjølvkunnige filologiske tolkingar ein stakkars ungdom skal få møta når han les kva godt folk meinar og hev meina um målstoda vår. Det er syrgjeleg få som tenkjer nytt um målreisingssoga. Tuftekallen hev i alt sitt svarmlynde gruvla yver kva som kann setja nytt liv i målreisingi, og han hev like eins tenkt på kva som hev tynt og enno tyner henne. No hev Tuftekallen hug til å tenkja høgt andsynes husbondfolket.

Me må freista å få høgnorsken til å standa fram som eit daningsideal. Den klassiske norske målformi må vera knytt til kunnskapen um målstoda, men ho må ikkje berre peika på kva som hev vorte gjort gale med målet. Me kann ikkje berre føra målpolitikk på statlege premissar, so me lyt sprengja oss ut av det sjølvgode og innhaldslause snakket til nynorskstaten. Det er dei som skal diskutera målsak på våre premissar, og ikkje umvendt. Me lyt freista å gjera oss so mannsterke som råd er, og trottugt halda fram nasjonale kulturytringar med ein stil og eleganse som berre klassisk nynorsk kann gjeva. Me må syna byfolki kvar målrøtene deira høyrer heima og sameleis kvar det kulturelle ætteupphavet til mange av deim hev årestaden sin. Me må styrkja prestisjen til den klassiske norsken og leggja vinn på å flest mogleg av alle nynorskbrukarar til å skjuna at høgnorsken er den beste studnaden dei eig, so framt dei vil halda på dialekten sin når når dei kjem i samanheng med norsk.



## Tuftekallen

Or «Tuftekallen»  
torsdag 23.april 1992

II

God norsk setningsbygnad kann det vera i både norsk og norrskdansk. Me lyt innsjå at norrskdansken hev vorte mijukare med samnorsk-politikken, men orsaki til det er at han hev soge saft or tradisjonane til den klassiske norske målformi. Det norrskdanske målet hev like fullt nådd toppen av norrvoren smidugskap og kann ikkje koma nærmare norsken i det stykkjet. Det er soleis eit lovsamsvar attum det at me kann syna fram eit mål med ein setningsbygnad som hyser både det beste av norrskdansen og noko kvalitativt meir, som høyrer til rømder av den innarste norskdomen. Ei frisk heimleg kjelde som nører

norsk tanke og sinn, er det me snakkar um. Eit mål som hev leverett og autoritet i kraft av seg sjølv.

Me som er vestnenn upplever målet i seg sjølv so høgvore at me ofta og gjerna vil snakka det so godt som kvar og ein av oss hev evna til. For oss hev retten til å snakka dialekt vore ein sjølvsgad rett, men hugen til å gjera taalemålet likare skriftmålet, openberrar seg mange gonger, og serskilt når me kann få sagt det so mykje tydelegare i skriftmålsform, det me vil taka fyre oss.

Det er no ein gong slik at eit skriftmål skaper mange fyrestellingar og tankar um kva daning, dvs. um kva som kann takast upp i taalemål og dialektar og um kva som skal ha nokon leverett. I byane hev ein tradisjonelt set havt ei måldaning som hev vorte rekna for finare enn det breide bymålet. Det var innanfor denne daningi at stil og eleganse skulde uttrykkjast. Samnorsk-politikken hev gjeve denne daningi eit grunnskot, i det at bygdemåli og den klassiske norske målformi i sundbroten tilstand lenge fekk mykje å segja for det som i dag gjerna vert kalla moderne norsk eller bokmål.

III

Etter 1960 hev vernet um nynorsken vorte so meinka at det som galdt for å vera radikalt den gongen, i dag hev vorte konservativt. Bokstavstriden kring målbrigdet i 1938 ter seg i dag som ein lagnadstung kamp for eller imot nynorsk. Det er eit tragisk og leidsamt paradoks at mange av deim som arbeidde aktivt i målrørla, slo inn på ein veg som berre hev ført til nednorskning.

Den sundbrote nynorsken er autoritetlaus, men me må ikkje gløyma den utviklingi som hev vore innanfor norrskdansen. Den norrskdanske daningi hev vorte mykje samanvoi med det breide bymålet, av di måldaningi, d.e. tanken og fyrestellingane um kva som kann skyvast yver frå skriftmålet og til taalemål og dialektar, hev endra seg og teke form gjennom det breide bymålet. Det er det breide bymålet som i ymse avbrigde hev vorte mynster for ei ny måldaning. Dei ulike bymåli er utan evna til å reisa noko landssamande skriftmål, anten det skulde verta gjort med grunnlag i eitt eller fleire bymål. Bymåli hev teke form av at innflutte bygdefolk hev vorte tvinga til eller hev friviljukt lagt um taalemålet sitt. Det er norrskdansen som hev vore grunnlaget for eit slikt skifte, nett slik han er og hev vore det i alle dei stroki som hev skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Slik det gjeng fyre seg med målutviklingi i våre dagar, so vert det meir og meir um-seg-gripande bydialektar som vinn fram på kostnad av bygdemåli. Det er bygdemåli som hev gjeve grobotn for uppnorskningi av norrskdansen. Nynorsken og bygdemåli hev gjeve



## FOR MEG OG DEG!

EG er meldingsbladet til Norsk Målungdom.

I EG finn du artiklar om grunnlaget for målreisinga, norsk mål, dialektane og nynorsken og mykje organisasjonsstoff. Alle som vil fylgja med i kva som hender i fremste rekka i målstriden bør tinga EG. EG vert av mange sett på som det viktigaste målpolitiske tidsskriftet i Noreg.

**Ting EG du òg!** For 100 kroner i året får du seks nummer av EG i postkassal! Nytt slippen nedenfor, eller sett pengene beinveges inn på postgirokonto nummer 0823 0943010, og merk giroen "bladpengar".

**EG vil tinga EG!**

Namn:.....

Adresse:.....

.....Nr./stad:.....

Underskrift:.....

SEND TIL: Norsk Målungdom, Norderhov Bruns gate 22, 0165 OSLO, TEL.: 02-364043

Til s. 9

## Frå s. 8

vinningslaus hjelp til uppnorskning av norskdansken, medan nynorsken og bygdemåli hev vorte nednorska og glide yver i norskdanske bymål. Den målutvikling som hev havt, er ei målutvikling som hev trassa nynorsken og dialekta og som hev vorte styrd av dei breide bymåli. Utvikling i norskdansken kann jamførast med den måten Asbjørnsen og Moe gjekk fram på då dei reiste rundt og samla inn eventyr. Dei tok med det som ikkje kjendest for vulgært og bondsk.

## IV

Sume som stod bak samnorsk-politikken hadde vel m.a. til siktet mål å vinna fram med målsaks på Austlandet. Det som hende, var at dei øydelagde dialektgrunnlaget for nynorsken mange stader. Då folk flutte til sokalla sentrale strok av landet, miste dei alt skriftmålsunderlag for talet sitt, og bygdemålet brotna bit for bit til det fall yver i norskdansk, um ikkje i fyrste åttled so i alle fall i andre. Nynorsken var

ikkje verd flisi i veggen. Målet skulde avskaffast gjennom samnorskdoctrinen. Utfallet vart aukande nednorskning på alle felt. Den nynorske daningi hev vorte avvist som gamalvor, men i røyndi er denne daningi naudsint, so framt me vil ha eit sjølvstendeleg mål. Eit mål treng bakgrunnstankar og fyrestillingar um kva som kann skyvast yver fra skriftmål til talet mål og dialektar. Ei måldaning er nøyd til å vera stram, elles kjem skriftmålet i konflikt med talet mål, og talet mål glid yver i eit anna fotefar - i vårt tilfelle glid det yver i den framandætta norskdansen.


Me treng eit norskt daningsideal, men me treng også eit kompetanseumgrep. Det er ikkje slik at den moderne måldaningi gjer byfolk eller andre språkmedvitne. Den moderne måldaningi bind norske former fast til eit unorskt mål og hemmar kjensla av råvelde yver målet. Når ein berre hev nokre former som er norske og som høyrer til i klassisk norsk, kann ein ikkje fullt ut nyttja desse formene i eit

mål med framande røter. Dei som snakkar bymål hev soleis ein tokke av at talet målet deira er mindre verdt enn det normerte bymålet. Det breide bymålet hev ingen grunn til å binda seg upp i ei daning av slikt slag. Det breide bymålet hev samband med bygdemåli. Soleis er det gale å peika på hævskapen til det breide bymålet og setja det opp mot det normerte bymålet. Det breide bymålet er eit vulgærmål andsynes bygdemåli og ikkje andsynes det normerte bymålet.

Det er måldaningi som bygdemåli hev stade for, som skal gjevast auka kompetanse, ikkje bymålet som berre vert drege i gali leid, dersom det freistar vinna fram andsynes det normerte bymålet. Me kjempar akkurat som samnorsktilhengjarane for at folk skal få auka sosial-kompetanse, men me arbeider umfram for at dei også skal få auka nasjonal og kulturell kompetanse.

## Flåmsbanen vert ikkje nedlagd

Av Arne Horge



Då eg kom ut på dørahella um morgonen var lufti still og himmelen grå, og det hadde frosne på der hestane kvelden før hadde trødd upp marki. Det hadde vore huklut og vondt å gå der. Og bonden var sær, for no fraus jordi upp og kom til å smuldre fint når våronni tok til, sa han. Eg var på ferdafot i Aurland i Sogn, og eg visste at eg hadde ein annsam dag framfyre meg. Ved nonsbel var det so vidtast eg var reidug då me laut slengje oss i bilen for at bonden skulde køyre meg til Flåm der eg kunde taka toget heimatt. Til all lukke før bilen som ein vind etter den nye stamvegen. Eg kvidde meg litevettar for å sitja gjerandslaus i timevis på tog og i ventehallar, og difor spurde eg mannen i luka på Flåm um eg hadde stunder til å springa stad kjøpe meg «Bergens Tidende». - Det hadde eg ikkje, meinte han, men dersom eg sprang snøgt, skulde han halde på toget, svara han og smile lurt. - Ja, so fekk eg meg lesestoff.

Jau, dei arbeidde på varnvegslina. Dei bytte ut skinnor. No vettars tid dreiv dei på inne i tunnellane. Det var lognt og godt å vera inne i fjellet um vetteren. No skulde dei heim til Voss.

Seinvoi rugga toget upp dalen, dukka inn i fjellet og kom utatt og gav oss gong på gong nye utsyn mot kvasse kvite tindar, svarte bergsidor, endebratte bjørkelider, her og der gardar, ei elv, og det vart meir og meir snø kring oss etter kvart som me nærma oss Myrdal der Flåmsbanen møter Bergensbanen. Eg kjende suget i magen når eg kunde stire ut glaset og augo først fann feste djupt under toget. Det var som å sigle i lause lufti med NSB. - Mange slike stutte banestubbar er vortne nedlagde i dei siste åri. Eg spurde um dei trudde det kom til å gå den vegen med Flåmsbanen. -

I togvogni sat ein flokk karar i blåe og raudgule arbeidsklede. Dei hadde nok sett Flåmsdalnen mange gonger. Dei tok fram mataskane og kaffiflaskone sine, åt og svalla, skrasla og lo, rulla røyk og vogni vart full av varm blå luft, ein ung ein la seg på setet og sovna og snorka høgt. - Eg laut spørja kva dette var for karar. -

Nei, so lengje turistferdsela held på som ho hadde gjort, var nok denne banen trygg, svara dei.

Og sjølv no på ein grå vetredag hadde me ein turist med oss. Ein neger. Han var ung og grann og godt ferdakledd, og midt millom oss hadde han eit langt sete for seg sjølv, og han hadde tukka seg mot midtgangen, han tykte vel at utsynet frå glaset vart i drjugaste laget, han

Til s. 10

<b>DAG OG TID</b>	Grundige og viktige artiklar slik dei står skrevne Dag og Tid er et viktig vertesne og verdsette Folk skumles ikke Dag og Tid Den lesjende Det harfullt til henne Det handlar Et det ikkje ei slik avis du og vil lese?
<b>DAG OG TID A/S</b>	JA, eg ynskjer 4-tinge Dag og Tid <input type="checkbox"/> 1/1 årstinging kr. 398,- <input type="checkbox"/> 1/2 årstinging kr. 212,- Namn: ..... Adr.: ..... Postnr.: ..... Posisjord: ..... Telefon: ..... Uavhengig vekeavis